

# “Fram fra skjoldets skygge”

Norsk arbeid med kulturellesjonar overfor utlandet  
1945-1973

Ragnhild Eitungjerde Høyvik



Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi, historie,  
kultur- og religionsvitskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Våren 2014



© Ragnhild Eitungjerde Høyvik

2014

**“Fram fra skjoldets skygge”** - Norsk arbeid med kulturrelasjonar overfor utlandet  
1945-1973

Ragnhild Eitungjerde Høyvik

<http://bora.uib.no/>

# Samandrag

Temaet i denne oppgåva er opprettinga av ein norsk institusjon for å fremje norsk kultur og samfunnsliv i utlandet og forvalte Noreg sine kulturelle relasjonar med omverda. Det kontekstuelle bakteppet var avslutninga på to verdskrigar etterfølgd av ein "kald krig" mellom to antagonistiske supermakter. Under desse omstenda var det ei oppfatning av at meir kunnskap om kvarandre kunne føre til auka forståing og tillit landa i mellom.

Oppgåva viser at motivasjonen for å etablere denne institusjonen mellom anna baserte seg på førestillingar om at Noreg hadde særskilte føresetnader for å skape mellomfolkeleg forståing i det internasjonale samkvemmet. Det blir også undersøkt korleis arbeidet med kulturelle relasjonar med utlandet tok til og korleis ein ønskte å organisere dette. Frå visjonar om eit institutt delvis finansiert av det private næringslivet, enda ein i 1950 opp med eit heilstatleg kontor: *Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet*. Dette kontoret, og den verksemda det dreiv, står sentralt i heile oppgåva. Oppgåva kartlegg såleis kva dette kontoret faktisk hadde som verksemd og kva ein ville oppnå med det. Ein viktig del av verksemda var å forvalte internasjonale og bilaterale kulturavtalar med land både aust og vest for jernteppet. I tillegg dreiv kontoret aktivt opplysningsarbeid i utlandet gjennom ulike publikasjonar om Noreg. Oppgåva går nærare inn på begge deler.

Oppgåva syner vidare kva bilete av Noreg ein ønska å formidle til omverda gjennom desse publikasjonane. I analysen av dette er framstillingar av eit naturgjeve demokrati og ei foreining av det tradisjonelle og moderne Noreg sentrale. Til slutt syner oppgåva korleis kontoret vart omorganisert i overgangen til 1970-talet og kva implikasjonar dette hadde. Oppgåva viser at det var ei tidstypisk utvikling i verksemda til dette kontoret. Frå å vektlegge kulturell relasjonar for å bygge tillit mellom statar frå 1950-talet, gjekk ein gradvis over til å prioritere meir strategisk informasjonsarbeid om Noreg ut frå handelspolitiske motiv frå midten av 1960-åra.

# Forord

Det har vore svært interessant å jobbe med denne oppgåva. Eg vil gjerne takke rettleiaren min, Svein Ivar Angell for forslag til spennande prosjekt, god oppfølging og konstruktiv rettleiing. Han har vore ei utømmelig kjelde til informasjon og inspirasjon.

Takk også til alle på samtidshistorieseminaret og til medstudentar på lesesal, kollokviegrupper og i Studentersamfunnet i Bergen. Familien min har vore flinke til å motivere meg. Ein spesiell takk går til pappa for korrekturlesing og hjelp til å klarne tankar og tekst. Til slutt takk til Johannes for presise tilbakemeldingar, motivasjon og fyr i peisen.

Bergen, mai 2014

*Ragnhild Eitungjerde Høyvik*

# Innhald

Samandrag.....	IV
Forord.....	V
Innhald .....	VI
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Tema .....	3
1.2 Problemstillingar.....	4
1.3 Sentrale omgrep .....	5
1.3.1 Omgrep i litteraturen .....	5
1.3.2 Aktørane sine omgrep .....	8
1.4 Forskingslitteraturen .....	9
1.4.1 Nordisk litteratur .....	9
1.4.2 Norsk litteratur .....	10
1.5 Kjelder og metode .....	11
1.6 Oppbygging og kapittelinnføring .....	13
<b>2. Etableringa av Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1945-1950 .....</b>	<b>15</b>
2.1 Innleiing .....	15
2.2 Kvifor kom det ein norsk institusjon for kulturelt samkvem med utlandet?.....	15
2.2.1 Tidlegare innsats på feltet.....	16
2.2.2 Motivasjon.....	19
2.3 Komité til opprettelse av kulturkontoret, 1946-1950 .....	24
2.3.1 Forsøk på delvis privat institutt 1946-1948.....	28
2.3.3 Mot ei heilstatleg løysing 1949-1950 .....	32
2.4 Budsjettvedtak og stortingsdebatt 1950: Rasjonalisering og effektivisering?.....	33
2.5 Organiseringa: statleg, men frittstående.....	35
2.6 Konklusjon .....	37
<b>3. Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1950-1966.....</b>	<b>39</b>
3.1 Innleiing .....	39
3.2 Kontoret og sjølvforståinga .....	40
3.2.1 Få tilsette, mange oppgåver og små midlar?.....	40
3.2.2 Utvikling i legitimeringa av Kontoret .....	41
3.2.3 Det store mangfaldet i oppgåvene.....	43
3.3 Verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt .....	46
Kulturavtalar .....	46
3.4 Verksemd for å skape velstand, demokratisering og utvikling.....	55
3.4 Å vise fram den norske samfunnsmodellen .....	59
3.5 Konklusjon .....	62
<b>4. Noregsbileta – framstillingar av Noreg i utlandet 1950-73 .....</b>	<b>63</b>
4.1 Innleiing .....	63
4.2 Demokratilandet: fridom, omfordeling og fred.....	66
4.2.1 Naturen som premissleverandør.....	66
4.2.2 Kulturnasjonen.....	71
4.2.3 Fredsnasjonen.....	74
4.3 Motstridande framstillingar: Ei konflikt mellom det moderne og det tradisjonelle.....	80
4.3.1 Nedarva tradisjon?.....	83
4.3.2 Noreg som moderne.....	85
4.5 Konklusjon .....	86
<b>5. Frå kulturelle relasjonar til Noregsinformasjon 1967-1973 .....</b>	<b>88</b>

5.1 Innleiing .....	88
5.1.2 Bakteppe: informasjonsdiskurs og nye handelspolitiske vurderingar.....	89
5.2 Kontoret blir avdeling 1967 .....	91
5.2.1 Informasjon det nye tyngdepunktet.....	93
5.3 Frå Kulturavdeling til Presse- og kulturavdeling 1972/73 .....	96
5.4 Konklusjon .....	101
<b>6. Avslutning.....</b>	<b>103</b>
<b>Litteratur .....</b>	<b>107</b>
<b>Kjelder .....</b>	<b>113</b>
Trykte kjelder.....	113
Utanriksdepartementet sitt arkiv.....	114
Riksarkivet.....	115
Stortingsforhandlingar.....	115
<b>Abstract .....</b>	<b>117</b>

## 1. Innleiing

Den 10. mai 1950 vedtok Stortinget å etablere "Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet" – heretter kalla "Kontoret". Initiativet kom frå Utanriksminister Halvard Lange, som i 1946 sette ned ein komité til å greie ut om korleis ein slik institusjon kunne etablerast i Noreg. Kontoret vart eit statleg, frittstående organ under Utanriksdepartementet, etter at delprivate løysingar hadde vorte vurderte. Oppgåvene til Kontoret var å forvalte Noreg sine kulturelle relasjonar med utlandet. Dei viktigaste sidene ved dette var å inngå i og forvalte bilaterale kulturavtalar som sikra at Noreg tok del i studentutvekslingar, professorutvekslingar og andre kulturutvekslingar og besøk. Slik skulle enkeltpersonar og grupper få førstehandskunnskap om Noreg og bli gode ambassadørar i sine heimland, og nordmenn skulle ta med seg ny kunnskap og nye idear heim. Noreg hadde i 1971 kulturavtalar med 21 land.

Vidare forvalta Kontoret samarbeid med internasjonale organisasjonar som UNESCO (FN sin organisasjon for undervisning, vitskap og kultur), kultursektoren i NATO og Europarådet. Kontoret skulle også gjere Noreg kjend som kulturnasjon. Gjennom å arrangere og gje økonomiske bidrag til konsertar, utstillingar, teater, folkedans og filmframsyningar i andre land, og å gi ut tidsskrift, informasjonsbøker- og brosjyrar, skulle ein gjere verda kjend med norsk kultur.

### *Kulturrelasjonar i historisk og vitskapeleg kontekst*

Det at statar prøver å gjere kulturen sin kjend rundt om i verda, er eit vanleg fenomen i dag, men det har også ei historie som strekker seg langt tilbake. Det tidlege "diplomatiet" var ikkje mellom nasjonsstatar, men kulturar. Keltarane sende barna sine til oppfostring hjå nabofolk for å lære deira levesett, og i antikken prøvde ein å selje eit positivt bilete av staten til omverda for å skape dialog med andre folk.<sup>1</sup> Fleire andre kulturar og statar har freista å spreie eigen kultur – med nokså ulike motiv. For nokre har det vore demonstrasjon av makt og styrke, for andre har motivet vore å sivilisere framande kulturar. Jesuittane spreidde vestleg tankegang i Kina på 1500-talet, og seinare, under

---

<sup>1</sup> Richard T. Arndt (2005) *The First Resort of Kings: American Cultural Diplomacy in the Twentieth Century*



Ludvig XIV, spreidde dei fransk språk og kultur. Napoleon heldt fram med å spreie fransk utdanning og lovsystem i Italia og Tyskland.<sup>2</sup>

Etter første verdskrigen kom eit viktig skilje på dette området. Statar byrja då å institusjonalisere arbeidet for kulturelle relasjonar med utlandet. Frankrike var først ut i 1923 med ei avdeling i utanriksdepartementet kalla *Relations culturelles et oeuvres françaises à l'étranger* (Franske kulturelle relasjonar og arbeid i utlandet) som skulle spreie fransk kultur og språk gjennom intellektuelle relasjonar.<sup>3</sup> Etter kvart som nazismen breidde om seg, vart Frankrike og Storbritannia einige om å demme opp for propagandaen frå dei som snart vart kalla aksemaktene. Storbritannia etablerte sitt *British Council (for relations with other countries)* i 1934 og byrja snart å opprette kontor i utlandet.<sup>4</sup>

Tyskland etablerte *Deutsche Akademie* i 1925, under Weimarrepublikken. Akademiet sentralisere og intensivere arbeidet med kulturelle relasjonar med utlandet. Etter at Hitler kom til makta i 1933, vart institusjonen sterkt farga av nazi-ideologi og vart ein del av rikspropagandaapparatet.<sup>5</sup> Kulturpolitikken retta mot utlandet vart oppfatta som avgjerdande for å vinne krigen, og *Deutsche Akademie* fekk difor mykje støtte i krigsåra. Akademiet vart nedlagd i 1945, men gjenoppstod i 1951 under namnet det i dag er kjend for, *Goethe-Institut*. Det var likevel ein sterk kontinuitet frå *Deutsche Akademie*, særskild gjennom personalet.<sup>6</sup>

For andre totalitære statar var det også viktig å promotere seg og inngå i kulturelle relasjonar med utlandet. Sovjetunionen etablerte *Det all-sovjetiske selskap for kultursamband med utlandet* (VOKS) i 1925 og dreiv aktivt med kulturutvekslingar med andre land. Under den kalde krigen vart projisering av kultur særskild viktig i den sovjetiske utanrikspolitikken.<sup>7</sup> I 1926 etablerte Italia *Istituto Nazionale di Cultura*

---

<sup>2</sup> Gienow-hecht m. fl *Searching for a cultural diplomacy* (2010) s.17

<sup>3</sup> Blant personalet kunne ein finne Claude Levy-Strauss, Michel Foucault og Roland Barthes. Det eksisterte dessutan allereie eit privat initiativ, *Alliance Française*, frå 1883. Arndt (2005) s. 37-38

<sup>4</sup> Arndt (2005). s 38 denne siste delen i namnet vart kutta ut i 1936.

<sup>5</sup> På denne tida vart propagandaen institusjonalisert, og den vart svært sentral under krigen. Leiaren frå 1939-1942, Ludwig Siebert, var statsminister i nazi-Bayern. Akademiet utvida frå å drive 45 til 250 skular rundt om i verda etter krigsutbrotet, med ei auke i personale frå 100 til 1000 og med eit enormt budsjett (9mill. riksmark) *Deutsche Akademie* [http://www.historisches-lexikon-bayerns.de/artikel/artikel\\_44466#10](http://www.historisches-lexikon-bayerns.de/artikel/artikel_44466#10) (nedlasta 19.mars, 2014)

<sup>6</sup> Franz Thierfelder var t.d. generalsekretæren både frå 1926-1937 og frå 1945

<sup>7</sup> Cull, Nicholas(2008) *The cold war and the United States Information Agency* (Cambridge University Press) s. 9-10. 1958 gjekk VOKS over til å bli ein slags venskapsorganisasjon for kulturutvekslingar.

*Fascista* som skulle spreie og beskytte fascistisk og italiensk kultur heime og i utlandet.<sup>8</sup> Dette vart nedlagd i 1943 då Mussolini vart fjerna, men etter krigen vart det i fleire land etablert *Istituto Italiano di Cultura*.<sup>9</sup> Formålet var å spreie italiensk kultur og språk og utvikle intellektuelle relasjonar med utlandet.<sup>10</sup>

I Danmark etablerte filantropen Folmer Wisti *Det Danske Selskab* i 1940. Dette var ei privat stifting med statsstøtte som skulle drive kulturutveksling og ”dialog fremfor propaganda”.<sup>11</sup> Då Danmark vart okkupert av nazistane, var det lite rom for å drive med sjølvstendig utanriks- eller handelspolitikk. Det sterke fokuset på å styrke dansk kultur kan lesast inn i denne konteksten. Det har blitt hevda at etableringa av *Det Danske Selskab* var eit døme på politisk motstand mot okkupasjonen, om enn ikkje eksplisitt.<sup>12</sup>

Eit nytt skilje kom med den nye verdsordninga som vaks fram etter andre verdskrigen. Sverige, og særleg eksportnæringa der, fekk behov for å forklare nøytralitetspolitikken under krigen overfor sigerherrane og oppretta i 1945 *Svenska Institutet*. Dette vart eit semi-offentleg institutt der medlemmer frå næringslivet, spesielt eksportsektoren, var representerte i styret og bidrog til budsjettet.<sup>13</sup> Oppgåvene var å promotere Sverige økonomisk, politisk og kulturelt. *United States Information Agency* vart etablert i 1953 men hadde institusjonelle røter tilbake til slutten på andre verdskrigen.<sup>14</sup>

Det var i denne internasjonale konteksten at planane om det norske kontoret også vart til.

## 1.1 Tema

Når ein skal studere Noreg sitt arbeid for å inngå i kulturelle relasjonar med andre land, er verksemda til ”Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet” ein godt utgangspunkt. Kontoret vart etablert som del av Utanriksdepartementet i 1950 for å forvalte nettopp

---

<sup>8</sup> Treccani.it [http://www.treccani.it/enciclopedia/fascismo\\_res-597f3c63-8b74-11dc-8e9d-0016357eee51\\_\(Enciclopedia-Italiana\)/#istitutonazionalediculturafascista-1](http://www.treccani.it/enciclopedia/fascismo_res-597f3c63-8b74-11dc-8e9d-0016357eee51_(Enciclopedia-Italiana)/#istitutonazionalediculturafascista-1) (nedlasta 20.mars 2014)

<sup>9</sup> I Oslo kom eit slikt institutt i 1952

[http://www.iicoslo.esteri.it/IIC\\_Oslo/Menu/Istituto/Chi\\_siamo/Storia/](http://www.iicoslo.esteri.it/IIC_Oslo/Menu/Istituto/Chi_siamo/Storia/) (nedlasta 20.mars 2014)

<sup>10</sup> Traclò, Francesca (Forskingsleiar) *Gli Istituti Italiani di Cultura per la promozione del Brand Italia. Un nuovo modello di relazioni per promuovere il sistema-Paese*, Rapport, [http://www.fondazionerosSELLI.it/DocumentFolder/Rapporto\\_IIC\\_Fondazione\\_Rosselli\\_def.pdf](http://www.fondazionerosSELLI.it/DocumentFolder/Rapporto_IIC_Fondazione_Rosselli_def.pdf) (nedlasta 20.mars 2014)

<sup>11</sup> Christiansen (2009) *Grænseløs kulturudveksling*, Aristo, cover

<sup>12</sup> Glover, Nicholas (2011) *National relations – public diplomacy, national identity and the Swedish Institute 1945-1970* s. 29

<sup>13</sup> Glover (2011) s. 33

<sup>14</sup> Glover (2011) s. 8

kulturelt samkvem med utlandet. Kontoret gjekk under ulike namn, men det er *Kulturkontoret* som går igjen som det mest brukte uttrykket. Avisene kalla ved fleire høve Kontoret for "kontoret med det lange navnet".<sup>15</sup> Redaktøren i bladet "Nytt fra Norge", som vart distribuert gjennom Kontoret, lovde eit eittårs-abonnement på bladet til den som kunne finne på eit meir brukbart namn.<sup>16</sup> Eg vil nytte både Kontoret og Kulturkontoret alt etter samanhengen.

Kontoret jobba med kulturelle relasjonar, det vil seie med utveksling av norsk kultur i utlandet og utanlandsk kultur i Noreg. Det sistnemnde handla mest om å legge til rette for og samarbeide med tilsvarande institusjonar i andre land. I denne oppgåva skal vi sjå på arbeidet med å fremje norsk kultur i utlandet. Utlandet vil likevel ha ei rolle i kva førestillingar ein trudde dei hadde om Noreg, og korleis det prega bileta Noreg formidla til omverda.

I 1967 vart Kontoret til gjort om til *Kulturavdelinga* i Utanriksdepartementet og slik knytt tettare til departementsstrukturen. I 1972 vart Kulturavdelinga slått saman med Utanriksdepartementets presseteneste. Namnet vart då *Presse- og kulturavdelinga*. Strukturen slik han var i 1950, vart dermed ståande fram til 1972. Organiseringa av Kontoret er slik ein måte å ramme inn oppgåva på. Mot 1972 vart også innhaldet i verksemda endra. Førestillingar om at Noreg var ukjend i omverda, og at utlandet hadde eit skeivt bilete av landet slo rot. Kulturell relasjonar vart difor tona ned til fordel for å drive generell informasjon om Noreg. Slik rammar også innhaldet i verksemda til Kontoret inn oppgåva. Hypotesen eg vil jobbe ut i frå, er at verksemda gjekk frå å vektlegge kulturell relasjonar primært for å bygge tillit mellom statar, til gradvis å handle om strategisk Noregsinformasjon med meir økonomiske motiv frå midten av 1960-talet.

## 1.2 Problemstillingar

Hovudspørsmålet i denne oppgåva vil vere *korleis arbeidet med norsk offentleg kulturdiplomati gjekk føre seg frå 1945 til 1973*. Kva var mål og motivasjon for å starte opp Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet i 1950, og korleis vart Kontoret organisert? Kva gjekk verksemda til Kontoret ut på? Kva bilete prøvde ein å skape av Noreg i utlandet, og var det endringar i dette biletet gjennom perioden denne oppgåva

---

<sup>15</sup> UD 1A15 Foredrag av kontorets personale, "Vi ser på arbeidet ikke som en jobb, men som en oppgave" intervju med midlertidig leiar Arvid Sveum, Morenbladet 20/1 1962

<sup>16</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Blomsterdokteren på kulturbeitet" Arbeiderbladet 17/4 1958

tek føre seg? Til slutt, kvifor og korleis vart Kontoret omorganisert på slutten av 1960-talet, og kva var implikasjonane av dette?

## 1.3 Sentrale omgrep

### 1.3.1 Omgrep i litteraturen

#### *Public diplomacy, Soft Power og Nation Branding*

I litteraturen har det blitt nytta ulike omgrep for å karakterisere kultursamkvem. Omgrepet *public diplomacy* kom i følgje historikar Nicholas Cull frå USA i 1965. Vietnamkrigen, den kalde krigen og borgarrettsrørsla gjorde det nødvendig for landet å fortelje si historie til omverda. Og den måtte nå ut til *folket* i landa, ikkje berre styresmaktene.<sup>17</sup> Å påverke opinionen i andre land kunne ha positive følgjer på fleire samfunnsfelt. *Public diplomacy* er knytt til det å overtale andre til å meine det ein vil dei skal meine, å påverke andre land si oppfatning av eige land gjennom å vende seg direkte til folket. Omgrepet *New public diplomacy* vart særleg aktuelt etter 11. september 2001, då ein såg eit aukande internasjonalt fokus på statar sin moral. Det vart viktig å bruke makt på nye måtar. Noko av tankegangen bak *New public diplomacy* er å ta i bruk kulturen og verdiane til nasjonen for å fremje nasjonale eigeninteresser og å gjere nasjonen attraktiv for til dømes investorar og turisme. I dette omgrepet blir kultur òg tillagt ein eigenverdi utover det å vere ei promoteringreiskap.<sup>18</sup>

For å fremje si *kulturelle* tiltrekkingskraft må statar bruke *soft power*. Dette omgrepet kjenner vi mellom anna gjennom Joseph Nye. Han bruker *soft power* om den makta ein stat har utover den politiske, økonomiske og militære. Han hevdar slik makt er like viktig som annan makt i utanrikspolitikken. *Soft power* handlar om å forme andre sine preferansar: "getting others to want the outcome you want".<sup>19</sup>

*Nation branding* handlar om å endre biletet omverda har av ein nasjon. Omgrepet kjem frå merkevarebyggingskonsulentar som på 1990- og 2000-talet tilbydde seg å rettleie statar i ei verd med ein stadig aukande konkurranse. *Nation branding* har fleire likskapstrekk med vanleg merkevarebygging og handlar om å fremje salspotensialet til

---

<sup>17</sup> Cull, (2008) The United States Information Agency vart oppretta i 1953 for å "tell America's story to the world" s. xiv-xv

<sup>18</sup> Angell (2010) Norges nasjonspromotering – mellom nation branding, cultural diplomacy og økonomisk nasjonalisme, *Den jyske historiker* nr. 126, Desember, s. 45

<sup>19</sup> Han brukar ein metafor frå spelverda om at korta ein har på hand kan endre verdi. Nye, Joseph (2004) *Soft power: the means to success in world politics* (New York: Public Affairs), s. 4-7

ulike produkt frå dei enkelte landa – i *Nation branding*-prinsippet er det ingen vesensforskjell i å "brande" ein brus og ein nasjon.<sup>20</sup>

Omgrepa *new public diplomacy*, *soft power* og *nation branding* skriv seg i hovudsak frå tida etter den kalde krigen. Dei er sentrale omgrep frå vår tid som karakteriserer det temaet vi skal sjå på. I oppgåva skal vi gå historisk til verks og sjå på *kulturdiplomati* si rolle.

### **Cultural diplomacy - kulturdiplomati**

Dette omgrepet har etter kvart fått ei stor merksemd ved at det er del av ein internasjonalt veksande forskingsfelt. Men forskarar brukar omgrepet *cultural diplomacy* nokså ulikt, og det kan vere vanskeleg å få tak i kva som er innhaldet i det. Historikar Jessica Gienow-Hecht hevdar det har vore mindre fokus på kulturdiplomati fordi ein har prioritert å forske på det tradisjonelle diplomati.<sup>21</sup> I antologien *Searching for a Cultural Diplomacy* viser ho og medforfattarane korleis omgrepet blir brukt i svært ulike kontekstar.<sup>22</sup> Stormaktene USA og Sovjetunionen sin bruk av kultur og misbruk av kultur som propaganda under den kalde krigen har primært vore tema for dette forskingsområdet. Denne forma for kulturdiplomati var også, i alle fall for USA sin del, den mest brukte fram til midten av 1960-talet. Dette har prega den overordna forståinga av fenomenet, og omgrepet har i ettertid blitt assosiert med politisk manipulasjon.<sup>23</sup>

Den danske historikaren Marianne Rostgaard bruker det ho kallar ein standarddefinisjon, som lét slik: "den utveksling av ideer, viden, kunst og andre aspekter af kulturen mellem stater og befolkninger for at udvirke gensidig forståelse."<sup>24</sup> Ho legg sjølv til at kulturdiplomati skal skape mellommenneskelege relasjonar og forståing gjennom felles kulturelle og kunstnariske opplevingar.<sup>25</sup> Hjå den russike historikaren Anastasia Kasiyan vert omgrepet tillagt ein propagandaeffekt: "Kulturdiplomati er et statlig instrument for å oppnå politiske, diplomatiske og propagandistiske mål ved hjelp

---

<sup>20</sup> Angell (2010) s. 42, Angell & Mordhorst (2014) National reputation management and the competition state, *Journal of cultural economy* s. 4

<sup>21</sup> Gienow-Hecht m.fl (2010) *Searching for a Cultural Diplomacy*, Jessica C. E. Gienow-Hecht and Mark C. Donfried (red.) (London, New York: Berghahn Books)s. 2

<sup>22</sup> Gienow-Hecht m. fl (2010) s.4 Det er også på veg ein antologi om kulturdiplomati i dei nordiske landa: Nikolas Glover et. al. (eds.) *Small states and foreign publics: Histories of public diplomacy in northern Europe* Next, Brill Publisher

<sup>23</sup> Gienow-Hecht m. Fl (2010) s.4, Rostgaard, Marianne (2011) Dansk kulturdiplomati ovenfor Østblokken ca. 1960-1972, *Dansk historisk tidsskrift*, Vol. 111, Nr. 2, s.482-483

<sup>24</sup> Rostgaard (2011) s. 483, Michael C. Cumming sin definisjon gjengitt av Uffe Andreasen. I mange land har kulturdiplomati vorte rekna som *arts diplomacy*, altså det som angjekk kunsten, Rostgaard s. 495

<sup>25</sup> Rostgaard (2011) s. 483

av "eksisterende eller særskilt etablerte kulturelle, offentlige og vitenskapelige forbindelser." Med dagens politiske terminologi tek ho med eit tilleggsaspekt, der kulturdiplomati er ei form for *soft power*, "som ved hjelp av kontakter innenfor blant annet kulturen og vitenskapene har som sin hovedoppgave å bidra til at staten får løst sine oppgaver på den internasjonale arena."<sup>26</sup> Å bruke dagens politiske terminologi blir noko ahistorisk.

I denne oppgåva blir kulturdiplomati forstått som ein måte å utveksle idear, kunst og vitskap for å skape mellomfolkeleg forståing, men også som ein måte å drive ei form for marknadsføring eller profilering av eigen nasjon.

### *Propaganda og informasjon*

"We do not advertise the British Empire". Dette skal ha vore svaret Sir Francis Lindley, britisk minister i Oslo, fekk då han spurde Foreign Office kvifor dei ikkje sende føredragshaldarar til Noreg, slik til dømes Tyskland gjorde.<sup>27</sup> Dette var på 1920-talet.

Under den første verdskrigen hadde begge sider i krigen stempla nyhende og meiningar som favoriserte motparten som "fiendtleg propaganda". Konnotasjonane til ordet propaganda blei slik i stor grad negative, og omgrep som *education*, *public relations* og *publicity* vart tekne i bruk i staden. Negative assosiasjonar gjorde seg i enda større grad gjeldande under Hitler sitt tredje rike. Der synte propagandaminister Joseph Goebbels den enorme gjennomslagskrafta moderne propagandametodar kunne ha.<sup>28</sup>

Propaganda kan vi definere som medvitne og systematiske forsøk på å forme oppfatningar, manipulere tankar og direkte handling for å oppnå ein respons som fremjar føremålet til propagandisten.<sup>29</sup>

Etter krigen vart *informasjon* meir nytta for å skildre denne type relasjonar. Den første rapporten om informasjonshandtering i det norske embetsverket vart publisert i 1962, og i 1965 var *Statens informasjonsteneste* oppretta.<sup>30</sup> Dette kan hevdast å vere del i

---

<sup>26</sup> Definisjon frå Golubev 2004: 5–6; Sjmagin 2008: 14, Kayistan s. 161

<sup>27</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev datert 4.oktober 1948 s 1. Sir Linley var minister, noko tilsvarende ein ambassadør, for Foreign Office i Oslo frå 1923 til 1929.

<sup>28</sup> Då amerikanarane i 1938 skulle få *cultural diplomacy* inn i statsapparatet, ville dei unngå eit kvart spor av propaganda. Dei var redde for folk ville tolke budskapet som "the Big Lie" frå styresmaktene. Oppfatninga til både dei britiske, amerikanske og franske styresmaktene var at den løgnaktige propagandaen frå nazismen og fascismen vann terreng, og at dei måtte utveksle sann informasjon for å nedkjempe denne. Richard T. Arndt (2005) s. Xi-xii og 38

<sup>29</sup> Allern (1997) *Når kildene byr opp til dans*, s. 62

<sup>30</sup> Angell (2014b) Representing Norway in the post war period – The Office for Cultural Relations, forthcoming in Nikolas Glover et. al. (eds.) *Small states and foreign publics: Histories of public diplomacy in*

ei gradvis institusjonalisering av informasjonsarbeid som fann stad i etterkrigstida.<sup>31</sup> Informasjonsomgrepet vart særleg brukt frå 1960-talet og vart oppfatta å representere noko meir truverdig enn propaganda. Når myndigheiter eller offentlege etatar var avsendar, oppstod det eit ideologisk behov for at framstillingar skulle vere sanne.<sup>32</sup> Ein definisjon på informasjon kan vere bodskapar som gjer det lettare for folk å forstå verda rundt seg, som reduserer usikkerheit og gir mottakaren betre grunnlag for å handle.<sup>33</sup>

### 1.3.2 Aktørane sine omgrep

#### *Kultursamkvem*

Omgrepa over kan nyttast som analyseverktøy for å studere den kulturelle verksemda til Kontoret. I Noreg brukte aktørane omgrep som kultursamkvem, kulturutveksling og kulturelle relasjonar. Dei hadde ei brei og situasjonsbestemt forståing av omgrepet. Kjernen som låg til grunn frå opprettinga og fram til midten av 1960-talet var "det samkvem mellom landene, den utveksling over landegrensene som ikke hoversakelig er av politisk, økonomisk eller militær art."<sup>34</sup> Dette kan sjåast som ein deskriptiv definisjon, kor det Kontoret til ei kvar tid gjorde vart rekna som kultur. "Kultur i snever forstand" vart definert som "de skjønne kunster". Det betydde biletkunst, musikk, teater, litteratur og dans.<sup>35</sup> Omgrepet kulturdiplomati vart så smått teke i bruk av aktørane på 1960-talet og vart nytta i ei stortingsmelding på 1980-talet. Elles brukte ein av og til "personlig diplomati."<sup>36</sup>

Ei stortingsmelding frå 1967 om drifta ved Kontoret ser tilbake på opprettinga, der det vart hevda at "De mennesker som har tilbrakt en utbytterik og lykkelig tid i vårt land, blir våre beste ambassadører i sine hjemland".<sup>37</sup> Dette vitnar om ei tru på at

---

*northern Europe Next*, Brill Publisher s. 20-21, Finans- og tolldepartementet 1962: Statens informasjonstjeneste. Innstilling fra informasjonsutvalget, Oslo

<sup>31</sup> Sataøen, Hogne Lerøy (2011) Frå folkeopplysning til omdømmehandtering? Om institusjonalisering og profesjonalisering av informasjons- og kommunikasjonsarbeid i norske sjukehus, s.58

<sup>32</sup> Allern (1997) s. 65-66. Propagandaomgrepet vart likevel nokre gonger brukt i samband med Kontoret si verksemd, helst i samband med korrespondansar med næringslivet eller media.

<sup>33</sup> Definisjonen føreset at både sendar og mottakar aksepterer bodskapen som ei nøktern opplysning, ikkje som eit forsøk på påverknad eller overtydning. Kor vidt ei opplysning er nøktern eller ikkje, blir ei subjektiv vurdering, som i praksis vil vere påverka av ideologiske førestillingar. Nøkkelen ligg altså i om bodskapen blir oppfatta som eit forsøk på påverknad eller ikkje. Det kan hevdist at informasjon og *public relations* og liknande omgrep eigentleg berre var eufemismar for propaganda. (Allern (1997) s. 60-62)

<sup>34</sup> St.meld nr. 78 1956 s. 3

<sup>35</sup> St.meld. nr.63 1960-61 s. 3

<sup>36</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Christophersen i intervju med Vårt Land, 5.april 1960, "UD's kultursjef om kultur-diplomati?"

<sup>37</sup> St.meld nr 77, 1966-67, s. 8

kulturutvekslingar kunne vere med på å gi eit godt bilete av Noreg i utlandet. Dette, vart det sagt, kunne kome både næringslivet og politiske forhandlingsposisjonar til gode, i tillegg til at det kunne skape godtru mellom landa. Denne tanken om ei tilbakeverkande effekt ved kultursamkvem vart også formulert av Odd Hølaas, som gjorde mykje av forarbeidet og fann namn til Kontoret. Han la i omgrepet kulturelt samkvem "at man ved kulturelle midler, bøker, publikasjoner, film og foredrag, utsendte foredragsholdere, musikk og utstillinger, driver et opplysningsarbeid som på mangfoldige områder kan tjene Norges interesser i utlandet."<sup>38</sup>

## 1.4 Forskingslitteraturen

### 1.4.1 Nordisk litteratur

Jamvel om det ikkje er skrive noko særleg om kulturdiplomati Noreg dreiv med før ca. 1990, har det etter kvart kome omfattande studiar av tilsvarande institusjonar i nabolanda Sverige og Danmark. Desse var ulikt organiserte. I Sverige vart Svenska Institutet som nemnd oppretta i samarbeid med næringslivet for å rette opp biletet av Sverige etter det eksportnæringa meinte var ein feilslått nøytralitets-politikk. Det vart slik eksplisitt knytt til eksport og økonomi. I Danmark vart Det danske Selskab etablert for å drive eit reint filantropisk kulturutvekslingsprosjekt, kor staten ikkje gjorde anna enn å støtte økonomisk.

Forfatternen av *National Relations – Public diplomacy, national identity and the Swedish Institute 1945-1970*, Nikolas Glover, karakteriserer den svenske verksemda som *public diplomacy*.<sup>39</sup> Han handsamar same tidsperiode som denne oppgåva gjer, og tek opp fleire spørsmål som er relevante å stille om den norske verksemda. Boka *Grænseløs kulturudveksling – det danske kulturinstitut i 70 år*, skrive av Niels Finn Christiansen fortel om Det Danske Selskab med sitt filantropiske kultur-utvekslingsprosjekt, kor politikk og økonomi skulle haldast utanfor, og kultursamkvemmet skulle vere det sentrale.<sup>40</sup> Denne verksemda ligg nærmare kulturdiplomati, og vart hevda å ikkje ha anna agenda enn å gjere dansk kultur kjend for omverda og fremje fred og respekt.<sup>41</sup> Men frå 1960-talet dreiv Danmark gjennom Udenriksministeriet i aukande grad med

---

<sup>38</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret: brev frå Hølaas 4.oktober 1948

<sup>39</sup> Glover (2001) s. 11

<sup>40</sup> Glover (2011) s. 34

<sup>41</sup> Christensen (2009) s. 12-13



statleg kulturdiplomati. Marianne Rostgaard har skrive om dansk offentleg kulturutveksling med austblokka og Danmark si rolle i den kontinuerlige debatten mellom landa i vest om kva strategi ein skulle velje for kulturdiplomati. I motsetnad til USA og Storbritannia ville ikkje Danmark setje krav om *fri* flyt av informasjon i kulturavtalane med austblokka; dei ville heller satse på *friare* flyt, slik at kulturutveksling kunne vere ei brekkstang som sakte, men meir sikkert opna døra i aust.<sup>42</sup>

Desse studiane gjev grunnlag for hypotesedanningar også på det norske feltet. Både politikarar og komiteen for oppretting av Kontoret var opptekne av å samanlikne Noreg med nabolanda og var innstilte på å følgje mønstera til dei svenske og danske institusjonane.<sup>43</sup> Det norske Kontoret enda opp med ei organisering som skilde seg frå begge nabolanda. Vidare oppstod dei tre skandinaviske institusjonane i svært ulike kontekstar: Det danske ved inngangen til andre verdskrigen, det svenske ved utgangen, og det norske fem år inn i etterkrigs- og gjenreisingstida. Slik hadde dei både ulike motivasjonar og ulike premiss for å starte opp.

#### 1.4.2 Norsk litteratur

Det finst svært mykje litteratur om Noreg si utanrikspolitiske historie. I 1997 kom det ut ein serie på seks bind som dekkja dette feltet frå mellomalderen til 1995. Blant forfattarane finn vi Helge Pharo, Knut Einar Eriksen og Rolf Tamnes, som har skrive mykje om utanrikspolitikk i etterkrigstida også elles. Den utanrikspolitiske litteraturen dannar eit bakteppe for denne oppgåva.

Svært lite av den historiske forskinga på feltet handlar om det norske arbeidet med *kulturrelasjonar*. I nyare tid har det likevel kome nokre bidrag.<sup>44</sup> Ein historikar som har byrja å kartlegge feltet i Noreg er Svein Ivar Angell. Han har skrive nokre artiklar som dekker perioden denne oppgåva strekker seg over, i tillegg til ein del om fenomenet nasjonspromotering i nyare tid. Han har mellom anna sett fokus på norsk sjølvrepresentasjon i etterkrigstida og kva bilete Noreg formidla til omverda. Han har

---

<sup>42</sup> Rostgaard (2011) s. 508

<sup>43</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret: brev frå Odd Hølaas 4. oktober 1948

<sup>44</sup> Russiske Anastasia Kasiyan har gjennom Universitetet i Tromsø skrive ein artikkel om kulturelle relasjonar mellom Noreg og Sovjet under den kalde krigen. Her gir ho eit konkret døme på *privat* kulturutveksling gjennom eit case. Kasiyan (2013) Kulturdiplomati under den kalde krigen: norske kvinner på besøk i USSR sommeren 1955, *Nordisk Østforum nr. 2*

tolka budskapet i eit utval av Kontoret sine publikasjonar og funne fellestrekk i desse. Her har han gjort nokre analyser som denne oppgåva vil teste og søke å justere. Han koplar den norske sjølvpresentasjonen og arbeidet med kulturelle relasjonar med andre land til Noreg sine band til USA og til ei ny, samfunnsvitskapeleg orientering i akademia i etterkrigstida. Han meiner også både skipinga av Kontoret og verksemda må sjåast i samanheng med det som har blitt kalla den norske fredstradisjonen.

Angell hevdar omgrepet fredstradisjon har blitt særleg knytt til den norske engasjementspolitikken i 1970-åra.<sup>45</sup> Det har etter kvart kome ein diskusjon om kor vidt slik politikk har representert ein raud tråd langt tilbake i tid, eller om engasjementet for folkerett, fred og mellomfolkeleg forståing mest var retorikk. Olav Riste hevdar at engasjementet sprang ut av ein "misjonærimpuls" og at det var relativt kostnadsfritt for Noreg å agitere for fredsbygging samanlikna med større og mektigare land. Mot dette har det blitt hevda at ein må sjå fredstradisjonen som ein integrert del av utanrikspolitikken også historisk sett. I dette perspektivet var appellane for mellomfolkeleg forståing uttrykk for ei vurdering av norske interesser. Også det norske bistandsarbeidet i etterkrigstida har blitt sett i dette lyset.<sup>46</sup> Det har blitt hevda at det har vore eit aksiom i norsk utanrikspolitikkk at små statar i det lange løp var best tent med ein forpliktande internasjonal rettsorden.<sup>47</sup>

Fredsnasjonsomgrepet har vore både dynamisk med omsyn til innhald og fleirdimensjonelt med omsyn til kva som låg til grunn for engasjementet.<sup>48</sup> Det dynamiske og fleirdimensjonelle aspektet ved fredsnasjonen er særskilt relevant i denne oppgåva, då fredsbiletet var ein viktig del av framstillingane av Noreg i utlandet.<sup>49</sup>

## 1.5 Kjelder og metode

Då denne oppgåva tek føre seg eit statleg kontor, er det først og fremst skriftlege kjelder frå Utanriksdepartementet og stortingsforhandlingane som kastar lys over tema.

---

<sup>45</sup> Angell (2014a) «'Norges omdømme som kulturland er høyt'» - Innhogg i norsk sjølvpresentasjon.» *Arr. Idehistorisk Tidsskrift*.s. 3,s. 99, Tamnes (1997) del IV

<sup>46</sup> Angell (2014a) s. 99, Svenbalrud, (2012), 38.

<sup>47</sup> Eriksen og Pharo (1997), *Kald krig og internasjonalisering* (1997) s. 17

<sup>48</sup> Rowe, Lars (2005) Et propagandistisk alternativ til diplomati sovjetisk utenrikspolitik og Fredsfronten i Norge, *Historisk tidsskrift nr2/2005*

<sup>49</sup> Ved at fredstanken har blitt oppfatta som ein grunnleggande nasjonal verdi, har det blitt hevda at fredstanken også har blitt ein del av det kollektive medvit hjå nordmenn – eit nasjonalt sjølvbilet. Både engasjementspolitikken og det at Noreg ikkje har fortid som kolonimakt blitt knytt til dette. Pharo, s. 244-245. Under opprettinga av Kontoret i 1950 vart det hevda at Noreg ikkje ville bli mistenkt for å ha baktankar med kulturelle framstøyt, slik tidlegare kolonimakter kunne bli. St.meld nr. 78 1956 s.2

Kontoret kom jamleg med stortingsmeldingar som fungerte som rapportar for drifta. Desse kom høvesvis i 1956, 1961, 1967 og 1973. Dei går kategorivis gjennom alt Kontoret føretok seg, frå handtering av kulturavtalar, nordiske kulturorgan, utvekslingar, stipend, kulturarrangement og liknande. Desse har eg først og fremst brukt for å kartlegge *verksemda* til Kontoret. I tillegg var det her betraktningar over Kontoret si rolle i utanrikspolitikken, visjonar for verksemda vidare og presentasjonar av Kontoret sin historiske bakgrunn. Eg meiner difor meldingane også kan tolkast inn i ein kontekst der dei skulle legitimere Kontoret – og eventuelle aukingar i budsjettet – overfor Stortinget.

Referat frå forhandlingar i Stortinget inneheld ordskipfte om ulike sider ved opprettinga og drifta ved Kontoret.<sup>50</sup> Eg har først og fremst brukt stortingsordskipfta for å undersøke korleis norske politikarar vurderte dette arbeidet. Dette inneber å finne kor vidt det var politisk kontrovers, både under opprettinga og seinare, og kva punkt kontroversane i så fall gjaldt.

Arkiva kan kartlegge meir inngåande kva for kontroversar som kom til uttrykk i samband med etablering og drifta av Kontoret. Riksarkivet og Utanriksdepartementet sitt arkiv har til saman fleire hyllemeter med dokument tilknytt Kontoret. Sistnemnde har nokså uoversiktlege og mangelfulle mapper. Eg har brukt dokumenta i arkiva til å gå i djupna på spørsmåla som oppgåva stiller. Interne notat, referat frå møter, og brevkorrespondansar kan få fram mykje ein ikkje kan finne i stortingsmeldingane og -ordskipfta. Arkivsakene kan få fram det som ikkje er muleg å seie politisk.

I tillegg inkluderer mappene ein del avisartiklar, intervju og notisar om Kontoret, og særskild om leiaren Erling Christophersen. I desse blir det gitt uttrykk for tankar, vurderingar og visjonar knytt til Kontoret og kultursamkvemmet.<sup>51</sup>

Når eg har analysert dei ulike kjeldene har eg sett aktørane sine oppfatningar og framstillingar i lys av samtida og samanhengen dei var del av. Slik kan eg gjere tolkingar av kva utsegna skulle tene til. Når eg såleis tilfører utsegn ny meining, er det berre éi tolking. Gjennom å setje ytringar inn i ein kontekst og setje dei opp mot andre ytringar,

---

<sup>50</sup> Opprettinga av Kontoret vart sett som ny budsjettpost for Utanriksdepartementet, og debatten kring etableringa kom difor under budsjettvedtaka.

<sup>51</sup> Når ein brukar aviser som kjelde må ein alltid ta høgde for spissformuleringar, feilsitering og til dømes politisk agenda i hjå journalist eller redaksjon. Til dømes meinte kulturråd i London, Carl Hambro, at han i ein artikkel vart tillagt meiningar om organiseringa av Kontoret han ikkje hadde ytra. Carl Hambro, som var son av politikaren C. J. Hambro, var forfattar og journalist og arbeidde som kulturråd i London frå 1952-1959. (UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, brev til Kontoret frå C. Hambro 11. juni, 1956 )

kan ein finne ei sannsynleg tolkinga av kjelda, men ein lyt ta høgde for at avsendaren kan ha meint noko anna.

I kapittel 4 har eg drøfta kva bilete av Noreg som vart formidla til omverda. Her har eg analysert publikasjonar om Noreg som Kontoret gav ut eller gav økonomisk støtte til – det vil seie publikasjonar der Kontoret ”gjekk god for” bodskapen. Representasjonsanalyse er ein god metode for å finne desse ”Noregsbileta”. Kjernesprøsmålet i representasjonsanalysen er korleis noko vert framstilt eller representert. I denne oppgåva vil dette *noko* gjelde Noreg; nordmenn, den norske samfunnsmodellen og norsk kultur. Slike framstillingar er ikkje nøytrale, men har ein politisk dimensjon ved at dei påverkar meiningsdanning.<sup>52</sup> Eg har brukt representasjonsanalyse til å studere korleis Noreg vart konstruert og skildra – og i kva grad det låg strategiske vurderingar til grunn for desse framstillingane. Vidare har eg studert på kva måte representasjonar av den norske kulturen og det norske samfunnet vart påverka av førestillingar om korleis utlandet oppfatta ”oss”.<sup>53</sup>

Representasjonen oppstår i lesaren si systematiske lesing av til dømes tekstar, bilete eller film. I denne analysen er det hovudsakleg brosjyrar og bøker som utgjer kjeldematerialet, men eg har også inkludert tre filmar.<sup>54</sup>

## 1.6 Oppbygging og kapittelinndeling

Underspørsmåla i problemstillinga er definerande for kapittelstrukturen. Oppgåva er både kronologisk og tematisk oppbygd. Kapittel 2 tek for seg bakgrunn og oppstart av

---

<sup>52</sup> Sjå Sanna Sarromaa (2011) *Det nye og den unge norske kvinnen*, doktoravhandling, Karlstad University Studies, s.47 <http://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:402921/FULLTEXT01.pdf> (lasta ned 4.april 2014) Slike analysar tek gjerne utgangspunkt i representasjonar av ”oss” og ”dei andre”, slik som i litteraturvitar Edward Said sin *Orientalism. Western conceptions of the Orient* (1978). Dette verket har inspirert mange seinare analyser og er framleis svært sentralt. I boka hevdar Said at framstillingar av Orienten som var skapt av vestlege forfattarar var ahistoriske, essensialistiske og statiske. Representasjonen bygde på allereie eksisterande førestillingar om aust som mindreverdig, tilbakeleggande og underlegent den vestlege kulturkrets Myklebost (2010) *Borealisme og kulturnasjonalisme*, doktoravhandling ved Universitetet i Tromsø, s.14

<http://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/2825/thesis.pdf?sequence=6> (lasta ned 4.april 2014)

<sup>53</sup> Den polske sosiologen Kazimiers Musiał brukar omgrepa ’autostereotype’ og ’xenostereotype’ for å analysere korleis sjølvbilete til nasjonar vert konstruert. Dette handlar mellom anna om korleis førestillingane *ein trur* ”dei andre” har om ”oss” er med og påverkar eige sjølvbilete og vidare korleis ein prøver å framstå. I dette perspektivet har norske generaliseringar om Noreg (autostereotypiar) påverka utalandske generaliseringar om Noreg (xenostereotypiar) og vice versa (Musiał (2002) *Roots of the Scandinavian model*, 236 og Glover (2011) s. 19.) ”Stereotyp” er her brukt som eit analytisk konsept, og ikkje meint nedsetjande.

<sup>54</sup> Ein del av verkemda til Kontoret var å sende ut spelefilmar, animasjonsfilmar og informasjonsfilmar om Noreg til utlandsstasjonane. Nokre av desse er digitaliserte, nokre truleg destruerte og nokre ligg på 8mm-rullar hjå Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Kontoret. Det byrjar såleis med forarbeidet bak Kontoret og debatten kring dette. Der skal eg finne ut *kvifor* det vart oppretta ved å leite etter motivasjon og føremål. Eg vil også sjå på korleis Kontoret vart organisert, og kva implikasjonar den valde strukturen hadde for korleis verksemda vart. Denne etableringsperioden går frå 1946-1950, men ser også på Noreg sitt tidlegare arbeid med kulturelasjonar.

Kapittel 3 handlar om *kva* verksemd Kontoret dreiv og *kvifor* den vart driven. Tidsperioden er frå 1950 til omlag 1966, tida verksemda vart organisert gjennom eit frittstående kontor. Erling Christophersen sat som leiar så godt som heile denne perioden, og arbeidet bar preg av kontinuitet. Det som har blitt kalla "den kalde krigen sin kjerneperiode" er bakteppe for innrettinga av verksemda.<sup>55</sup> Noreg sin alliansepolitikk og avspenninga i tilnærming til Sovjetunionen er ein del av biletet.

I kapittel 4 vil eg analysere kva bilete av Noreg som vart presentert i utlandet, som nemnt over. Her vil eg både leite etter kva for bilete og budskapar som var typiske og kor vidt det er muleg å spore ei utviklinga i framstillingane. Tidsperioden her går frå førre kapittel og inn i neste, frå 1950 til 1973. Ved å studere utviklinga vil eg sjå på kva bileta seier om strategiske val knytt til utviklinga i Noreg sin utanrikspolitiske situasjon.

I 1967 vart Kontoret omgjort til ein eigen departementsavdeling, og dette markerer byrjinga på siste analysekapittel. Her skal vi sjå på kva vurderingar som låg til grunn for at Kontoret vart omorganisert. Tidsperioden kulminerer i samanslåinga med pressekontoret i 1972/73. Den siste fasen er slik kortare, og legg seg på eit anna analysenivå enn dei andre kapitla. På denne tida fekk handelspolitiske spørsmål eit nytt fokus i utanrikspolitikken. Både EF og nedbygginga av tollmurane gjennom overstatlege organisasjonar kravde nye politiske vurderingar. Parallelt med dette vaks det fram eit nytt syn på rolla informasjonsarbeid kunne spele. Dette var knytt til utviklinga av informasjonsteknologien med fjernsynet som det viktigaste mediet. Dersom eg finn støtte for hypotesen, markerte slutten på 1960-talet også eit skifte for det norske arbeidet med kulturelle relasjonar med utlandet.

---

<sup>55</sup> Rolf Tamnes (1997), *Oljealder 1965-1995, Norsk utenrikspolitikks historie. Vol. 6* (Oslo: Universitetsforlaget) s. 63

## 2. Etableringa av Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1945-1950

### 2.1 Innleiing

*"Erkjennelsen av at kulturelt samkvem er det sikreste middel på lang sikt til fremme av mellomfolkelig forståelse og samarbeid er omsatt i praksis i de fleste land"<sup>56</sup>*

Etableringa av Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet kom i ei tid sterkt prega av to verdskrigar. Fleire av aktørane som var med på å planlegge etableringa hadde sete på Grini, jobba under okkupasjonsstyret eller for eksilregjeringa i London. Internasjonale straumar var prega av ønske om avspenning, tillitsbygging og fredsførebygging, så vel som arbeid for å gjenreise krigsråka land og bygge ut den statlege sentraladministrasjonen.

Dette kapitlet skal drøfte kva som var årsakene til at vi fekk eit kontor for kulturelt samkvem med utlandet og prosessen fram til etableringa i 1950. Kva var motivasjonen for å opprette Kontoret? Kva ville ein oppnå med det? Kva motførestellingar var det mot å etablere det? Kva aktørar var sentrale? Kva interesser vart lagt til grunn for opprettinga? Korleis ville ein organisere Kontoret i lys av dette?

### 2.2 Kvifor kom det ein norsk institusjon for kulturelt samkvem med utlandet?

I stortingsmeldingane i 1950- og 60-åra var det særleg tre faktorar som vart vektlagt som bakgrunnen for av Kontoret:

- 1) at vårt land har særlige forpliktelser i det mellomfolkelige kulturarbeid både som høytstående kulturnasjon og som lite land som ikke innbyr til spekulasjoner over bakenforliggende motiver, 2) at det mellomfolkelige kulturarbeid har betydning for vårt eget kulturliv ved å gi nye impluser og gi oss en sterkere erkjennelse av verdien av vår egen kultur, 3) at mellomfolkelig kulturelt samkvem skaper good-will og forståelse for vårt land på det politiske og økonomiske område.<sup>57</sup>

---

<sup>56</sup> Frå forslag til organiseringa. RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 "Organisering av Noregs kulturelle samkvem med utlandet" 18. august 1949

<sup>57</sup> St.meld nr... 1961 s.??

Dette sitatet er frå stortingsmeldinga om Kontoret si verksemd frå 1961, og er ei slags oppsummering av den første stortingmeldinga om Kontoret frå 1956. Vidare står det at "[b]etydningen av disse tre grunner er i dag enda mer iøyenfallende enn for 10 år siden da Kulturkontoret ble opprettet". Den første grunngevinga kan knytast til førestillinga om Noreg sine særskilde føresetnader og plikter til å drive mellomfolkeleg kulturarbeid fordi landet si historie ikkje var tynga av å ha vore kolonimakt. Den andre handlar om at andre kulturar kan gjere nordmenn meir medvitne om eigen kultur, og den tredje handlar om at kulturen kan gje positive bidrag på det politiske og økonomiske feltet. Formuleringa er etterrasjonaliserande og tilbakeskodande, men interessant fordi den er prega av at Kontoret hadde vore i drift i ein periode. Den vart ikkje skrive i samband med opprettinga, og dette gir avstand til hendinga og vil prege måten grunngevinga er formulert på. Vi skal sjå at det også var andre motiv som gjorde seg gjeldande.

### 2.2.1 Tidlegare innsats på feltet

Frå norsk side hadde det også før Kontoret vart oppretta føregått ulike typar kultursamkvem, opplysningsarbeid og norgesfremjande arbeid overfor utlandet, både i privat og offentleg regi. I mellomkrigstida sytte private organisasjonar, institusjonar og personar for at Noreg var delaktig i internasjonalt kultursamkvem. *Foreningen Norden* finansierte til dømes utvekslingsprosjekt for studentar, lærarar og akademikarar mellom Noreg, Sverige og Danmark.<sup>58</sup>

Då regjeringa var i eksil i London under andre verdskrigen, vart det oppfatta som viktig å gjere Noreg forstått i omverda og kome i posisjon i høve til utviklinga etter krigen. Pressekontoret som Utanriksdepartementet hadde oppretta etter første verdskrigen, vart då til eit eige, lite departement: *Regjeringens informasjonskontor i London*.<sup>59</sup> Vidare etablerte ein presseattachear i USA, Frankrike, Storbritannia, Sverige, Danmark og Argentina, og dessutan kulturattachear i Storbritannia, USA og Sovjetunionen. Dei kulturelle relasjonane med Storbritannia vart særleg utvikla. Tilhøva låg godt til rette for dette, då det i lang tid hadde vore private anglonorske utvekslingar,

---

<sup>58</sup> Angell (2014b) s. 3

<sup>59</sup> Kolsrud, Ole (2008) *Rekonstruksjon og Reform, Regjeringskontorene 1945-2005* Oslo: Universitetsforlaget s. 176-177

gjennom til dømes klubbar og foreiningar. Det nyleg etablerte informasjonskontoret gav ut brosjyrar, bøker og andre publikasjonar for å lære britane om norsk historie, litteratur og institusjonar. Dei samarbeidde med britiske organisasjonar for å omsetje norsk litteratur og produsere kortfilmar. Dei arrangerte også vandreutstillingar om norsk daglegliv og kunst, og dei feira Grieg med ein festival. Det anglonorske tidsskriftet, *The Norseman*, vart gitt ut for første gong i 1943.<sup>60</sup>

Etter krigen krevde gjenreisinga mykje energi, og prosessen fram til etableringa av Kontoret skjedde i ei tid med tronge økonomiske kår, men med føreståande utbygging av både industri og statsapparat. Regjeringa reiste tilbake til Oslo, der *Regjeringens informasjonskontor i London* vart nedskalert til *Utanriksdepartementets presseteneste*. Dei tidlegare journalistane, presse- og informasjonsfolka frå Londonkontoret fekk sjefsstillingar der.<sup>61</sup> Vidare vart *Norges Eksportråd* etablert i 1945. Dette skulle gjenreise dei utanlandske handelsmarknadene som hadde gått tapt etter mange år med krig. Eksportrådet skulle oppmuntre til samarbeid mellom det private og det offentlege, då særleg den handelpolitiske avdelinga i Utanriksdepartementet. Jamvel om dette var ein offentleg institusjon finansiert av staten, var den nokså fristilt, og hamna utanfor Utanriksdepartementet organisatorisk. Oppgåvene var mellom anna å skaffe opplysningar om marknadstilhøva for norske varer, informasjon om handels- og tollpolitiske reglar og om tilhøva for skipsfarten.<sup>62</sup> Eksportrådet sende ut representantar til hovudstadene for å fremje turisme og handel, på same måte som *Landslaget for Reiselivet i Norge*, eit fellesorgan for statlege, kommunale og private aktørar i reiselivsnæringa.<sup>63</sup>

I tillegg til pressetenesta, Eksportrådet og Landslaget for Reiselivet i Norge hadde fleire andre departement ansvar for ulike former for kultur- og informasjonsverksemd retta mot utlandet, til dømes Kyrkje- og kulturdepartementet. Både aktørane og fleire politikarar oppfatta dette som lite rasjonelt og effektivt, og ein meinte behovet for eit samlande, organ vart stadig meir aktuelt. I pressa vart det fleire gonger teke til orde for

---

<sup>60</sup> Foreign Office 1954: *Survey of Anglo-Norwegian Cultural Relations*, London: Her Majesty's Stationary Office, s. 4-5, Angell (2014b) s. 3-4

<sup>61</sup> Kolsrud (2008) s. 176-177

<sup>62</sup> Sverdrup, Jakob (1996) *Inn i storpolitikken. 1940-1949, Norsk utenrikspolitikk historie. Vol. 4* (Oslo: Universitetsforlaget) s. 239

<sup>63</sup> St. meld. nr. 78, 1956, Om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1. juli 1950-30. Juni 1956, s. 5.



å danne ein regjeringsorgan for å bygge ut og koordinere det kulturelle samkvemmet med utlandet.<sup>64</sup>

I 1946 oppnemnde utanriksminister Halvard Lange ein komité som skulle kome med forslag til ny organisering av Noreg sitt kulturelle opplysningsarbeid i utlandet. Sekretæren i denne komiteen, Odd Hølaas, hadde permisjon frå stillinga si som presseattaché i København. Mandatet til komiteen var å skaffe ei oversikt over det kulturelle opplysningsarbeidet mot utlandet som allereie føregjekk, både i privat og offentleg regi. Vidare skulle dei kome med forslag til ei eventuell reorganisering for å få til ei meir rasjonell og effektiv verksemd på området. Målet var å opprette ein organisasjon heime som kunne koordinere dette arbeidet og å kome med forslag til å finansiere denne.<sup>65</sup>

Også i perioden då Kontoret vart førebudd, føregjekk det kulturutvikling med utlandet. Ein særskild viktig samarbeidspartner, forutan Storbritannia, var USA. Allereie få månader etter frigjerings hadde Kyrkje- og undervisningsdepartementet sett ned Amerika-komiteen som skulle jobbe for å skaffe norsk ungdom stipend og friplassar ved amerikanske utdanningsinstitusjonar og imøtekome det venta behovet for akademisk arbeidskraft som ville melde seg under gjenreisninga.<sup>66</sup> I løpet av to år gjekk talet på norske studentar som reiste til USA for å studere frå 50 til 500-600. Som motyting for amerikanarane sin sjenerøsitet, oppretta ein Den amerikanske sommarskulen ved Universitetet i Oslo i 1947.<sup>67</sup> Etter kvart vart det etablert eit stipend slik at amerikanarar som ikkje hadde råd til sommarskulen, likevel kunne få mulegheita. Stipendet vart finansiert av sponsorvillige norske næringslivsmenn og donasjonar frå amerikanarar.<sup>68</sup>

I 1949 inngjekk Noreg *Fullbright-avtalen* med USA. Dette var ein avtale som finansierte utveksling for amerikanske studentar og forskarar i Noreg og for nordmenn

---

<sup>64</sup> St.meld nr 97, 1954, Oversikt over det kulturele samkvem mellom Norge og Det forente kongerike Storbritannia og Nord-Irland, s. 6

<sup>65</sup> RA/S-2868/E/L0075/0004 "Norges kulturelle opplysningsarbeid med utlandet" i Komitémøte 22. juni 1948

<sup>66</sup> Larsen, Eirinn (2011) Jubileumshistorie nedenfra – UiO og de nye studentgrupper, in *Bok 7. Samtidshistoriske perspektiver, Universitetet i Oslo 1811-2011*, Peder Anker, Magnus Gulbrandsen, Eirinn Larsen, Johannes W. Løvhaug og Bent Sofus Tranøy (Oslo: Unipub,) s. 20

<sup>67</sup> Larsen (2011) s. 20-21

<sup>68</sup> Larsen (2011) s. 24

på amerikanske undervisnings-institusjonar. Den førte mellom anna til at det i mange år var fleire studentar frå Noreg enn frå noko anna europeisk land.<sup>69</sup>

Denne bakgrunnen var med å legge til rette for ei særskild innretting mot USA og utdanning i kulturutvekslingsverksemda som Kontoret seinare skulle drive. Ein annan bakgrunn var at vi etter krigen fekk ei generell re-orientering i akademia der senteret både for internasjonalt og intellektuelt samarbeid hadde dreidd mot USA og Storbritannia.<sup>70</sup> Fullbright-programmet som USA hadde med fleire land var ein del av dette. I det amerikanske kulturdiplomati var utdanning og vitenskap vurdert som svært verdifulle verkemiddel for utanrikspolitikken ved inngangen til den kalde krigen. Det kunne bli brukt til å få gjennomslag eigen politikk i omverda.<sup>71</sup>

Etableringsprosessen til Kontoret skulle kome til å ta heile fem år, dels grunna forhandlingar om finansiering, både med forvaltinga, Stortinget og med næringslivet. I slutten av etableringsfasen kom Erling Christophersen inn i biletet. Han skulle kome til å leie Kontoret heilt fram til 1967, berre med eit toårig intermeso i Washington for å studere korleis USA dreiv med kulturelt samkvem med utlandet. Då Kontoret var oppretta i 1950, var det etter ein prosess der ein var innom fleire mulege løysingar. Komiteen såg opphavleg føre seg eit halvstatleg institutt i større dimensjonar med støtte frå næringslivet. Vegen fram til eit heilstatleg kontor utan private midlar var ikkje utan problem.

### 2.2.2 Motivasjon

Ein kan studere motivasjonen for å opprette Kontoret på fleire nivå. Det eine er dei overordna strøymingane i tida – med etablering av tilsvarande institusjonar i mange land elles i verda. I tillegg må vi sjå på den norske konteksten og på det politiske miljøet. Det er nærliggande å tenke at internasjonale strøymingar har påverka norske politikarar. I stortingsordskifta var det vanleg å vise til utlandet for å argumentere for tiltak på kulturutvekslingsfeltet heime.<sup>72</sup> Slik heng dei to nivåa godt saman.

---

<sup>69</sup> Det kjem meir om denne avtalen i neste kapittel. St.meld nr. 78 s. 18

<sup>70</sup> Angell (2014b) s. 9

<sup>71</sup> Larsen (2011) s. 21

<sup>72</sup> T.d. Lange: "...vi har sett det slik at det her i landet, som i en rekke andre land, må være interesse...for å hjelpe til å gjøre Norge som kulturnasjon kjent ute." St. tid. 1950 s. 928

### *Trua på kultur som fredsskapande og Noreg som spesielt eigna*

Som vi såg i førre kapittel, hadde mange land alt etter første verdskrigen oppretta institusjonar for å ta seg av kulturelle relasjonar med utlandet. Etter andre verdskrigen vart dette endå meir aktuelt. To verdskrigrar hadde skaka tilhøvet mellom landa i verda, og det utkrystalliserte seg eit behov for å bevare den dyrkjøpte freden og gjenoppbygge tillit og respekt mellom landa. Det var ei førestilling om at de var i Noreg sine utanrikspolitiske interesser, som lite land utan store militære styrker, å gjere verda tryggare.

I 1950-åra vart dette formulert slik: "Forståelse og tillit kan bare oppnås ved inngående kjennskap til hverandre og kunnskap om hverandre. Man kan ikke ha tillit til en person man ikke kjenner. Man bør det heller ikke."<sup>73</sup> For å få til denne inngående kjennskapen, vart opplysningsarbeid oppfatta som viktig: "Etter den annen verdenskrig, da behovet for mellomfolkelig opplysning steg med eksplosiv kraft, ble det særlig klart at Norge manglet et samlende organ[...]"<sup>74</sup> Dette tankegodset vart også formulert på Stortinget under debatten om etableringa i 1950. Ein av forkjemparane var Krf sin første stortingsrepresentant, Nils Lavik:

Eg er mellom dei som ynskjer at vi skal få eit godt kulturelt samarbeid med utlandet. Eg er viss om, at får me det til, vil det skapa godhug og tiltru mellom nasjonane, og då vil det også koma til å bera gode frukter, ikkje berre på det kulturelle omkverve, men også på det økonomiske og politiske felt.<sup>75</sup>

Samstundes som ein mente at alle land burde jobbe for å auke mellomfolkeleg forståing, kom det til uttrykk ei førestilling blant politikarane om at Noreg hadde særskilde føresetnader for å eksportere eigen kultur for fredsføremål. Dette var mellom anna knytt til at staten ikkje hadde fortid som kolonimakt. Eit slikt utgangspunkt " [... ]innbyr ikke til spekulasjoner over hvilke motiver der måtte ligge bak kulturelle fremstøt."<sup>76</sup> Dette vart særleg relevant ettersom etterkrigstida også vart tida for avkolonisering.

Men førestillinga om at det fanst ein særeigen norsk fredstradisjon som forplikta, hadde eksistert lenge. I mellomkrigstida kom dei til uttrykk i det norske engasjementet

---

<sup>73</sup> St.meld nr. 78 1956 s. 3

<sup>74</sup> St.meld nr. 78 1956 s. 3

<sup>75</sup> St. tid. 1950 s. 929. Mannen bak initiativet, Utanriksminister Halvard Lange, uttala seg også i liknande formuleringar ved seinare høve.

<sup>76</sup> St.meld nr. 78 1956 s. 2

for folkeretten. Stats- og utanriksminister i tre periodar på 1920- og 30-talet, Johan Ludvig Mowinckel hevda at det norske arbeidet for nedrusting og folkerett vart lytta til av dei større landa. "ingen kan mistenke oss for å ha nogen egoistiske eller særpolitiske hensikter eller interesser. For vårt vedkommende vet man at vi taler ut fra ganske objektiv kjærlighet til fred og ut frå troen på rettsfølelsens vekst mellem folkene."<sup>77</sup>

Det var også særleg mellomkrigstida som vart trekt fram under etableringa av Kontoret:

Norges omdømme som kulturland er høyt. På en rekke felter – særlig i mellomkrigstiden – har vårt land befestet sitt ry for alltid å stå i forreste rekke i arbeidet for fredlig framskritt. Ved internasjonale kongresser og på annen vis har Norge hyppig kunnet glede seg over at dets meninger har vært tillagt en betydning som er gått utover det folkets størrelse skulle tilsi.<sup>78</sup>

Denne sjølvforståinga må vi sjå som ein viktig del av motivasjonen. Men uttrykket *kulturland* hadde også fleire sider.

### **Å fremje Noreg som kultur nasjon**

Frå Utanriksdepartementet vart det i 1948 hevda at Noreg hadde gode vilkår for å kunne hevde seg internasjonalt på det kulturelle området.

En rekke nordmenn har gjort en innsats av internasjonalt format i litteratur, musikk, bildende kunst og vitenskap. Vårt sosiale reformarbeid og løsningen av våre skoleproblemer er også omfattet med betydelig interesse i utlandet.

Det vart hevda at norsk kultur var for lite kjend i forhold til kva kvalitet den stod for. "Den moderne norske musikk er [...] alt for lite kjent i utlandet, men samtidig har man kunnet slå fast at norske nålevende komponister har vunnet den ene kunstneriske seier

---

<sup>77</sup> Angell (2014a) s. 99

<sup>78</sup> St.prp. nr. 1, 1950: Statsbudsjettet for budsjetterminen 1950-1951, Utanriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål. Kap. 117, Norsk institutt for kulturelt samkvem med utlandet, s. 13.

etter den andre." Oppfatninga var altså at ved å arrangere og støtte konsertar med norske utøvarar i utlandet, kunne ein norsk institusjon gjere noko med dette.<sup>79</sup>

Også det norske språket vart oppfatta som for lite kjend. Her kunne ein institusjon bidra med å sende ut forelesarar til universitet i utlandet. Denne motivasjonen kan vi knyte til at ein stadig samanlikna seg med kva andre land – særleg nabolanda – hadde gjort på dette feltet. Medan Svenska Institutet hadde "lektorater over hele kontinentet" og Det Danske Selskab hadde "stor suksess med sine språkplater", stod det norske språk i ein "ytterst svak stilling" og hadde tapt kontakten med "titusener av utlendinger som lærte seg vårt språk" under krigen.<sup>80</sup> Å gjere eigen nasjon kjend på nivå med nabolanda verka å vere ein sterk motivasjon. "Foreløpig er det bare ett land som holder seg fornemt tilbake. We do not advertise Norway."<sup>81</sup>

Oppfatninga var at med eit slikt organ kunne Noreg systematisk inngå i kulturelle relasjonar med andre land. Dette, saman med å aktivt opplyse om og fremje Noreg i utlandet, skulle styrke Noreg.<sup>82</sup> Noko av motivasjonen var nemleg også den tilbakeverkande effekten kultursamkvem ville ha på andre felt.

### *Vekselspeleffekten: handel og eksport*

"Det kulturelle samkvem over landegrensene [...] har en øket verdi [...] i vanskelige tider ved sin gagnlige tilbakevirking på de økonomiske og politiske felter."<sup>83</sup>

Ei slik vurdering skriv seg til den nye verdsordninga med USA i spissen, som baud på nye handelstilhøve. Handelen hadde blitt kraftig stramma inn under krigen, men vart etter kvart liberalisert gjennom Marshallhjelpa og overnasjonale organisasjonar. "Etter den annen verdenskrig er de internasjonale markeder blitt mer "flytende" enn noensinne.[...] Ved siden av dette kommer konkurransen som er blitt atskillig skarpere. Våre markeder ute må tas vare på, de må befestes."<sup>84</sup> Denne utsegna kom frå

---

<sup>79</sup> Ein meinte også at kunsten var ukjend. Ein institusjon kunne då arrangere utstillingar og få seld norske maleri, og institusjonen kunne få ein prosent av inntektene frå sala. RA/S-2868/E/L0075/0004 Komitémøte 22.juni 1948

<sup>80</sup> RA/S-2868/E/L0075/0004 Komitémøte 22.juni 1948

<sup>81</sup> Dette var ein parafase over utsegnet av Sir Francis Lindley, som nemnd i førre kapittel. UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev datert 4.oktober 1948, s.2 Liknande utsegn går igjen i kjeldene "Svenskene har vært våre foregangsmenn på dette området som på så mange andre"

<sup>82</sup> RA/S-2868/E/L0075/0004 Komitémøte 22.juni 1948

<sup>83</sup> St.meld nr 78 1956 s. 3

<sup>84</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Pressemelding til NTB (Flak) november 1948. På den tida var det ikkje Kontoret, men Instituttet som var nemninga. Hølaas var med si tilknytning til pressa svært ivrig etter å jobbe med folkeopinionen for å skape oppslutning kring instituttplanane. Pressemeldingar dukka stadig opp i både VG, Morgenbladet, Nationen og Aftenposten.

Utanriksdepartementet i ein pressemelding som skulle hauste oppslutning i opinionen under etableringa av Kontoret.

Eit viktig mål med kultursamkvemmet, og spesielt opplysningsarbeidet, var å få Noreg til å bli assosiert med kvalitetsprodukt. I korrespondansar med næringslivet kor ein bad om tilslutning og støtte til planane, var dette difor eit mykje brukt argument: "Vi må forsøke å mobilisere hele vår kultur for å få kvalitetsbegrepet festet til varene våre."<sup>85</sup> Dette tyder på at dei hadde ei oppfatning om at kulturen var så slagkraftig at den kunne verke tilbake på andre samfunnsfelt. Det handla ikkje om kva næringslivet kunne gjere for kulturen, men kva kulturen kunne gjere for næringslivet. I eit intervju i VG 1948 framheva Odd Hølaas verdien for eksportørar på denne måten:

Dette vekselspill mellom næringsliv, vitenskap, kunst og kulturell propaganda skulle ha en innlysende verdi fordi det festner kvalitetsfølelsen for norsk arbeid og skaper en bakgrunn av interesser og sympati som både har verdi for handelsavtaler og for de enkelte eksportører.<sup>86</sup>

Samstundes som kulturen vart tillagt ein høg eigenverdi, vart han framstilt som eit instrument som var innstilt på å tjene interessene til næringslivet:

Meningen er kort og klart uttrykt at vårt næringsliv kan høste nytte av den interessevekkende og sympatiskapende virksomhet som Instituttet skal drive [...] Ikke noe land i Europa, muligens med unntakelse av Island, er så avhengig av sin utenrikshandel som Norge. Eksportinntekten inklusive skipsfarten representerer over 30% av vår nasjonalinntekt. [...] Det [blir] nå skapt et instrument som i høy grad er innstillet på å tjene næringslivets interesser.<sup>87</sup>

---

<sup>85</sup>UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, pressemelding NTB 1948

<sup>86</sup>UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, "I år skal vi gå opp løypa", VG 13.november 1950. Her ser vi korleis propaganda ikkje har negative konnotasjonar, men vert brukt meir om målretta informasjon. Det var likevel helst i møte med eksportnæringa og media at dette omgrepet vart brukt, elles nytta ein helst *opplysning*. Andre døme er "(...) enhver riktig anlagt generell propaganda må forutsettes indirekte å ha ganglig innflytelse også på vår økonomiske forbindelse med utlandet.(...) Den økonomisk-betonte propaganda drives (...) på følgende områder: Utstillinger, filmer, trykksaker, annonsekampanjer og ved personlige kontakter." (UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Notat 11.oktober 1948) Media brukte også omgrepet, som i overskrifta "Mye blir gjort, men mer bør gjøres for vår kulturpropaganda" og "Det er all grunn til her å følge det svenske eksemplet når det gjelder norgespropaganda". (UD-arkiv 1.A15 Administrasjon, Foredrag av kontorets personale (ikke kulturuts.), Morgenposten 13. april 1963.)

<sup>87</sup>UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev om instituttplanane til Eksportrådet i 1948 frå Hølaas

Kulturen skulle også verke tilbake på det politiske felt, og då særskild det utanrikspolitiske. Det vart hevda at kunnskap om kultur fører til respekt for kultur. "Dette skaper større respekt for våre meninger, som igjen gir oss en bedre posisjon ved forhandlinger på alle plan."<sup>88</sup>

Motivasjonen hadde slik fleire sider. Tanken om at Noreg hadde ei spesiell rolle å spele i tillitsbygging mellom landa var heldt fram som sentral. Eit viktig mål med ein slik institusjon var å få eit organ som kunne gjere norsk kultur meir kjend ute, mellom anna gjennom kulturutveksling og opplysningsarbeid. Dette ville styrke Noreg, også politisk og økonomisk.

### 2.3 Komité til opprettelse av kulturkontoret, 1946-1950

Samansetninga av komiteen som utforma Kontoret – heretter komiteen – kan seie oss noko om kva interesser som låg til grunn for Kontoret. Den kan også kaste lys over kvifor Kontoret vart organisert slik det vart, og kvifor verksemda vart innretta slik ho vart. Den gir oss også bakgrunnen for utfallet av organiseringa og innrettinga av verksemda. Fleirtalet i komiteen var samansett av medlemmer frå politikk og akademia. Berre eitt medlem var frå næringslivet og eitt frå kulturlivet. Mange av medlemene hadde også erfaring med kulturutvekslingar sjølve.

Nokre av medlemene kan vi knyte til utanriksarbeid og presse. Pressesjef i Utanriksdepartementet, Jens Schive var leiar for komiteen. Han hadde god kjennskap til utanrikssaker etter å ha dekkja feltet som journalist i fleire år som journalist og redaktør for Norsk Telegrambyrå (NTB).<sup>89</sup> Han hadde også førstehandskjennskap til det å representere Noreg i utlandet, etter at han i 1939 følgde med kronprins Olav og Märtha på ei USA-reise, noko som seinare resulterte i boka *Med Kronsprinsparet – for Norge!* Under andre verdskrigen var han presseattaché i Stockholm og skreiv der i avisa *Norges Nytt*.<sup>90</sup>

Odd Hølaas var sekretær for komiteen og hadde ansvar for å organisere arbeidet.<sup>91</sup> Før han vart presseattaché i København, hadde han jobba som journalist og

---

<sup>88</sup> St.meld nr 78 1956 s. 2

<sup>89</sup> Schive, Jens m.fl (1939) *Med Kronsprinsparet – for Norge!* Oslo: Aschehoug s. 15

<sup>90</sup> <http://mediabase1.uib.no/krigslex/n/n3.html#norges-nytt> (lasta ned 24.mars 2014) Denne avisa hadde som føremål å drive informasjon i Sverige om "Norges sak" og nådde eit opplag på 40 000.

<sup>91</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev til direktør Thomas Falch jr. 30. november 1948

skrive fleire bøker og essaysamlingar, ofte om kunstrelaterte emne.<sup>92</sup> Ekspedisjonssjef Aage Bryn hadde jobba i fleire år for Utanriksdepartementet i utlandet, mellom anna i Marseille, Washington, Helsingfors og London.<sup>93</sup> Pressesekretær i Arbeiderenes Opplysningsforbund, Andreas Andersen, hadde bakgrunn både frå akademia og politikk og hadde eit spesielt tilhøve til statsminister Einar Gerhardsen.<sup>94</sup> I følgje ein biografi om Andersen har han ofte blitt kalla "Gerhardsens grå eminense i utenriks- og sikkerhetspolitikken". Han hadde god kjennskap til og noko kontakt med Sovjetunionen.<sup>95</sup>

Andre medlemmer representerte akademia og kulturlivet. Ein nøkkelperson her var ekspedisjonssjef Olaf Devik frå Kyrkjedepartementet.<sup>96</sup> Han var fysikar og samstundes sterkt engasjert i kulturspørsmål, som han definerte som undervisning, forskning, kunst og humanisme. Under okkupasjonen prøvde han å ivareta norske interesser, før han vart avsett i 1942. Deretter tok han den same stillinga i eksilregjeringa i London. Etter krigen vart han engasjert i arbeidet med opprettinga av forskingsinstitutta SINTEF i Trondheim og Sentralinstituttet for industriell forskning i Oslo, som begge var ledd i gjenreisinga og utviklinga av norsk industri etter krigen.<sup>97</sup> I 1945 og 1946 var han delegat på FN sine UNESCO-konferansar og var i 1947–50 formann for den norske UNESCO-komiteen.<sup>98</sup> UNESCO-samarbeidet var ein sentral del av oppgåvene Kontoret skulle forvalte. Devik hadde dermed omfattande erfaring med oppretting av institutt og var sterkt knytt til kulturspørsmål, også overnasjonalt.

Noko av det same kan bli sagt om genetikaren Otto Lous Mohr, som nett hadde blitt rektor ved Universitetet i Oslo i 1945. Han tok initiativet til å opprette Norges almenvitenskapelige forskningsråd (NAVF) hausten 1945 (Devik var også med på å

---

<sup>92</sup> Bonde, Arne [http://nbl.snl.no/Odd\\_H%C3%B8laas](http://nbl.snl.no/Odd_H%C3%B8laas) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>93</sup> <http://runeberg.org/hvemerhvem/1948/0082.html> (lasta ned 24. mars 2014) Han var også legasjonssekretær i Washington under USA-turen til kronprinsparet. Schive m.fl (1939) *Med Kronprinsparet – for Norge!* s. 15

<sup>94</sup> Arbeiderenes Opplysningsforbund vart grunnlagt 1931 og drive av Det norske Arbeiderparti, Landsorganisasjonen i Norge med medlemsforbund samt ideelle organisasjonar. Det var knytt til studieverksemd for organisasjonane sine medlemmer gjennom foredrag, kurs, studieringar o.l. (snl.no/Arbeiderenes opplysningsforbund, lasta ned 3. mars 2014)

<sup>95</sup> Berlin, Johan Daniel (2007) *Andreas Andersen: outsider i maktens høyborg : en utenrikspolitisk biografi*, masteroppgåve ved UiO. Andersen er mest kjend for sitt virke frå 50-talet og utover, men var heller ikkje ukjend på 40-talet.

<sup>96</sup> Han var den første ekspedisjonssjefen i dette departementet (1938).

<sup>97</sup> <http://www.sintef.no/Om-oss/Historie/> (lasta ned 25. mars 2014)

<sup>98</sup> Hoel, Tore [http://nbl.snl.no/Olaf\\_Devik](http://nbl.snl.no/Olaf_Devik) (lasta ned 24. mars 2014)



utarbeide vedtektene her). Mohr hadde sjølv vore på studentutveksling i Brussel og New York. Han var kjend for å popularisere faget sitt både gjennom artiklar, bøker og radio.<sup>99</sup>

Professor og språkforskar Hans Vogt frå Institutt for samanliknande kulturforsking hadde også hatt faglege utlandsopphald – til Frankrike og Georgia.<sup>100</sup> Også litteratur- og idéhistorikar, professor Andreas H. Winsnes, hadde relevant bakgrunn for å legge til rette for eit kulturinstitutt. I 1942 måtte han flykte til Storbritannia og vart der direktør for Norsk-britisk institutt i London fram til 1945.<sup>101</sup>

Alexander Brinchmann var både barnelege, forfattar og dramatikar.<sup>102</sup> Han var formann i Forfatterforeninga og Norges Kunstnerråd under krigen, og frå 1934 til 1967 var han formann i Norske Dramatikeres Forbund. I 1931 stifta han foreininga Nationaltheatrets Venner. Komponisten Klaus Egge frå Norsk Kunstnarråd var den einaste i komiteen som levde av kunsten. Han var formann i Norsk komponistforening frå 1945.<sup>103</sup>

Frå næringslivet kom grosserar i Steen&Strøm Erling Steen, som ofte var nytta til offentlige komitear. Han hadde ei rekkje verv i næringslivet, men var også sterkt engasjert i humanitære organisasjonar, mellom anna Røde kors. Han hadde slik sett eit stort nettverk som truleg kunne kome godt med.<sup>104</sup>

Fru Didi Sunde (Sigrid Nicoline Aubert Lie) var også med i komiteen. Ho var gift med jurist og politikar Arne Sunde, som hadde sterk tilknytning til skipsfart, især til Nortraship.<sup>105</sup> I eit brev til skipsreiar Hilmar Reksten frå 1948 går det fram at Reksten hadde gitt ho 5 000 kroner i støtte til instituttplanane, så det er muleg ho også hadde kontaktar innan skipsfart som gjorde ho til ein god komitékandidat. Ut i frå møtereferata ser det ut til at ho ikkje var mykje med på førebuinga av Kontoret og ofte ikkje var til stades på møta.

### *Interesser i perspektiv*

Dette var altså ein komité med stort innslag av folk frå høgare utdanning, presse og kultur. Nokre av desse vart aktørar i verksemda, som vi skal sjå i seinare kapittel. Viss

---

<sup>99</sup> Walløe, Lars [http://nbl.snl.no/Otto\\_Lous\\_Mohr](http://nbl.snl.no/Otto_Lous_Mohr) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>100</sup> Thordarson, Fridrik [http://nbl.snl.no/Hans\\_Vogt](http://nbl.snl.no/Hans_Vogt) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>101</sup> Langslet, Lars Roar [http://nbl.snl.no/A\\_H\\_Winsnes](http://nbl.snl.no/A_H_Winsnes) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>102</sup> Dahl, Willy [http://nbl.snl.no/Alex\\_Brinchmann](http://nbl.snl.no/Alex_Brinchmann) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>103</sup> Pedersen, Morten Eide [http://nbl.snl.no/Klaus\\_Egge](http://nbl.snl.no/Klaus_Egge) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>104</sup> Store norske leksikon [http://snl.no/Erling\\_Steen](http://snl.no/Erling_Steen) (lasta ned 24. mars 2014)

<sup>105</sup> Norby, Reginald [http://nbl.snl.no/Arne\\_Sunde](http://nbl.snl.no/Arne_Sunde) (lasta ned 24. mars 2014)

ein samanliknar med Sverige, var næringslivet der sterkt representert både under opprettinga, styringa og ikkje minst finansieringa av Svenska Institutet. Medlemene i Institutet var betalande bedrifter som kvart år valde inn representantar i styre og råd. I det første rådet var 30 av 50 medlemmer direktørar, mellom anna frå dei største svenske bankane, samt frå den velstående og mektige Wallenberg-familien. Leiaren for hovudstyret høyrde til den inste sirkelen i Sverige sin økonomiske elite, og var styremedlem i fleire selskap. I hovudstyret var sju representantar valde av rådet og tre valde av staten. Dei tre frå staten skulle syte for at religion, utdanning og kunst vart inkludert.<sup>106</sup>

Dette er nesten ei spegelvending av komiteen i Noreg, kor næringslivet knapt var representert. Dette kan vi knyte til at Sverige og Noreg hadde svært ulike økonomiske modellar. For det første hadde svensk industri mange teknologibaserte bedrifter som var i stand til å gjere seg gjeldande på den internasjonale arenaen. Det same kunne ikkje seiast om norsk industri, som med unntak av skipsfarten var innretta mot heimemarknaden.<sup>107</sup> Den norske komiteen la i jamføring vekt på at det norske næringslivet var utoverretta. Dei meinte at dei låge løyvingane til kultursamkvem harmonerte dårleg med "den utadvente side ved vårt næringsliv som er så karakteristisk nettopp for vårt land".<sup>108</sup>

Ein anna forskjell, knytt til utforminga av eksportsektoren, var at svenske bedrifter var interesserte i å promotere seg internasjonalt. Det var dei som under krigen tok initiativet til ein sterkare institusjon for å fremje Sverige i utlandet.<sup>109</sup> I tillegg hadde svenske industrifolk ein lang tradisjon for samarbeid med staten gjennom det som har vorte kalla "organisert kapitalisme". Det har vore hevda at dei kunne forhandle med demokratiske institusjonar på likefot. I Noreg måtte industrien innordne seg etter dei statlege institusjonane. Der den norske moderniseringsdiskursen frå byrjinga av 1900-talet var dominert av demokratiske og politiske verdier, var den svenske diskursen karakterisert av økonomiske og teknologiske verdier.<sup>110</sup>

Samansetninga av den norske komiteen tyder på at kultur og opplysing eller informasjon kom til å bli tyngdepunkta for det norske utoverretta arbeidet. Det låg også ei sterk forankring i staten, då dei fleste komitémedlemene var knytt til det offentlege. I

---

<sup>106</sup> Glover (2011) s. 33

<sup>107</sup> Angell (2014b) s. 5

<sup>108</sup> RA/S-2868/E/L0075/0004 Komitémøte 22. juni 1948

<sup>109</sup> Glover (2011) *National Relations* s. 31

<sup>110</sup> Angell,(2014b) s. 5, Angell, (2002) *Den svenske modellen og det norske systemet*, Samlaget,

argumentasjonen vi såg over, forsøkte Hølaas å "overtale" næringslivet til at kulturen kunne vere eit instrument for å auke innteninga. Dette kan ha vore Hølaas og komiteen sitt syn, men det kan også berre ha vore ein måte å vinne gjennom hjå næringslivet på. I argumentasjonen låg likevel tyngdepunktet på kulturen – slik ein forstod dette omgrepet. Det var ei særskilt oppfatning av kulturen som knytt til utdanning og forskning. Kulturen i vid forstand skulle bane veg i omverda og verke tilbake på politiske og økonomiske felt.

I utkastet til statuttane for komiteen er ikkje det næringsøkonomiske nemnd. Oppgåva skulle vere å fremje Noreg sitt kulturelle samkvem med utlandet gjennom opplysningsarbeid om norsk kunst, skulevesen, vitskap og andre greiner av moderne norsk samfunnsliv. Dessutan skulle institusjonen samordne og støtte norsk studieverksemd i utlandet. Måten å gjere dette på var særskild skildra i statuttane § 6:

Til fremme av sitt formål skal instituttet utgi og formidle brosjyrer og håndbøker om Norge på fremmede sprog, anskaffe og formidle film, arrangere utstillinger, skaffe foredragsholdere og forelesere, bistå med formidling av norske kunstneres oppredener i fremmede land og bistå utenlandske kunstnere, skolefolk og vitenskapsmenn som besøker Norge i studieøyemed. Instituttet gir også norske borgere orientering om studiemuligheter i fremmede land og opprettholder forbindelse med tilsvarende institusjoner i utlandet.<sup>111</sup>

### 2.3.1 Forsøk på delvis privat institutt 1946-1948

Trass i den svake representasjonen til næringslivet hadde komiteen klare preferansar om eit *halvstatleg institutt* i staden for ein heilstatleg kontor. Den private støtta skulle kome frå enkeltbedrifter i næringslivet, samt frå Eksportrådet, Reiarforbundet og diverse kommunar som kunne ha interesse av å støtte opp under arbeidet.<sup>112</sup> Det vart framheva at Det Danske Selskab hadde gode erfaringar med kommunestøtte. Dette gjaldt dei største byane og eksportkommunane, utan at namna på desse vart

---

<sup>111</sup>RA/S-2868/E/L0075/0004 "Utkast til statutter for "Det norske institutt for kulturelt samkvem med utlandet"" i Komitémøte 22. juni 1948, Dessutan var det framheva som viktig å halde jamleg kontakt med UNESCO og kultur- og presseattachéane, og å fordele stipend til norske studentar i utlandet og utanlandske studentar i Noreg.

<sup>112</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Odd Hølaas på komitémøte, 13. oktober 1948

presisert.<sup>113</sup> Støtta frå næringslivet skulle tene til både finansiering og ekspansjonskraft. Med meir midlar meinte komiteen ein kunne få full effekt av arbeidet med å nå ut breiare og publisere i større opplag.<sup>114</sup>

Komiteen meinte det ville vere naturleg å ta utgangspunkt i nabolanda si organisering: "Da Norge var det siste landet i Skandinavia som innså nødvendigheten av et slikt tiltak, var det rimelig at vi benyttet instituttene i grannelandene som mønster for vårt eget."<sup>115</sup> Tanken var slik først ei ordning med 50/50 offentleg og privat finansiering. Men etterkvart måtte det justeringar til. I mappa til komiteen finn vi utklipp frå svenske aviser som fortalde at den svenske staten måtte inn og redde budsjettet fordi dei private bidraga ikkje kom inn. Dette vart omtala i eit notat frå komiteen. Det vart hevda at sjølv om kravet opphavleg var at det svenske næringslivet skulle bidra med like mykje som staten, hadde dei private beløpa enda opp med å bli nokså variable. Det heitte vidare at den svenske staten hadde gått med på å fråfalle kravet og sjølv stå som garantist for budsjettet. I 1949/50 var kravet på 1,5 millionar kroner. Dette vart brukt som bakgrunn for å forklare at komiteen hadde gått vekk frå visjonen om ein modell lik Svenska Institutet.<sup>116</sup>

Dessutan såg ein at Noreg hadde fleire internasjonale plikter som ikkje gjekk saman med eit delvis privat institutt. "Flere av disse oppgavene, som UNESCO-forpliktelsene og kulturavtalene, kan ikke uten videre delegeres til et halv-offentlig institutt [...] Ingen så krevende forpliktelser lå klar og ventet på sin løsning da Svenska Institutet ble opprettet i 1944."<sup>117</sup> Denne forskjellen i kontekst bidrog nok til at den norske modellen vart heilstatleg. Uansett om næringslivet ville bidra eller ikkje, kunne ikkje statleg internasjonalt ansvar vere avhengig av privat støtte frå næringslivet.

I 1948 hadde komiteen kome fram til at eit frittstående fond ville vere den beste løysinga. Odd Hølaas forklarte det slik: "[A]lle private interesser fra næringslivet, eksportindustrien, de store organisasjoner, private firmaer og enkeltpersoner

---

<sup>113</sup> Riksarkivet S-4102/D/Df/L0028/0003, brev "Det norske institutt for kulturelt samkvem med utlandet, Oslo 31. august 1948. I byrjinga av 1970-talet ser vi at Tønsberg kommune er med og støttar filmen New Norway, då den inkluderer klipp frå feiringa av byen sitt 1100-årsjubileum.

<sup>114</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Odd Hølaas på komitémøte, 13. oktober 1948

<sup>115</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Pressemelding til NTB 12. november 1948

<sup>116</sup> Liknande tendensar i Danmark, Storbritannia, Finland, Frankrike og USA vart også nemnde. RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 "Organisering av Noregs kulturelle samkvem med utlandet" 18. august 1949

<sup>117</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Odd Hølaas på komitémøte, 13. oktober 1948,

oppsamles i et eget fond, hvis midler stilles til instituttets rådighet." Fondet skulle løyve midlar til instituttet sine planar: "Dette fond velger sitt styre og bevilger midler til realisasjon av instituttets planer og forslag etterhvert som disse fremsettes."<sup>118</sup> Med eit fond var det altså framleis råd å finansiere arbeidet utover statsbudsjettet.

### *Nei frå næringslivet og motstand frå Finansdepartementet*

Odd Hølaas tok kontakt med fleire leiingar i næringslivet, men med lite hell. I brev til skipsreiar Hilmar Reksten skreiv han at næringslivet syntest å vere negativt innstilt til å støtte. Jamvel om han fekk positive tilbakemeldingar frå nokre bedrifter, hadde desse likevel ikkje høve til å støtte. Møbelprodusentenes landsforening skreiv til dømes "Vi finner planen meget tiltalende [...] På det nåværende tidspunkt kan vi dessverre ikke gi noe tilsagn om økonomisk støtte." Aktieselskabet Sydvaranger hadde ikkje nok inntekter til å støtte grunna kostnader til gjenreising av anlegg som hadde blitt øydelagde under krigen.<sup>119</sup>

Hølaas meinte Reksten hadde krav på å bli underretta, fordi han hadde donert 5 000 kroner til arbeidet med instituttplanane via fru Didi Sunde. I brevet fortel Hølaas om prosessen. Det stod klart for han nokså tidleg at instituttet måtte delast i ein privat og ein offentleg del. Den statlige delen skulle overta fleire oppgåver og plikter frå Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og pressetenesta i Utanriksdepartementet. Støtta frå staten skulle utgjere ei grunnstamme som næringslivet, eksportindustrien og store organisasjonar kunne få nytte av. Dei årlege bidraga dei kom med, skulle bli samla i eit fond med eit suverent styre som skulle godkjenne bidrag frå fondet til Instituttet.<sup>120</sup>

Han la ikkje skjul på at han også hadde hatt store vanskar overfor staten, og særskild Finansdepartementet. Etter at komiteen hadde gjort framlegg om ei nyløyving på 130 000 til opprettinga av Instituttet, hadde departementet bedt om å få saka tilsend. I møte med departementet hadde Hølaas blitt møtt med lite forståing.

---

<sup>118</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. Odd Hølaas på komitémøte, 13. oktober 1948

<sup>119</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Brev til Hilmar Reksten 13. november 1948

<sup>120</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Brev til Hilmar Reksten 13. november 1948

Eksportrådet kunne melde at dei viktigaste eksportnæringane ikkje eigentleg var interesserte i "Norgespropaganda".<sup>121</sup> Frå papir- og treforedlingsindustrien vart det hevda at opphavlandet til papiret var irrelevant for kunden. Mange av fiskeeksportørane var også uinteresserte, "og fra shippinghold hører man stadig at det klokeste vi kan gjøre, er å gå stille i dørene og reklamere minst mulig med vår flåtes størrelse."<sup>122</sup> Den norske handelsflåten var på den tida ein av dei største i verda, og dei meinte ein ikkje trengte å annonsere dette: "Rederenes største engstelse er at man i hytt og vær skal gi opplysninger om den norske flåtes størrelse, men de har intet imot en propaganda som konsentrerer seg om flåtens kvalitet og effektivitet."<sup>123</sup>

Det verka altså som om reiarane ikkje var særleg interesserte.<sup>124</sup> Det kan tenkast at dei var einige med næringslivet elles si lunkne interesse for å gi myndigheitene økonomisk støtte til å bygge ut administrasjon. Hølaas uttrykte sjølv i brevet at "Det hersker for tiden stor amperhet i næringslivet overfor alle offentlige institusjoner, og tanken på flere offentlige kontorer er ikke umiddelbert fengende".<sup>125</sup> Ein direktør for ein av dei store kjemiske industriane hadde ringt Hølaas for å seie at "det var bedre av hensyn til vårt renommé i utlandet å få skikk på de offentlige toiletter på jernbanestasjonene enn å opprette nye institutter!"<sup>126</sup> Dette sitatet syner at næringslivet sin motvilje også kunne vere knytt til det dei oppfatta som ein massiv ekspansjon i sentraladministrasjonen i gjenreisingstida. I ein slik situasjon var det svært vanskeleg å få næringslivet si støtte.

---

<sup>121</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Brev til Hilmar Reksten 13. november 1948, "Norgespropaganda" var omgrepet Hølaas brukte, men det kan også ha blitt brukt av eksportnæringen. I dette tilfellet ser det ikkje ut til at omgrepet propaganda vart knytt til noko negativt.

<sup>122</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Brev til Hilmar Reksten 13. november 1948

<sup>123</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret Notat til Utenriksdepartementet 2. desember 1948

<sup>124</sup> Hølaas bad om at Reksten valde ut nokre reiarar som kunne tenkast å vere interesserte i instituttplanane, til å forhandle med komiteen. Men heller ikkje dette såg ut til å kome i stand. Svaret frå Norges Rederforbund var heller dystert. Representanten, Per Johansen, skreiv han har gjort nokre refleksjonar, og tilstod fortruleg at reiarane var nokså "svårflørtad" (vanskelege å begeistre), og dei meinte at saka ikkje vedgjekk dei. UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev til Odd Hølaas 11. november 1948

<sup>125</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Brev til Hilmar Reksten 13. november 1948

<sup>126</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Notat til Utenriksministeren, 2. desember 1948

Komiteen la fram eit forslag i regjeringskonferanse i desember 1948. Finansdepartementet hadde bedt om å få sjå nærare på budsjettet før dei ville gi tilslutning. Forslaget vart seinare ikkje fremja.<sup>127</sup>

### 2.3.3 Mot ei heilstatleg løysing 1949-1950

Etter dette budsjettnerlaget trakk Hølaas seg, og Erling Christophersen blei bedt om å ta over som utgreiingsleiar.<sup>128</sup> Han fekk i oppdrag å utarbeide nytt utkast til forslag. Det ser ut til at han hadde ei meir pragmatisk tilnærming til oppgåva. I referatet frå 1949 heitte det at

Han appellerte til komiteen å se nøkternt på saken, idet han mente at det var viktigere å få opprettet et administrasjonskontor som kunne vareta de løpende kulturelle forpliktelser enn å be om et institutt som ikke ville kunne innpasses i budsjettet.<sup>129</sup>

I det nye forslaget i 1949 hadde komiteen slik gått vekk frå fond og var no "overbevist om at organiseringen må skje ved opprettelse av en statsinstitusjon."<sup>130</sup> Dei var likevel framleis innstilte på å "interessere det private næringslivet for bestemte konkrete

---

<sup>127</sup> Det vart hevda på møtet at utanriksministeren våren 1949 ved to høve reiste debatt om dette instituttet på brei basis i Stortinget, og det står at kommentarane var svært positive.

<sup>128</sup> RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 Kultur og kirkelep. Referat fra møte 16. august 1949. Hølaas skreiv 2. desember 1948 til Utanriksministeren at permisjonen hans frå stillinga som presseattaché i København var over, så han ville vende tilbake dit, men bad om ein sekretær og ein stenograf. "Jeg har iløpet av høsten ofte hatt en deprimerende følelse av at det gikk både tungt og langsomt, men jeg tror nå at det begynner å bli mer gang i tingene. En trøst er det å tenke på at dr. Granberg i Sverige arbeidet i 2 år med Svenska Institutet før det kom i gang(...)" Hølaas vart også svært motvillig til å sjølv skulle bli med når kulturkontoret vart oppretta. Likevel var han leiar det første året, før Christophersen tok over roret. (UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Notat til Utenriksministeren, 2. desember 1948 )

<sup>129</sup> RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 Kultur og kirkelep. Referat fra møte 16. august 1949

<sup>130</sup> I ein "komite-uttalelse" i samband med det nye forslaget sa komiteen seg leie for at det første budsjettutkastet ikkje hadde blitt fremja i 1948 og streka under at endringane dei no hadde føreslege (til dømes reduksjon av administrasjonsutgifter frå ca. 150 000 til 88 000 kr) ikkje var eit uttrykk for eit endra syn på kva plikter og interesser landet hadde, men eit forsøk på å i alle fall få dei aller viktigaste av desse interessene fremja overfor utlandet. "I betraktning av at våre naboland allerede i mange år har hatt sine kulturinstitutter og at statsbevilgningene til disse i siste budsjett-termin og forslaget til neste er sterkt økt, og i betraktning av at det nettopp i nedgangstider er viktig å styrke det mellomfolkelige kulturarbeidet fordi den gangnlige tilbakevirkning på de økonomiske og politiske felter da er av dobbelt verdi, er det ikke med glede at komiteen innsender sitt nye forslag. Det er dog komiteens forvissning at (...) (myndighetene) etter hvert vil utbygge denne lille kjerne til det kulturinstitutt som våre interesser og vår posisjon som kulturnasjon krever" (RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 Kultur og kirkelep Komite-uttalelse i anledning av nytt forslag til organisering av Norges kulturelle samkvem med utlandet, 16. august 1949)

prosjekter.” I forslaget ser det ut til at Christophersen hadde ei meir optimistisk oppfatning av næringslivet si interesse enn Hølaas hadde hatt:

På bakgrunn av den sterke oppslutning om denne tanke også fra privat hold er det Departementets forvissning at det private næringsliv og enkeltpersoner vil slutte økonomisk opp om konkrete oppgaver innenfor rammen av Norges kulturelle interesser i utlandet<sup>131</sup>

#### 2.4 Budsjettvedtak og stortingsdebatt 1950: Rasjonalisering og effektivisering?

Christophersen sitt forslag vart fremja til Stortinget. Den nøkterne tilnærminga hadde gitt utslag i eit forslag om eit heilstatleg, men frittstående Kontor under Utanriksdepartementet. Debatten om å etableringa av Kontoret gjekk føre seg under budsjettdebatten til Utanriksdepartementet 10. mai 1950.<sup>132</sup>

Det var ikkje nokon som var i mot sjølve arbeidet med kultursamkvem. Debatten gjekk på kor vidt ein måtte opprette ein institusjon, eller om eksisterande institusjonar samt det private kunne ta seg av det. Hovudkonfliktlina var kor vidt denne måten å gjere det på var mest effektiv. Dei som uttalte seg mot forslaget var Gabriel Moseid (Bondepartiet), Carl Joachim Hambro og Torolv Kandahl (Høgre).

Moseid såg dette som ein del av "[de] stadig nye knoppskytinger i vår administrative forvaltning." Han meinte at "som så ofte når det er staten som skal rasjonalisere: [...] det blir større administrasjon, flere tjenestemenn og større utgifter." Han fremja difor forslag om å utsetje avgjerda for å sjå på spørsmålet "i en større sammenheng".<sup>133</sup>

Kandahl var i sterk tvil om dette forslaget i realiteten var ei effektiv rasjonalisering. Han meinte ein burde vurdere å slå saman dette Kontoret med Utariksdepartementet sitt pressekontor. Han frykta at ein ville ende opp med to underernærte institusjonar, spesielt fordi han meinte næringslivet først og fremst hadde

---

<sup>131</sup> RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005 "Organisering av Noregs kulturelle samkvem med utlandet" 18. august 1949

<sup>132</sup> Ei eventuell oppretting ville bli ein ny utgiftspost At opprettinga av Kontoret ikkje var ein eigen sak var nok standard prosedyre for oppretting av nye institusjonar, og ikkje eit uttrykk for at denne saka ikkje vart oppfatta som viktig nok.

<sup>133</sup> St. tid. 1950 s. 921-922. Han var også med i nemnda for dette spørsmålet på Stortinget og var der den einaste som stemte mot budsjettinnstillinga Budsjettinnst. S. Nr.18, 1950, s. 1



interesse av "løpende informasjonsvirksomhet, og i mindre grad [...] i snevreste forstand – et arbeid for kulturelt samkvem."<sup>134</sup>

Hambro ville utsetje avgjerda fordi han meinte det at private kunne skjømte dette arbeidet langt betre enn det offentlege.<sup>135</sup> Han hevda eit slikt kontor ville vere å blande i same saka det han meinte var svært ulike føremål: Det kulturelle, utanrikspolitiske og næringsøkonomiske.<sup>136</sup> Han var også kritisk til "knoppskyting" – "Man begynner beskjedent, men vi vet alle hvorledes det vil utvikle seg."<sup>137</sup>

I Utanriksminister Halvard Lange sine svar på motstanden kom motivasjonen for å opprette Kontoret igjen til uttrykk. Han hevda det ein først og fremst trengde, var eit kontor for å gjere Noreg som kultur nasjon kjent ute i verda og legge til rette det materiellet som trongst for at så kunne skjje. Han meinte Kontoret ville bli ei rasjonalisering av den utoverretta innsatsen som absolutt ville gjere arbeidet meir effektivt. Til Kandahl svarte han at behova til pressefronten og kulturfronten var så ulike at dei vanskeleg kunne bli slått saman.<sup>138</sup> Han hevda at i ei rekke andre land hadde arbeidet med det kulturelle samkvem blitt skild frå presseverksemda og lagt inn under meir frittstående organ.<sup>139</sup> Vidare skulle ikkje dette Kontoret ivareta næringspolitiske oppgåver – men Lange hevda likevel at interessa frå næringslivet var der. Han argumenterte med at "En nasjon som er kjent for et høyt kulturnivå, har også lettere for å gjøre seg gjeldende ute rent næringspolitisk enn en nasjon som ikke er det".<sup>140</sup>

---

<sup>134</sup> Forslaget vart sterkt kritisert . Då dette var ein sak som hadde vore diskutert i fire år, meinte Konrad Knudsen (Arbeiderpartiet) at eit slikt samanslåingsforslag ikkje berre kunne slengast på bordet no. "Den musa synes jeg nok man kunne ha født på et noe tidligere tidspunkt." St. tid. 1950 s. 931

<sup>135</sup> St. tid. 1950 s. 931, Tidlegare NKP-medlem, Jakob Friis (Arbeidarpartiet) meinte Kontoret utan tvil måtte vere heilstatleg. Han stilte spørsmålet ved om dette var ei rein utanrikspolitisk sak for norske interesser eller om det var ein del av landet sine kulturoppgåver. St. tid. 1950 s. 924

<sup>136</sup> St. tid. 1950 s. 924-925

<sup>137</sup> St. tid. 1950 s. 931-932

<sup>138</sup> I eit brev med tilråding til Stortinget frå Pressekontoret, står det at dei vanskeleg kunne ta seg av kulturoppgåvene i tillegg til pressearbeidet. Dei meinte utanlandsk presse hadde vist Noreg ei einestående merksemd. Det same hadde utanlandske kunstnarar, forfattarar og forskarstipendiatar som ville studere norske forhold. Eit organ som kunne ta seg av denne stadig aukande arbeidsmengda vart framheva som tvingande nødvendig. Pressekontoret kom med ei tilråding der dei skisserte tre mulege løysingar. Enten eit institutt slik komiteen hadde føreslege, eit institutt utelukkande drive av staten, men støtta av eit fristilt fond, eller ei utviding av personalet i pressetenesta med kvalifiserte kulturfolk. Dette siste alternativet fråråda dei. Det var upraktisk, og ein meinte det burde vere ei arbeidsdeling. (RA/S-2868/E/L0075/0004 Uttalelse fra Utenriksdepartementets pressetjeneste)

<sup>139</sup> St. tid. 1950 s. 924

<sup>140</sup> St. tid. 1950 s. 928. Eit kontor som kunne ta i mot idear og impulsar utanfrå, var òg fremja som viktig. I tillegg meinte han eit slikt kontor kunne forsyne dei som jobba med kultursamkvem ute og dei som studerte i utlandet med eit ankerpunkt heime. Ikkje minst ville eit slikt kontor kunne forsyne Noreg med det apparatet ein trengde for å styrke det utoverretta arbeid som han meinte ikkje hadde vorte tilfredsstillande utført til då.

Forslaget til Christophersen og komiteen vart vedteke. 30 stemde for å utsetje saka.<sup>141</sup> Motstanden vi ser uttrykt i stortingsordskiftet er knytt til den umiddelbare etterkrigstida, kor forsvaret av det Tore Grønlie har kalla "normalstaten" sto sterkt hjå dei borgelege. Dei var einige i at staten og forvaltinga måtte ta seg av dei ekstraordinære oppgåvene som følgje av krigen og kriseløysingane etter frigjeringa, men meinte dette måtte bli avvikla så fort som muleg.<sup>142</sup> Motstandarane av å stadig opprette nye institusjonar meinte såleis at mange saker burde bli vurdert "under meir normale forhold" og var bekymra for kva denne veksten innebar.<sup>143</sup> Hambro var nok den mest markante figuren i motstanden mot ekspansjonen i sentraladministrasjonen i denne perioden.<sup>144</sup> Sterkast var kritikken over hastverk og mangelfull sakshandsaming, så vel som samanblanding av forvaltning og politikk.<sup>145</sup>

## 2.5 Organiseringa: statleg, men frittstående

Det var stadig økonomiske argument som gjorde at Kontoret ikkje vart halvprivat eller fekk eit frittstående fond. Oppfatninga blant politikarane var at sjølv om næringslivet ikkje ville gi tilsegn om støtte i denne omgangen, kunne dei vere villige seinare. I budsjettinnstillinga frå 1950 står det at

Fleirtalet er samd i at tiltaket bør vera mest mogleg frittstående for dermed lettare å kunne få til det turvande samarbeid med institusjonar, personar og det private næringsliv. Men av budsjettomsyn og i von om etter kvart å få til dette samarbeidet finn nemnda no å måtte avgrense tiltaket til eit frittstående kontor.

Den frittstående organiseringa gjorde at Kontoret lettare kunne samarbeide med det private. Dessutan ville dei skipe eit råd, liknande det vi såg i Sverige, som skulle bidra med å finne fram til dei mest praktiske formene for medverknad og samarbeid.<sup>146</sup> Namneendringa frå institutt til kontor kom av at det var meir høveleg til storleiken.

---

<sup>141</sup> St. tid. 1950 s. 933

<sup>142</sup> Grønlie (2009) Sentraladministrasjonens historie etter 1945, bind 1, Bergen: Fagbokforlaget s. 86

<sup>143</sup> Fridtjof Bettum (H), St. 1947 s. 1409

<sup>144</sup> Grønlie (2009) s. 88

<sup>145</sup> Grønlie (2009) s. 188-189

<sup>146</sup> Budsjettinnst. S. Nr.18, 1950, s. 2. Dette rådet ser ikkje ut til å ha blitt noko av før i 1969, mulegeins fordi mykje av oppgåvene vart dekkja av Eksportrådet.

I vedtaket vart Kontoret knytt til Utanriksdepartementet som eit frittstående organ. Det vart framheva at dette likevel ikkje var eit kontor i vanleg departemental forstand. Det hadde ei friare stilling og skulle ikkje berre vere administrerande, men initiativtakande. Det hadde også sitt eige budsjett under eige kapittel.<sup>147</sup> Denne organiseringa var nokså sjeldan i det norske statsapparatet, men der finst unntak. Både Utanriksdepartementet si presseteneste og Eksportrådet hadde noko uvanlege organisasjonsformer. Pressetenesta var nokså frittstående, og Eksportrådet vart finansiert av eksportskattar frå statsbudsjettet.

Statens ungdoms- og idrettskontor (STUI), som vart oppretta i 1946, var også eit kontor med ein noko uvanleg organisering. Dette kontoret kan kaste lys over nokre av dei organisatoriske spørsmåla knytt til Kulturkontoret. I ei bok om STUI vert det hevda at det organisasjonspolitiske ikkje vart vektlagd frå idretten si side. Det viktige var at nemninga *direktorat* kunne gi idretten status i den offentlege politikken. Det avgjerande var likevel å få oppretta ei statleg eining og få staten til å ta ansvar for idretten. I 1946 sa ein seg difor nøgde med eit "kontor". I likskap med Eksportrådet hadde STUI ei særeigen finansieringsordning. Dei var ikkje finansierte gjennom statsbudsjettet, men med tippemidlar som formeira seg i form av renter på konto. Jamvel om STUI var økonomisk frittstående, var det heile tida eit ønske om å bli inkorporert og akseptert i departementstrukturen på eigne premiss.<sup>148</sup> Forsøk på å bli utskild som direktorat vart på slutten av 1960-talet bytt ut med søknad om opprykk til avdeling. Dette var i same tidsrom som Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet vart omdøypd til Kulturavdelinga (1967).

Erling Christophersen vart kalla – og løna som – ekspedisjonssjef, same tittel leiar for ein departementsavdelingar har. Men Kontoret var inga avdeling.<sup>149</sup> Av og til ser vi også tittelen direktør, som elles blei brukt om leiarar av avdelingsseksjonar. Det riktige ville vore byråsjef, som var tittelen på leiaren av eit departementskontor. Men dette bar kanskje feil konnotasjonar? Rolf Hofmo var mangeårig leiar for, og "mannen bak" STUI. Han nekta å bli kalla byråsjef, då dette var for byråkratisk. Å bruke nemninga "kontorsjef" var ein konsesjon og ei vedgåing av at dette ikkje var noko regulært

---

<sup>147</sup> St.meld. nr.78 1956 s. 4

<sup>148</sup> Goksøyr m.fl (1996) Kropp, kultur og tippekamp: Statens idrettskontor, STUI og Idrettsavdelingen 1946-1996, Oslo: Universitetsforlaget s. 277

<sup>149</sup> St.meld. nr.78 1956 s. 5

departementskontor.<sup>150</sup> For Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet var kanskje tittelen viktig for å framstille Kontoret som større enn det var. Ein kommuniserte jo med utlandet. Det låg ein viss prestisje i å bruke pengar på kultursamkvem, fordi det av mange vart rekna som eit overskotsfenomen.

I budsjettinnstillinga frå 1950 ser vi at intensjonen var å finne ein som Christophersen, som ville gå heilt inn for oppgåva og skape oppslutnad kring ho. Det vart sagt at om dette tiltaket skulle lukkast, måtte vilkåra for leiaren ligge til rette slik at den beste mannen søkte.<sup>151</sup> Alt på komitémøte i 1949 hevda Alex Brinchmann at "arbeidet med kunstnere krevet atskillig innsikt og erfaring" og at "man neppe ville kunne finne en habil mann" til den løna som først var føreslege. Løna vart lagt på 17 870 kroner, det same som ekspedisjonssjefane i Utanriksdepartementet og redaktøren i pressetenesta hadde.<sup>152</sup> Dette impliserte ein viss status for den som vart leiar for Kontoret.

## 2.6 Konklusjon

Det var mange årsaker til at ein ville opprette Kontoret. Det var etter krigen ei dominerande oppfatning av at kultursamkvem kunne bidra til ei forsoning mellom land. Éi side av motivasjonen var ei førestilling om at Noreg, i kraft av å vere eit lite land utan kolonifortid, var særskilt eigna til å drive fredsbyggande arbeid. Samstundes eksisterte det ei oppfatninga av at norsk kultur hadde eit stort, unyttta potensiale i utlandet. Ein institusjon ville kunne gi norsk kultur den internasjonale merksemda ein meinte den fortente. Dette var knytt til vekselspeleffekten ein hevda innsats på dette feltet ville gi: Arbeid med kultursamkvem ville gi positive verknader på andre deler av samfunnet, som å feste kvalitet til norske eksportprodukt og å gi betre politiske forhandlingsposisjonar.

Frå Stortinget var motivasjonen spesielt å rasjonalisere og effektivisere den eksisterande verksemda. Det var usemje om kor vidt det å opprette ein ny institusjon ville bidra til dette. Også deler av næringslivet vart sagt å vere kritiske til utbygginga av statleg administrasjon.

---

<sup>150</sup> Gøksøy (1996) s. 275-276

<sup>151</sup> Budsjettinnst. S. Nr. 18, 1950, s. 2.

<sup>152</sup> St.prp.nr. 1 1950 Utenriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål, Vedlegg I, s. 19.

Komiteen for oppretting av Kontoret spelte ei sentral rolle. Samansetninga av denne komiteen indikerte at høgare utdanning, presse- og kulturarbeid kom til å bli tyngdepunktet i institusjonen. I arbeidet med å få til eit delvis privat institutt såg vi at sekretær for komiteen, Odd Hølaas var ein sentral aktør. Då dette forslaget ikkje gjekk gjennom grunna budsjettet, var det Erling Christophersen som slutførte komitéarbeidet. Han foreslo eit statleg kontor i mindre dimensjonar – som komiteen var einige i at var betre enn ingenting.

Kontoret vart altså til i eit politisk landskap der mål og motivasjon var gitt i utgangspunktet, men der interesser, verdisyn og økonomisk bæreevne påverka prosessen og utfallet. Slik er ofte politikk.

## 3. Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1950-1966

### 3.1 Innleiing

*"De mennesker som har tilbrakt en utbytterik og lykkelig tid i vårt land, blir våre beste ambassadører i sine hjemland".<sup>153</sup>*

Noreg sitt kultursamkvem frå 1950 og framover føregjekk i ein periode fylt med sterke spenningar internasjonalt. Den kalde krigen eskalerte. 1950- og 60-åra var kjenneteikna av våpenkappløp, utvidinga av NATO, Ungarn-opprøret, Vietnamkrigen og Cuba-krisa. Desse hendingane, og andre, gjorde at kultursamkvemmet fekk dårlegare vilkår då kommunikasjon og samarbeid mellom landa på tvers av jernteppet vart svekka. På ei anna side kunne kulturen spele ei nøkkelrolle når diplomatiet svikta på andre felt. Som Christophersen uttrykte det i eit intervju med Dagbladet i 1961: "Når det politiske klima er verst, er vår oppgave viktigst."<sup>154</sup>

Dette kapitlet tek for seg verksemda til Kontoret frå 1950 til 1966. Korleis utspelte kultursamkvemmet seg i denne perioden? Korleis organiserte ein dette arbeidet? Kva vart gjort og kva var føremålet? Kva utfordringar og vanskar møtte Kontoret på i verksemda?

Vi kan dele opp verksemda til Kontoret i tre kategoriar. Den første kategorien er verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt. Dette kan vi mellom anna knyte til at det eksisterte særskilde oppfatningar om årsaker til krig og vilkår for fred i politikken Noreg førte.<sup>155</sup> Eit mål var å få til utvekslingar mellom Noreg og andre land, både av menneske, idear og ulike typar kunst og kultur, og eit sentralt verkemiddel var kulturavtalane. Den andre kategorien er den delen av verksemda som skulle fremje velstand, demokratisering og utvikling i område som vart sett som underutvikla i forhold til Noreg. Dette er til dømes knytt til arbeidet mot analfabetisme og fattigdom som føregjekk i det som vart kalla utviklingsland. Den tredje kategorien handla om å vise fram den norske, og i enkelte tilfelle den nordiske samfunnsmodellen til omverda. I dette arbeidet var informasjonsverksemd og publikasjonar om Noreg sentrale verkemiddel.<sup>156</sup>

---

<sup>153</sup> St.meld nr 77, 1966-67, s. 8

<sup>154</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Ingen mistenker Kulturkontoret for skumle hensikter", intervju i Dagbladet 16. desember 1961

<sup>155</sup> Sjø UiO sitt fredsforskningsprosjekt, Pharo (2005)

<sup>156</sup> Det vil ikkje bli lagt så mykje vekt på innhaldet i denne delen,; dette vil bli utførleg drøfta i kapittel 4.

Kategoriane er ikkje gjensidig utelukkande. Til dømes var tilhøvet til Aust-Europa sentralt for alle desse områda. Forholdet til Sovjetunionen var særleg utfordrande. Her handla det spesielt om å bygge tillit og å syne fram den norske samfunnsmodellen for å vise at det var andre måtar å organisere samfunnet på.

Desse kategoriane vil vere bestemmande for oppbygginga av kapitlet. Aller først skal vi sjå nærmare på Kontoret og utforminga av dette og få eit oversyn over verksemda meir generelt. Vi skal også her undersøke korleis Kontoret prøvde å få legitimitet ved å studere korleis den kontekstuell bakgrunn vart tolka – eller lagt fram – forskjellig til ulike tider. Dette vil vere ein viktig bakgrunn for å skjønne dei ulike sidene ved verksemda som følgjer i kapitlet.

## 3.2 Kontoret og sjølvforståinga

### 3.2.1 Få tilsette, mange oppgåver og små midlar?

Då Stortinget fatta vedtak om å opprette Kontoret, vart det lagt vekt på at ein måtte finne ein "skikka mann" som ville gå fullt og heilt inn for oppgåva. I tillegg burde han jobbe for å få til samarbeid med dei rette institusjonane og personane i det private næringslivet, sjølv om ein ikkje hadde fått med desse i finansieringa.<sup>157</sup>

Erling Christophersen sat som ekspedisjonssjef/direktør frå starten av og så og seie samanhengande fram til 1967. Det vil seie, første året var Odd Hølaas var leiar, og frå 1962-64 var Arvid Sveum leiar, medan Christophersen var kulturråd i Washington. I tillegg til å vere biolog og geograf med doktorgrad frå Yale University var Christophersen diplomat i sitt "andre fedreland" USA. Han hadde arbeidd som kulturattaché ved ambassaden i Washington frå 1947 til 1951. Han var med på å opprette den amerikanske sommarskulen ved Universitetet i Oslo og leia denne frå den starta opp i 1947. Han var også sentral i Norge-Amerika Foreningen.<sup>158</sup> Som vi skal sjå vart det med Christophersen som leiar nærliggande at Kontoret fekk ei orientering mot USA og høgare utdanning.

I stortingsdebattane fekk Christophersen mykje ros for å få gjort svært mykje med få midlar.<sup>159</sup> Kritikken gjekk på at han hadde ein tendens til å overskride budsjettet. Som C. J. Hambro formulerte det "[...] det er under tiden litt av en fare å ha en sjef for et

---

<sup>157</sup> Budsjettinnst. S. Nr.18, 1950, s. 2

<sup>158</sup> Jørgensen, Per Magnus [http://nbl.snl.no/Erling\\_Christophersen](http://nbl.snl.no/Erling_Christophersen) (lasta ned 3. mars 2014)

<sup>159</sup> t.d. Arthur Sundt (V) i St. tid 1954 s. 1119

slikt kontor en mann som er altfor interessert i sin gjerning uten å ha noen økonomisk erfaring som bakgrunn for det".<sup>160</sup> Riksrevisjonen gjekk gjennom rekneskapet, og fann overskridingar på om lag 60 000 kroner for 1958/59 og over 100 000 for 1959/60, der særleg kunstutstillingar innebar uføresette utgifter.<sup>161</sup>

Då Kontoret starta opp, hadde det 16 tilsette. Dette talet gjekk ikkje opp under heile perioden dette kapitlet handlar om, men det var noko innbyrdes flytting av personale. I 1956 var det tre avdelingar i tillegg til dei kontortekniske (arkiv og ekspedisjon). Desse var "Avdeling for informasjonsvirksomhet", "Avdeling for internasjonale organisasjoner" og "Avdeling for studieveiledning og utveksling". Avdelingane hadde to tilsette kvar i tillegg til nokre assistentar. I 1966 vart dei to sistnemnde slått saman til "Avdeling for internasjonale organisasjoner og studier", og det kontortekniske vart flytta inn i Utanriksdepartementet sin administrasjon.<sup>162</sup> Som vi skal sjå, vart Kontoret tettare knytt til departementet på 1960-talet, også med lønningar og reiseutgifter. Dette kan tenkast å ha vore knytt til eit ønske om sterkare kontroll over Kontoret, til dømes knytt til budsjettoverskridingar. Løyvingar var i alle fall eit tilbakevendande tema for Kontoret.

Som nemnd hevda mange at Kontoret utretta svært mykje med lite pengar. Slike utsegn hadde ofte som mål å argumentere for auka løyvingar.<sup>163</sup> Det kan likevel hevdast at budsjettet var relativt raust. Med ei løyving på 796 000 kroner for perioden 1951-52 og 16 tilsette låg nivået til dømes godt over Utanriksdepartementet si presseteneste, med sine 154 000. Utanriksdepartementet sitt samla driftsbudsjett låg på om lag 2,3 milliardar, ikkje medrekna utanriksrepresentasjonen.<sup>164</sup>

### 3.2.2 Utvikling i legitimeringa av Kontoret

Stortingsmeldingane fungerte som femårs-rapportar frå Kontoret til Stortinget. I desse vart dei største postane presenterte, og det blei gitt generell informasjon om dei ulike typane verksemd Kontoret dreiv med. Det kom tre slike meldingar: For 1956, 1960-61

---

<sup>160</sup> St. Tid. 1954 s. 1119, C.J. Hambro

<sup>161</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "UD arrangerer dyre utstillinger", 14.oktober 1961

<sup>162</sup> St.meld nr.78 1956 s. 39, St.meld. nr. 77 1966-67 s. 23. Kontoret skifta lokalar frå Kronprinsesse Märthas plass til UD sine lokalar på Victoria Terrasse.

<sup>163</sup> T.d. Kulturattacheen i London 1. januar til 30. juni 1954, Finn Moe i Forhandlingar i Stortinget nr. 447 10. juni 1961, s. 3569

<sup>164</sup> Angell (2014a) s. 98



og 1966-67. I 1972-73 kom det ei melding om norsk opplysningsverksemd i utlandet, der Kontoret var mellom institusjonane som vart rapportert om.

I dei historiske bakgrunnsdelane i byrjinga av meldingane, vart bakgrunnen for Kontoret utlagt på ny.<sup>165</sup> Det som vart lagt fram, kunne vere med på å legitimere Kontoret sin eksistens overfor Stortinget. I spørsmål om å auke budsjettet var det viktig å vise til at arbeidet Kontoret gjorde, var viktig og suksessfullt.

I 1956 la ein i meldinga vekt på utviklinga sidan tida før første verdskrigen. Det vart hevda at offentleg kultursamkvem fram til då var noko statar gjorde når dei hadde råd til "slik luksus".<sup>166</sup> Først i mellomkrigstida vakna forståinga for at kultursamkvem over landegrensene kunne skape tryggleik og tillit, vart det skrive. "Den kulturelle sektor [har] muligheter som ofte ikke finnes på andre fronter. Utnyttet på den riktige måten, kan de lede til at isen blir brutt også på disse."<sup>167</sup> Etter andre verdskrigen, heitte det, vart det klart at Noreg mangla eit samlande organ som kunne ta seg av samarbeid med internasjonale organisasjonar som UNESCO og NATO og forvalte kulturavtalene som var inngått med ulike land.<sup>168</sup> Det vart dessutan hevda at "Overalt i verden arbeides det for å styrke og utbygge nasjonale statlige organer for å fremme slikt kulturelt samkvem, og innenfor de internasjonale statlige organisasjoner inntar kulturarbeidet en stadig bredere plass."<sup>169</sup>

I 1961 vart den kalde krigen brukt som utgangspunkt. "Med all den herskende mistillit og manglende forståelse mellom folkene som for en stor del skyldes utilstrekkelig informasjon og kjennskap til hverandre, er det viktig at målene forfølges med enda større styrke".<sup>170</sup> Her kan vi seie at eksistensen til Kontoret langt på veg vart legitimert med at "utilstrekkelig informasjon og kjennskap til hverandre" var ein del av grunnen for dei pågåande internasjonale konfliktane. Også i denne meldinga vart det vist til at slik verksemd vart styrka og bygd ut elles i verda.

Det var stor grad av kontinuitet frå starten og fram til slutten av 1960-talet. I stortingsmeldinga frå 1961 stod det til dømes at "Kombinasjonen av generell opplysningsvirksomhet og kulturell opplysningsvirksomhet i snevrere forstand (de

---

<sup>165</sup> St.meld nr.77 frå 1966-67 har ikkje historisk bakgrunn, men nemner dei tidlegare meldingane i ei kort innleiing.

<sup>166</sup> St.meld nr.78 1956, s. 2

<sup>167</sup> St.meld nr.78 1956, s. 6

<sup>168</sup> St.meld nr.78 1956, s. 2

<sup>169</sup> Her var vekst og forhøginga i budsjetta til kulturavdelingane i Storbritannia, Frankrike, Vest-Tyskland og Sverige trekt fram. St.meld nr.78 1956, s. 3

<sup>170</sup> St.meld nr.63 1960-61 s. 2

skjønne kunster) som ble etablert ved Kulturkontorets opprettelse har fremdeles vist seg å være en effektiv og rasjonell ordning.”<sup>171</sup> Fram til slutten av 1960-talet var det ikkje noko politisk kontrovers om Kontoret. Desse meldingane passerte nærmast ukommenterte gjennom Stortinget.<sup>172</sup> Det impliserer at Kontoret og verksemda ikkje var noko stridsemne; det verka å vere lite politisk kontrovers om det.

### 3.2.3 Det store mangfaldet i oppgåvene

Stortingsmeldingane gir eit overblikk over verksemda til Kontoret. Oppgåvene var delt inn i tre breie kategoriar. Først trakk ein fram arbeidet med å ivareta samarbeidsavtalar med internasjonale organisasjonar som UNESCO, NATO, Europarådet, Nordisk Kulturkomisjon og Nordisk Råd. I denne kategorien vart også oppgåva å ivareta dei bilaterale kulturavtalane plassert.<sup>173</sup> Desse handla i stor grad om utveksling, så oppgåvene vart mange på dette feltet. I 1961 estimerte ein at berre 10 % av budsjettet gjekk med til det som angjekk ”de skjønne kunster”, resten gjekk til den gjensidige utvekslinga av personar, samt informasjonsverksemd.<sup>174</sup> Utvekslinga omfatta både om stipend, norske studentar i utlandet, internasjonalt studentsamarbeid, professor-utvekslingar, ungdomsutvekslingar, norske lektorar i utlandet og diverse besøk. Med Storbritannia utveksla Noreg studentar og forskarar innanfor humanistiske fag, men også innan medisin, jordbruk, sosialøkonomi og samfunnsvitskapelege fag.<sup>175</sup>

I dei internasjonale organisasjonane var Kontoret ansvarleg for å skaffe deltakarar. Saman med Europarådet vart det til dømes arrangert årlege kurs i europeiske studiar i Strasbourg, kor Kontoret kvart år sende norske deltakarar. Nokre gonger var Kontoret med på å ta initiativ, som med dei årlege seminara for å forbetre historielæreverkene i medlemslanda. I dette arbeidet var rektor og historikar Haakon Vigander den leiande krafta.<sup>176</sup>

---

<sup>171</sup> St.meld.nr 63, 1961 s. 3

<sup>172</sup> Jamvel om det ikkje var kommentarar til meldingane, var det av og til debatt kring verksemda. I stortingsdebattane ser vi av og til kritikk av publikasjonane, som då det var svært dårleg fransk i ein publikasjon om Noreg, og VG kritiserte dette (VG, 21. april 1951 s. 10, ) St. tid. 1951 s. 809-813. Det var også litt ueinigheit om kva forfattarar som skulle verte nemnd i ei framstilling om norsk litteratur for å gjere ho representativ. St. tid. 1954 s. 1119-1122

<sup>173</sup> Ved opprettinga hadde Noreg allereie kulturavtalar med Belgia, Frankrike og Tsjekkoslovakia.

<sup>174</sup> St.meld. nr.63 1961, s. 3

<sup>175</sup> St.meld nr.97 1954 s. 7

<sup>176</sup> St.meld nr.78 1956, s. 9, St.meld.nr 63, 1961 s. 5

Den andre oppgåva knytt til utvekslingar, var å gi råd og informasjon til studentar, både norske i utlandet og utanlandske i Noreg. "Det følger ikke automatisk at en student i et fremmed land får en bedre forståelse av dette landet. Det må målbevisst arbeid til".<sup>177</sup> Kontoret hadde ei stor og ajourført samling av studiekatalogar frå heile verda, og la vekt på at studentar skulle få opplysningar av ein slik kvalitet og i eit slik omfang at ikkje "verdifulle år og dyre penge blir bortkastet."<sup>178</sup> I 1958 vart dette studierettleiingsarbeidet delt med Lånekassen.<sup>179</sup>

Den tredje oppgåva var å drive "en ansvarlig opplysningsvirksomhet om Norge i utlandet på det upolitiske område."<sup>180</sup> Verksemda gjekk ut på å gi ut eller gje økonomisk støtte ulike publikasjonar om Noreg. Dette var brosjyrar og bøker, film, bilete og filmband som omhandla svært mange deler av det norske samfunnet.<sup>181</sup>

Arbeidet med "de skjønne kunster" var både del av kulturutvekslingane og opplysningsarbeidet om Noreg. Meldingane ramsa kort opp kva for utstillingar Kontoret hadde vore med på å arrangere. Den største utstillinga var Vikingutstillinga, som turnerte i Paris og Brüssel og synte kunst frå vikingtida og fram til det 18. århundret. Denne utstillinga vart sett av 100 000 menneske og vart rekna som den mest betydningsfulle norske utstilling Kontoret hadde vore med på å arrangere så langt. Fleire norske riksklenodium var med, mellom anna Baldisholteppet.<sup>182</sup>

Elles var vandreutstillingar vanlege. Dei kunne gå frå land til land, eller innad i land, slik som vandreutstillinga av moderne norsk grafikk som sirkulerte i Storbritannia frå 1957 til 1960.<sup>183</sup> Andre utstillingar var av norske bøker, frimerke og barneteikningar, medan nokre dreidde seg spesifikt om kjende nordmenn, til dømes Henrik Ibsen eller Edvard Grieg.<sup>184</sup> Utstillingane inneheldt elles mest biletkunst, brukskunst eller kunsthåndverk. Det som vart kalla folkekunst vart gjerne framheva som eit godt middel for å skape forståing mellom folk fordi den illustrerte kor like folk var: "Putt en krukke

---

<sup>177</sup> St.meld nr.78 1956, s. 18

<sup>178</sup> St.meld nr.78 1956, s. 19

<sup>179</sup> St.meld.nr 63, 1961 s. 9

<sup>180</sup> St.meld nr.78 1956, s. 3

<sup>181</sup> Dette skal vi sjå nærmare på i neste kapittel

<sup>182</sup> Eit berømt veveteppet frå mellomalderen, ca. 1040–1190, St.meld nr.48 1956, s. 29 Det vart jobba hardt for å sende utstillinga til andre land, mellom anna USA, men det viste seg å ikkje vere muleg

<sup>183</sup> St.meld nr.63 1960-61 s. 21

<sup>184</sup> St.meld nr.63 1960-61 s. 25

fra Trøndelag midt i samlingen [av rumensk keramikk], og ingen vil merke det! [...] likheten er stor i folkekunsten”.<sup>185</sup>

I ”de skjønne kunster” hørde også den utøvande kunsten til. På dette området var Kontoret med på å støtte turnear og førestillingar innan musikk, teater, ballett og folkedans for både amatørensemble og meir profesjonelle.<sup>186</sup> Fiolinist Arve Tellefsen og pianistane Jan Henrik Kayser, Liv Glaser og Kjell Bækkelund var gjengangarar på 1950- og 60-talet.<sup>187</sup> Kontoret såg ikkje på det som si oppgåve å utveksle kunstnarar som på den tida allereie hadde skaffa seg eit verdsry.<sup>188</sup>

Den dagelege drifta av Kontoret handla likevel mykje om å svare på spørsmål frå kulturkontor eller andre kulturinstitusjonar i utlandet, eller privatpersonar – ”Chrisophersens dag begynner med en brevbunke fra mange land, deretter tar han imot besøkende som taler ymse tungemål”, heitte det i eit intervju i 1960.<sup>189</sup> I brevbunken låg det førespurnader om svært mykje forskjellig, og for å svare på desse vart gjerne fagfolk konsulterte.<sup>190</sup>

Det vart under etableringa førespegla at Kontoret skulle koordinere, formidle og ta initiativ. Frå Kontoret verka oppfatninga å vere at det siste ikkje let seg gjere. I 1961 utalte Christophersen til Dagbladet at: ”Hittil har vi nesten ikke kunne ta initiativ, men har måttet innrette oss etter behovene utenfra, behovene for kontakter og for informasjon om norske forhold.”<sup>191</sup> Den underliggande budskapet kan her også tenkast å ha vore å formidle at det måtte satsast meir på dette feltet.

---

<sup>185</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Erling Christophersen siterer direktør for Kunstindustrimuseet i Trondheim, Thorvald Krohn-Hansen, i ”Blomsterdoktorer på kulturbeitet” Arbeiderbladet 17/4 1958

<sup>186</sup> På ei utstilling av internasjonale teaterdekorasjonar på Universitetsbiblioteket i 1965, skilde Polen og Tsjekkoslovakia seg ut. Kontoret sytte i etterkant for at ei gruppe norske teatermalalarar fekk reise på studietur til desse landa og lære RA/S-4102/D/Df/L0028/0003, Utenriksdepartementet, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, ”Norske teatermalere til Polen og Tsjekkoslovakia”, 2. mars 1966.

<sup>187</sup> St.meld nr.63 1960-61 s. 26-27, St.meld nr.77 1966-67 s. 20-21

<sup>188</sup> Dei har ikkje spesifisert kriterier for verdsry – Tellefsen var til dømes byrja å bli kjend i utlandet på 1960-talet, men vart nok mest kjend på 1970-talet St.meld nr.77 1966-67 s. 18

<sup>189</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, ”Han vil hindre krig med ”kultursamkvem””, intervju i Nationen 6. februar 1960

<sup>190</sup> I arkivet til Universitetsbiblioteket ligg det svært mange førespurnader om litteraturspørsmål, slektsgransking og mykje anna. Biblioteket svarte svært utfyllande og raskt. Det kan verke som om Kontoret tok det som ei sjølvfølge at alle var like interesserte i å yte service mot utanlandske førespurnader. Notert i margin på ein av korrespondansane til universitetsbiblioteket frå Kontoret står det ”Tenk - det takkes!” RA/S-4102/D/Df/L0028/0003, Utenriksdepartementet, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, brev til Øyvind Anker 29. juni 1966

<sup>191</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, ”Ingen mistenker Kulturkontoret for skumle hensikter”, intervju i Dagbladet 16. desember 1961

Gjennomgangen av verksemda i stortingsmeldingane er relativt kort og utan informasjon om prosessar og føremål med arbeidet. Går vi til arkivet, kan vi finne meir ut om korleis verksemda utspelte seg og korleis ho var organisert. Vi kan gå i djupna på enkelte punkt og dette kan seie oss meir om måla. Vi skal no sjå på verksemda ut i frå dei tre grupperingane eg skisserte i innleiinga.

### 3.3 Verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt

*"Sinnets nedrusting er meget viktigere enn nedrustingen nasjonene mellom."*<sup>192</sup>

#### Kulturavtalar

Ein vesentleg del av verksemda for å bygge tillit og førebygge konflikt dreidde seg om kulturavtalar og samarbeidsorganisasjonar på tvers av landegrensar. I 1967 hadde Noreg 17 bilaterale kulturavtalar, som kunne seiast opp etter fem år. Det vart inngått avtalar med Frankrike (1927, fornya og utvida i 1953), Tsjekkoslovakia (1937), Storbritannia (1948), Belgia (1948), Nederland (1955), Jugoslavia (1955), Italia (1955), Forbundsrepublikken Tyskland (1956), Sovjetunionen (1956), Israel (1957), Tyrkia (1958), Polen (1958), Spania (1959), India (1961), Folkerepublikken Kina (1963), Irland (1964), Den Forente Arabiske Republikk (1967).<sup>193</sup>

USA står ikkje nemnd over. Som vi såg i førre kapittel hadde Noreg allereie starta utvekslingar med USA gjennom Den amerikanske sommarskolen ved Universitetet i Oslo. I tillegg hadde Noreg ein heilt spesiell avtale med amerikanarane; *Fullbright-avtalen*. Denne vart inngått i 1949 og gjekk i hovudsak ut på å "finansiere studier, forskning, undervisning og annan undervisningsmessig virksomhet til eller for amerikanske borgere ved norske skoler og høyrere lærestanstalter i Norge" og "dekke reiseutgifter for norske statsborgere som ønsker å frekventere amerikanske skoler og lærestanstalter". Den vart finansiert ved midlar i norsk valuta som vart skaffa ved sal av amerikansk overskotsmateriale i Noreg etter andre verdskrig.<sup>194</sup> Frå amerikansk hald

---

<sup>192</sup> Christophersen i intervju, UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Personlig utveksling er det viktigste", Morgenbladet 16. april 1958

<sup>193</sup> Union mellom Egypt, Syria, Yemen frå 1958-1961. (avtalen vart inngått i 1967, og ser ut til å gjelde Egypt) RA/S-2916/D/L0583/0001, NAVF "Norges bilaterale kulturavtaler" - skriv frå ein konferanse i Utanriksdepartementet 12. oktober 1971

<sup>194</sup> St.meld nr. 78 1956, s. 18

vart dette formulert slik: "Following World War II, The Fullbright Act converted the leftovers from war into instruments of peace".<sup>195</sup>

Det vart oppretta eit fond for å administrere avtalen, med eit styre på fire amerikanarar og fire nordmenn og den amerikanske ambassadøren som honorær formann. Dei fire amerikanske medlemmene vart oppnemnde av ambassadøren, og dei fire norske av den norske kyrkje- og undervisningsministeren. Slik sett stod Kontoret utanfor administrasjonen av denne avtalen, men det heldt likevel eit nært samarbeid med fondet.<sup>196</sup> Denne avtalen var slik i ei særstilling og impliserer at samarbeidet med USA var så tett allereie at det ikkje var naturleg med ein bilateral kulturavtale lik dei andre. Vi skal snart sjå at det var fleire grunnar til dette spesielle samarbeidet.

For resten av dei bilaterale avtalane var det to typar. Den første var avtalar med detaljerte forskrifter om samarbeid på dei ulike felta (Frankrike, Storbritannia, Belgia og Nederland), og den andre var generelle "rammeavtalar" som hadde ein føremålsparagraf og ein paragraf om korleis ein skulle nå føremålet, og så nokre administrative paragrafar.<sup>197</sup>

Som del i kulturavtalane hadde Noreg også stipendavtalar med fleire land. Desse gjekk ut på at studentar i andre land kunne søke om å få stipend for å studere i Noreg, og at norske studentar til gjengjeld kunne søke om stipend i desse landa. Noreg hadde omlag 20 slike avtalar, der dei fleste tilbydde eitt stipend per land. Med Danmark, Sverige, Nederland, Belgia og Sveits var det to stipend, med Vest-Tyskland tre, og med Storbritannia og Frankrike fire, men dette kunne variere noko frå år til år.<sup>198</sup> I andre tilfelle var Kontoret med å betale reise for norske utsendte, medan tilsvarende institusjonar i andre land betalte reisa for sine.<sup>199</sup>

Som vi såg over, vart det også inngått kulturavtalar med ikkje-vestlege land. Kulturavtalen med India som var ratifisert i 1961, var den første kulturavtalen India

---

<sup>195</sup> Johnson (1965) *The Fullbright program: A History*, The University of Chicago Press, Chicago, London s. 3

<sup>196</sup> St.meld nr. 78 1956, s. 18. Arkivmaterialet i denne avtalen blir forvalta av Fullbrightfondene, og det har ikkje blitt undersøkt til denne oppgåva då det går noko utanfor Kontoret si verksemd.

<sup>197</sup> RA/S-2916/D/L0583/0001, NAVF "Norges bilaterale kulturavtaler" - skriv frå ein konferanse i Utanriksdepartementet 12. oktober 1971

<sup>198</sup> RA/S-2701/2/D/Dd/Ddb/L0077/0002, Utenrisstasjonene, Indiafondet, Kerala prosjektet, "Norwegian Government scholarships for foreign students" 15. november 1965

<sup>199</sup> St.meld. nr.97 1954, Oversikt over det kulturelle samkvem mellom Norge og Det Forente Kongerike Storbritannia og Nord-Irland, s. 7. Universiteta i Storbritannia og Noreg sende ut invitasjonar til professorar i det andre landet, og dekkja opphaldet, medan reisa vart dekkja av heimlandet sine kulturkontor eller tilsvarende.

hadde med eit vest-europeisk land.<sup>200</sup> Noreg inngjekk kulturavtalar med både austblokkland som Russland, Tsjekkoslovakia og Polen og eittpartistatar som Kina, Jugoslavia og Spania. Dette kan vi sjå i samanheng med at det vart hevda at kulturen si tillitsskapande rolle var avgjerande for "den kulturutveksling som er tatt opp med land som har en annen politisk, økonomisk og sosial struktur enn vår egen".<sup>201</sup> Behovet for å forstå kvarandre var kanskje størst i møte slike land.

### *Internasjonale samarbeidsorganisasjonar og ei angloamerikansk orientering*

Det har vorte hevda at UNESCO på denne tida opererte som formidlar av liberal-demokratiske idear av angloamerikansk opphav. Første verdskrig hadde sett i gang eit markert skifte mot vest i internasjonal vitskap og kultur. Andre verdskrig fullførte denne prosessen ved å flytte tyngdepunktet i internasjonalt intellektuelt og kulturelt samarbeid frå Frankrike mot Storbritannia og USA.<sup>202</sup>

Under krigen hadde dei allierte oppretta nettverk i USA og Storbritannia, der den kulturelle rekonstrueringa og demokratiske ny-utdanninga i etterkrigs-Europa vart planlagd. Norske akademikarar og politikarar var aktive her.<sup>203</sup> Vidare viste Noreg seg å vere eit land kor den politiske, kulturelle og utdanningsmessige arven var særskild kompatibel med slike idear.<sup>204</sup> Særleg gjaldt dette i synet på *pedagogisk progressivisme* i grunnskuleutdanninga. Ein sentral tanke her var demokrati på alle område i samfunnet.<sup>205</sup> Både norske, britiske og amerikanske lærarar delte forståinga av utdanning som ei heilskapleg sosialisering mot eit demokratisk levesett.<sup>206</sup> Etableringa av UNESCO er hevda å ha vorte inspirert av denne same idealismen og broderlege atmosfæren ein fann under krigen.<sup>207</sup>

Den akademiske samansetninga av komiteen for oppretting av Kontoret kan sjåast som uttrykk for nokre av desse ideane. Olaf Devik var delegat på UNESCO-konferansane i dei to første åra det vart arrangert, og formann for det norske UNESCO-komiteen då arbeidet med utgreiing av Kontoret føregjekk. Han skreiv også lærebøker i

---

<sup>200</sup> St. tid. 10.juni 1961, ratifikasjon av kulturavtalen mellom Norge og India av 19.april 1961, s. 3510

<sup>201</sup> Angell (2013a) s.98, St. meld. nr. 63, 1960-61, s. 2

<sup>202</sup> Angell (2014b) s.9-10, Thue (2006), In Quest of a Democratic Social Order s. 163-165

<sup>203</sup> Angell (2014b) s.9-10, Thue (2006) s. 163-165

<sup>204</sup> Thue (2006) s. 174

<sup>205</sup> sjå Myhre, Reidar (1972) *Amerikansk progressivisme og essensialisme* i Store pedagoger i egne skrifter, Fabritus forlag, Oslo, og Tjeldvoll, Arild, <http://snl.no/pedagogikk> (lasta ned 14.april 2014)

<sup>206</sup> Thue (2006) s. 174

<sup>207</sup> Thue (2006) s. 169

fysikk med fokus på elevøvingar og eksepeiment, som kan hevdast å høyre til den progressive pedagogikken. I tillegg hadde medlemmene frå komiteen til oppretting av Kontoret, Otto Lous Mohr og Andreas H. Winsnes, ei angloamerikansk akademisk tilknytning. Mohr frå utveksling i New York og Winsnes frå direktørstilling i Norsk-britisk institutt.

Direktør for Kontoret, Erling Christophersen, gjekk også inn i denne atlantiske orienteringa. I 1962 reiste han tilbake til Washington, der han tidlegare hadde vore kulturattaché. Han skulle då jobbe som kulturråd i den amerikanske hovudstaden. I eit intervju med Dagbladet vart han spurt om dette var fordi metningspunktet var nådd. "Egentlig er det for å lære mer og utdanne meg vidare jeg tar de nærmeste par årene i Amerika. Der har man lenge hatt undersøkelser i gang for å bringe på det rene hvordan man best skal nå resultater i arbeidet for bedre mellomfolkelig forståelse."<sup>208</sup> Han hadde også hatt eit opphald i USA og Storbritannia i 1957 for å studere "det omfattende videnskapelige arbeidet som utføres for å finne hva som egentlig kommer ut av kultur-utvekslingen."<sup>209</sup>

Den nye orienteringa innebar også eit nytt fokus på samfunnsvitskapen og ei forståing av utvekslingsstipend som bidrag til demokratisering.<sup>210</sup> Også dette vart knytt til Kontoret. Christophersen kopla den breie definisjonen Kontoret brukte på kultur til samfunnsvitskapen: "Vi bruker ordet [kultur] i sosiologisk betydning her i gården."<sup>211</sup> Christophersen sin nestkommanderande for ein periode, Sten Sparre Nilsson, var sjølv del i den nye orienteringa mot samfunnsvitskapen.<sup>212</sup> Vidare var Stein Rokkan med i ein komité nedsett i 1958 som skulle evaluere kontoret. Han var "personifiseringa av den nye orienteringa i samfunnsvitskapen i etterkrigstida".<sup>213</sup> Han vart også som universitetsstipendiat invitert til London School of Economics, som regelmessig inviterte yngre norske forskarar gjennom kulturavtalen med Noreg.<sup>214</sup>

---

<sup>208</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Ingen mistenker Kulturkontoret for skumle hensikter", intervju i Dagbladet 16. desember 1961

<sup>209</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Kontakt mellom folkene grunnleggende for virkelig forståelse", Aftenposten 10. juli 1957

<sup>210</sup> Angell (2014b) s.10, Thue (2006) s. 189-190

<sup>211</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Blomsterdoktoren på kulturbeitet" Arbeiderbladet 17. april 1958

<sup>212</sup> Angell (2014b) s.10 Trass i den angloamerikanske dominansen i faglitteraturen, skreiv han artiklar både på fransk og tysk Berntsen, Sten Sparre Nilson, <http://www.ub.uio.no/fag/samfunn-politikk/statsvit/ressurser/sten-sparre-nilson.pdf> (lasta ned 15. april 2014)

<sup>213</sup> Angell (2014b) s. 10

<sup>214</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Valen på Longplaying" Arbeiderbladet 29. mai 1956



UNESCO-samarbeidet hadde før vore Kyrkje- og undervisningsdepartementet sitt område. Det vart ein del av dei mange oppgåvene Kontoret overtok for å gjere arbeidet med kulturelt samkvem meir samordna. Kontoret si oppgåve vart då å syte for det offisielle sambandet med generalsekretariatet til UNESCO i Paris og handsame saker som vedkom Noreg si tilslutning til konvensjonar eller organisasjonar oppretta av UNESCO. Vidare var det oppgåver knytt til Noreg si deltaking på UNESCO sine generalkonferansar, som å utarbeide instruks til delegasjonen. Blant UNESCO-sakene nemner stortingsmeldinga i 1956 vern av kulturgjenstandar i tilfelle væpna konflikt, konvensjonen om universell copyright, overeinskomst for å lette internasjonal spreieing av lyd- og bilete-materiell av utdannande, vitskapeleg og kulturell art.

I samband med studentutvekslingar, gav UNESCO årleg ut "Study Abroad" om studiemulegheiter og stipend rundt om i verda. Kontoret var her med på å skaffe materiale. Ein annan publikasjon Kontoret skaffa materiell til, "Trade Barriers to Knowledge", gjorde greie for toll- og valutareglar som hindra fri sirkulasjon av bøker, informasjonas- og undervisningsmaterieil.<sup>215</sup> Dette kan vi tolke inn i kald krig-konteksten, då den frie flyten var ein nøkkilverdi frå vestleg side, særleg frå USA. Ein viktig del av målsetnaden med kulturutveksling for dei vestlege landa var å påverke Sovjetunionen i retning av ein friare flyt av informasjon gjennom kulturavtalane.<sup>216</sup>

For NATO sin del var det kulturelle samarbeid stort sett ein beskjeden del av verksemda. Det dreidde seg mest om studieprogram for forskarar (fellowships) og utveksling av gjesteprofessorar innanfor historie, politikk, konstitusjonelle problem, lovgjeving, og sosiale og økonomiske problem med relevans for Atlanterhavssamfunnet.<sup>217</sup> Men Noreg tilla dette arbeidet òg ein viktig funksjon. Christophersen hevda i ei oversiktsskriv om kontorverksemda at "Det er unødvendig å peke på betydningen av det mellomfolkelige samarbeid i den 4. kvadrant innanfor NATO, spesielt i lys av nåværende avspenning."<sup>218</sup>

I stortingsmeldinga frå 1956 vart eit utdrag frå Atlanterhavspakta sin artikkel 2 sitert:

---

<sup>215</sup> St.meld 78, 1956 s. 6-7, i 1951 vart det oppretta eit eige sekretariat for nasjonalkommisjonen for UNESCO, og dei jobba nært med Kontoret og hadde også medlemmer med i kommisjonen.

<sup>216</sup> Rostgaard (2011) s. 489

<sup>217</sup> St. Meld. Nr. 77 1967, s. 5

<sup>218</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Sendemannsmøte september 1953. "4.kvadrant" viser til kulturen som det fjerde verkemiddelet til verdas land; politikk, økonomi, militær og kultur (UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Kulturkontoret ikke kamuflert eksportforretning", VG 6. august 1952)

Partene vil bidra til den videre utvikling av fredelige og vennskapelige mellomfolkelige forhold ved å styrke sine frie institusjoner, ved å skape en bedre forståelse av de grunnsetninger som disse instiusjoner bygger på og ved å fremme vilkårene for stabilitet og velferd. De vil søke å fjerne konfliktstoff i sin mellomfolkelige økonomiske politikk og vil oppmuntre økonomisk samarbeid seg imellom.

Noreg var blant dei landa som gjekk sterkast inn for at denne artikkelen om det sivile samarbeid skulle kome med i pakta.<sup>219</sup>

### *Kulturutvekslingar - Den vanskelege, men viktige utvekslinga med Sovjetunionen*

”Gjensidig mistenksomhet og varsomhet preger forholdet mellom Øst og Vest,” sa Christophersen i eit intervju i 1960. Han meinte det difor var spesielt viktig å få til utveksling med Sovjetunionen. Han agiterte for å møte russarane med tillit og meinte at Noreg måtte ta første steg: ”Uten våre skjold ville vi ikke hatt noen mulighet for å drive ikke-militær virksomhet. Men [...] vår virksomhet skal ta sikte på å gjøre skjoldene overflødige [...] én av partene må være villig til å krype fram fra skjoldets skygge.”<sup>220</sup>

Den kalde krigen gjorde med andre ord Sovjetunionen til det viktigaste målet for skape tillit og førebygge konflikt. Fleire gonger oppstod det konflikhtar som gjorde samarbeidet vanskeleg. Tanken med kultursamkvem i slike tilfelle var at det skulle vere ein kanal ein framleis kunne kommunisere gjennom – litt kontakt var betre enn ingen. I eitt tilfelle valde likevel Noreg å bryte også den kulturelle kontakten – etter Sovjet sin valdelege reaksjon på frigjeringsoppstanden i Ungarn i 1956. Noreg hadde då reagert med å stoppe kulturutvekslinga, men fire år etter var den tilbake.<sup>221</sup> I andre tilfelle heldt kultursamkvemmet fram trass i at kontakten på andre område var kjølna.

Då Francis Sejersted og ein medstudent drog på utveksling til Sovjetunionen i 1960, var det dei første utvekslingsstudentane frå Noreg sidan Ungarn-oppstanden i 1956.<sup>222</sup> Haustsemesteret 1960 var to nye norske studentar på plass i Russland, men dei

---

<sup>219</sup> St.meld 78, 1956 s. 7

<sup>220</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Christophersen i intervju med Vårt Land, 5. april 1960, ”UD’s kultursjef om kultur-diplomati?” I dette tilfelle er det aust og vest for jernteppet som er meint.

<sup>221</sup> St. tid. 7. feb 1957 Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1950-56, s. 392

<sup>222</sup> Sejersted, Francis (1961) *Moscow Diary*, London: Ampersand s. 7. Dette er dagboka til Sejersted frå tida i Sovjet, som han publiserte året etter han kom tilbake til Noreg.

russiske stipendiatane til Noreg let vente på seg. Jarle Simensen hjå Norsk Studentsamband, som handterte mykje av det praktiske med utvekslingane, meinte dette var knytt til ein meir skeptisk haldning til Noreg etter "flyepisodene".<sup>223</sup> Hendinga han refererte til var då det vart avslørt at amerikanarane hadde fått bruke norske flyplassar som "basar" og utgangspunkt for tokt mot Sovjetunionen. I mai 1960 vart eit amerikansk spionasjefly av typen U-2 skote ned i russisk luftrom medan det var på veg til Bodø flyplass. Det synt seg seinare at Bodø hadde blitt brukt til slik aktivitet tidlegare også. Krustsjov avlyste dermed det avtalte toppmøtet i Paris same månad, og hendinga bidrog til å auke den internasjonale spenninga ytterlegare. Noreg hadde gjennom ambassadøren i Moskva, Oscar C. Gundersen, fått ei skarp åtvaring året før, og det var forlangt at flygingane tok slutt.<sup>224</sup>

Den svekka tilliten til Noreg etter U-2-hendinga gjekk heilt ned på studentplan. Sejersted hevda at den russiske utanriksavdelinga på Universitetet i Moskva gjorde innlands-reiseplanane deira svært vanskelege etter denne hendinga. Han hevda også at denne utanriksavdelinga brukte høvet til å kome med formaningar om at slike hendingar synt vesten sin aggressivitet.<sup>225</sup>

Det ser ut til at utvekslinga med Sovjet vart oppfatta som viktig, men noko skjør. Tre norske studentar i Moskva skreiv eit oppgitt brev heim til studentsambandet. Dei var så misnøgde med byråkratiet og butilhøva at dei hadde truga dei ansvarlege ved universitetet i Moskva om å reise heim, om det ikkje snart vart ordna. I svaret frå studentsambandet vart det åtvara sterkt mot å reise heim. Det vart hevda at heile kulturavtalen då stod på spel. Dette var fordi det "som kjend" heile tida hadde vore Noreg som hadde teke offensiven for å få i stand samarbeid, og russarane hadde følgd etter, med større eller mindre iver. Saka var særskild problematisk fordi ein norsk student bestemt seg for å reise heim semesteret før. Studentsambandet åtvara med Utanriksdepartementet i ryggen, at om dei gjorde det same ville det bli umuleg å halde fram med studentutvekslinga. Dessutan ville det bli svært vanskeleg å gjennomføre dei andre tiltaka i kulturavtalen med Sovjet.<sup>226</sup>

Marianne Rostgaard hevdar at det i utvekslinga mellom Vesten og Sovjet var ei utfordring med omsyn til resiprositet i kva felt utvekslingsstudentar og -forskarar skulle

---

<sup>223</sup> RA/PA-0794/Fd/Fdk/L0099/0002 NSU, brev til Jarle Simensen frå V. Lesnichy, 13.august 1960

<sup>224</sup> Eriksen, Knut Einar og Pharo, Helge Øystein, *Kald krig og internasjonalisering. 1949-1965, Norsk utenrikspolitikks historie. Vol. 5* (Oslo: Universitetsforlaget, 1997).s.210-211

<sup>225</sup> Sejersted (1961) s.12-13

<sup>226</sup> RA/PA-0794/Fd/Fdk/L0099/0002 NSU, brev frå Frode Omang, 5. oktober 1961

kome frå. Vesten sendte stort sett ut humanistar; studentar og forskarar innan språk, litteratur og historie. For Sovjet sin del var utvekslingane ein mulegheit til å hente heim kompetanse ved å sende ut teknikarar og naturvitarar. Det var samstundes viktig å hindre at idear frå den frie marknadsøkonomien skulle slå rot hjå sovjetiske økonomar, sosiologar og samfunnsvitarar. Difor fekk ikkje vestlege forskarar frå desse felte innreiseløyve, og svært få sovjetiske vart sende ut. Frå Vesten vart dette oppfatta som problematisk, men det vart erkjent at ein i alle fall kunne "avbolsjevisere" dei teknikarane som utveksla.<sup>227</sup>

Desse refleksjonane vart ytra på eit møte i East-West Working Group.<sup>228</sup> I byrjinga av 1960-talet vart spesielt bekymringar knytt til sovjetiske vennskapsforeiningar diskutert på desse møta. Rostgaard hevdar at Noreg var særskilt uroa for slike foreiningar i Nord-Noreg, og den tilhøyrande trafikken over grensene slik privat utveksling medførte.<sup>229</sup> Dei norske representantane meinte at det var vanskeleg for vanlege folk å skilje mellom dei som var inviterte av slike foreiningar og av den norske staten. Slik kunne dei statlege kulturutvekslingane kome til å ufrivillig legitimere arbeidet til desse venskapsforeiningane.<sup>230</sup>

Nokre år tidlegare hadde *Den sovjetiske forening for vennskap med Norge* tilsynelatande prøvd å unngå at den norske ambassaden var innblanda i ei filmutvekslinga dei skulle gjennomføre i Moskva i samband med ei 17.maifeiring.<sup>231</sup> Filmen som skulle visast var spelefilmen *Ni liv* med handling lagt til andre verdskrigen. På premieren i 1959, heldt den norske ambassadøren, Oskar C. Gundersen, tale.

---

<sup>227</sup> å gjere dei mindre kommunistiske og gjere dei opne for alternative tankegod, Rostgaard (2010) s. 494

<sup>228</sup> East West Working Group var ei uformell gruppe som vart etablert på britisk initiativ i 1960. Dei møttest éin gong i året og drøfta mål og middel i kulturutvekslinga med austblokka. Dei jobba mellom anna for koordinering og samordning av kontakten mellom aust og vest. Blant landa som var med, var Noreg, Danmark, USA, Canada, Storbritannia, Australia, Belgia, Frankrike og Italia. USA var ein pådrivar for å bruke kontakten med aust til å skaffe informasjon som kunne delast vidare på desse møta. Dette var det usemje om, men landa var einige i at dei sjølve ville ha overtaket i kulturutvekslingane, og ikkje risikere at Sovjet fekk for mykje innflytelse. Rostgard (2010) s.485-488

<sup>229</sup> Særskilt problematisk hadde det vore i 1963, då det gjekk rykte om at russarane skulle setje opp TV- og radiomast nær grensa til Nord-Noreg, som kunne kringkaste til delar av Noreg som enda ikkje var dekkja av norsk rikskringkasting. Rostgaard (2010) s. 490, note 29. Denne frykta kan vi knyte til bekymringa for at kommunistisk propaganda skulle vinne fram i nord. Det var ein generell frykt for kommunismen, og under Kråkerøytalen hadde Gerhardsen karakterisert kommunismen og kommunistpartiet i Noreg som "den indre fare", etter det kommunistiske kuppet i Tsjekkoslovakia i 1948.

<sup>230</sup>Rostgard (2010) s.490-491

<sup>231</sup> Det vart i filmutvekslinga mellom Noreg og Sovjet til dømes arrangert ein norsk filmfestival i Moskva og ein russisk i Oslo. Men det synt seg å vere lite interesse for norsk film i Sovjet. Medan Noreg mellom 1945 og 1959 hadde importert 100 russiske filmar, hadde straumen andre vegen berre vore på 5 filmar. Noreg hadde produsert 127 spelefilm i denne perioden. (UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, Studiereise til Moskva 5.-13.juli 1959)

Visekulturminister, Nikolai Damilov, hadde like før framheva at han at det var svært positivt at Noreg og Sovjetunionen hadde slutta ein gjensidig avtale om kulturelt samarbeid og at denne no var i gang. Gundersen var einig, ikkje berre på grunn av utvida og rikare kunstoplevingar, men fordi det "gir oss også anledning til å lære folk og land bedre å kjenne, og ved bedre kjennskap til hverandre bør det følge bedre forståelse av hverandre."<sup>232</sup>

Denne filmen er ikkje ein av informasjonsfilmane om Noreg, sjølv om det nok var ønskjeleg at verdiane i filmen om samhald og å kjempe for det som er rett, skulle bli assosiert med Noreg. Filmene høyrer heller heime i kunstfilm-sjangeren, som var eit velbrukt ord i kultursamkvemmet.<sup>233</sup> Gundersen avslutta med å uttrykke "håpet om at vi i dag står ved ein milepel i et lyst og fruktbart kulturelt samband mellom våre to folk."<sup>234</sup> Til grunn for denne kulturutvekslinga låg det eit håp om at kulturen kunne gi godt naboskap og samarbeid.

Men dette arrangementet var opphavleg ikkje meint å vere ein del av den bilaterale statlege kulturavtalen mellom Noreg og Sovjet. Arrangøren, Den sovjetiske forening for vennskap med Norge hadde ikkje invitert nokon frå ambassaden, berre regissøren og hovudrolleinnehavaren, etter forslag frå Kontoret. Ambassaden hevda i eit brev til Hans Aanestad i "Afdeling for informasjonsvirksomhet" hjå Kontoret at:

Akkurat nå er vi jo inne i en periode hvor sovjetisk propaganda og diplomati beskylder oss for å gi fotfeste til vesttysk militarisme.<sup>235</sup> Selv om filmen "Ni liv"s hovedtema ikke er det antityske, er det likevel en film som passer godt inn i den sovjetiske propaganda mot Norge akkurat nå.<sup>236</sup>

---

<sup>232</sup> UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, Senderinger på norsk fra Moskva lørdag 16.mai 1959

<sup>233</sup> Damilov framheldt at russarar ikkje godkjende typiske underholdningsfilmar av typen ein lagde i Hollywood, med element som gangsterar, sex og kriminalitet. Dei la heller vekt på storyen og dei filmatiske kvalitetane, meinte han. Dessutan var det ingen som hadde filmstjernestatus i Sovjet. Han hevda dette var brukt for reklamebygging i vest, men dei sovjetiske filmene heller selde seg gjennom eigen kvalitet. UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, Studiereise til Moskva 5.-13.juli 1959

<sup>234</sup> Regissøren sjølv, Arne Skouen, sa i sin tale at han håpa filmen kunne hjelpe til må å "komme dithen at menneskene ikke har andre fiender å kjempe med enn naturkreftene." UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, Senderinger på norsk fra Moskva lørdag 16.mai 1959

<sup>235</sup> på denne tida var det frå Sovjet og venstresida i fleire land ei frykt for faren USA og Vest-Tyskland utgjorde for verdsfreden, særskild med tanke på ein kjernefysisk atomstyrke i NATO. Vest-Tyskland vart sagt å vere særskild aktiv for å få gjennom dette. Kristensen (1965) *Vesttysk militarisme – en trussel for freden?* s.8 Forfattaren stiller seg tydeleg på venstresida i Noreg, og er svært kritisk til både Vest-Tyskland og USA.

<sup>236</sup> UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, brev til Aanestad, Moskva 5.mai 1959

Noreg var det einaste NATO-landet som grensa til Russland, og dette kom her i konflikt med NATO-medlemskapen – der Vest-Tyskland hadde blitt med i 1955. Ambassaden kunne ikkje understreke sterkt nok kor viktig det var, først og fremst av politiske grunnar, at dei vart involverte i denne premieren – Og dette måtte skje på den måten ambassaden sjølv ønskte det – ikkje slik russarane måtte føretrekke det; ”Norske kulturelle manifestasjonar her kan utnyttas av propagandaen på en for Norge uheldig måte, men det kan til en viss grad forhindres hvis Ambassaden kan følge opplegget”.<sup>237</sup>

Denne hendinga seier noko om det spesielle tilhøvet til Sovjet i denne fasen. Ein hadde både mål om å skape tillit og samarbeid gjennom kulturrelasjonar, samstundes som ein ville gi Noreg eit ”godt rykte” blant russarane.<sup>238</sup> Noreg var avhengig av eit samarbeid med russarane om forvaltning av naturressursar og land- og havområde ved Svalbard og i Barentshavet.<sup>239</sup> Dessutan hadde Russarane vore opptekne av å unngå at andre land fekk etablere basar i nordområda.<sup>240</sup>

### 3.4 Verksemd for å skape velstand, demokratisering og utvikling

Abeidet for å skape velstand, demokratisering og utvikling omhandlar i første rekke det som vart kalla ”Østen”, som inkluderte land i Midtausten, Asia, Afrika og Latin-Amerika. I tillegg var austblokklanda område kor ein ville jobbe for demokratisering. Denne delen av verksemda er tett knytt til utviklingshjelp, og mykje av arbeidet for å skape velstand og utvikling vart forvalta av den statlege institusjonen *Norsk utviklingshjelp*, etablert i

---

<sup>237</sup> UD-arkiv, 57.C.30 Film, Sovjet, brev til Aanestad, Moskva 5.mai 1959

<sup>238</sup>Med utgangspunkt i eit case kan artikkelen til Anastasia Kasiyan illustrere korleis også russasane prøvde å skaffe seg eit godt rykte i Noreg, gjennom vennskskapsforeiningar. Ein delegasjon ti nøye utplukka, stort sett Sovjet-positive norske kvinner besøkte russiske byar sommaren 1955 gjennom ei internasjonal kvinneforeining. Turen var planlagt slik at kvinnene skulle få det ”riktige” inntrykk av Sovjet, og såleis styrke trua på kommunismen hjå dei som var positive, og feie vekk tvilen hjå dei to som var kritiske. Flyet til kvinnene styrta på veg tilbake til Noreg, så kjeldetilfanget er mangelfult, men brev frå kvinnene undervegs og dokument frå det russiske statsarkivet har gitt mykje. (Kasiyan (2013) s. 167) Nordmannen Osvald Harjo, som hadde jobba for russarane under krigen, hadde blitt sett i Gulag i 1944 grunna skuldingar om brot på teieplikt, og spionasje for tyskarane. (Eriksen, Knut Einar, om Osvald Harjo [http://nbl.snl.no/Osvald\\_Harjo](http://nbl.snl.no/Osvald_Harjo), (lasta ned 4.april 2014)) Denne saka hadde fått stor merksemd i Noreg. Den var eit mektig argument i antisovjetiske kretsar, og hadde svekka Noreg sitt kommunistiske parti, då Harjo sjølv hadde vore kommunist. Å få greie på kva som hadde hend med han, vart sagt å vere den viktigaste oppgåva for delegasjonen, men frå turen sin norske prosjektleiar vart det tilrådd å ikkje gjere spørsmålet om frigjerung av Harjo til eit krav frå delegasjonen. Kulturutvekslinga skulle bygge bruer, ikkje setje politisk dagsorden. Kasiyan (2013) s 166-67 Det at Gerhardsen kom på besøk på hausten, gjorde at Harjo fekk sleppe ut mot sutten av året.

<sup>239</sup> Holtsmark, Norge og Sovjetunionen – bilaterisering og fellesstyre, <http://www.atlanterhavskomiteen.no/files/atlanterhavskomiteen.no/Tema/50aar/2a.htm> (lasta ned 3.april 2014)

<sup>240</sup> Sverdrup (1997) s. 276

1962.<sup>241</sup> Noreg førte etter dette ein engasjementspolitikk som aktivt skulle yte økonomisk hjelp og å bidra til frigjering i koloniane.<sup>242</sup>

Kontoret sin innsats på området låg på den kulturelle delen, og då først og fremst utdanning. Mykje av dette vart difor gjort gjennom UNESCO. I overgangen til 1960-talet dreiv Kontoret i regi av UNESCO, ei forsøksundervisning i skulen. Denne skulle fremje internasjonal forståing, opplysningsverksemd og rekruttering av ekspertar til eit teknisk hjelpeprogram i FN. I denne perioden hadde UNESCO jobba særleg med å skape gjensidig forståing og kontakt mellom "Østen og Vesten" sine kulturverdiar. Kontoret ønskte å legge mykje vekt på denne oppgåva.<sup>243</sup> Det kan vi knyte til den særskilde sjølvforståinga av Noreg si rolle i verdssamfunnet:

Norge har en gunstig utgangsposisjon og kan spille en aktiv rolle som formidler i det kulturelle samarbeid [...] da Norges forhold til landene i Østen ikke er preget av de motsetninger som gjør seg gjeldende for tidligere kolonimakter.<sup>244</sup>

Denne sjølvoppfatninga vart enda meir aktuell i UNESCO-sakene etter den 11. generalkonferansen i 1960, då 18 nye statar vart med for første gang. Dette var stort sett dei tidlegare koloniane, og denne nye situasjonen gjorde at analfabetisme vart ei viktig utfordring både for UNESCO og medlemslanda. Det vart hevda at dei afrikanske landa føretrakte assistanse gjennom ein nøytral verdsorganisasjon framfor bilateral hjelp frå tidlegare kolonimakter "- selv om behovet er av en slik størrelsesorden at enhver form for støtte, også støtte som medfører uønskede politiske avhengighetsforhold, kan bli akseptert hvis den ikke gis på annen måte".<sup>245</sup>

Difor meinte frå norsk side at det var viktig at land som var så heldig stilt som Noreg gjekk aktivt inn i dette utviklingsarbeidet, elles ville det bli vanskeleg å løyse oppgåvene. Det vart også hevda at UNESCO venta stort engasjement frå dei nordiske

---

<sup>241</sup> i 1968 vart institusjonen gjort om til det frittståande Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad). Norsk utviklingshjelp var etterfølgjaren til Fondet for hjelp til underutviklede land, frå 1952. Leraand [http://snl.no/Norsk\\_Utviklingshjelp](http://snl.no/Norsk_Utviklingshjelp) (lasta ned 2.april 2014)

<sup>242</sup> Pharo (2005) s.250, sjå også Rolf Tamnes (1997) som står bak omgrepet engasjementspolitikk

<sup>243</sup> St.meld. nr. 63 1961 s. 3, St. Meld. Nr. 77 1967, s. 4, Dette var eitt av tre hovudpunkt vedteke på den 9. generalkonferanse i New Dehli i 1956. "Østen-Vesten" prosjektet heldt fram utover perioden dette kapitlet tek føre seg, medan dei to andre vart avslutta i 1966.

<sup>244</sup> St.meld. nr. 63 1961 s. 3-4. Dei andre prosjekta var utbygging av lærarutdanninga i Latin-Amerika og studiet av metodar for å vinne tilbake øreknstrøk.

<sup>245</sup> St.meld. nr. 63 1961 s. 4

landa grunna det høgt utvikla utdanningssystemet der.<sup>246</sup> At ein trekk fram denne framstillinga av Noreg i stortingsmeldinga, høver godt med det sterke fokuset på utdanning ein såg i verksemda til Kontoret elles. Det å skulle spele ei viktig rolle i UNESCO var på same tid også knytt til førestillinga om at Noreg hadde særskilte føresetnader for å drive fredsarbeid. Ved etableringa av Kontoret hadde dette blitt formulert slik: "Som et lite land bør Norge bidra til veksten av internasjonal forståelse og samarbeid på demokratisk grunnlag."<sup>247</sup>

Som vi har vore inne på, har fredstradisjonen blitt sett som ein integrert del av norsk utanrikspolitikk, ved at internasjonal tillit og fred var i Noreg sine interesser som liten stat. Olav Riste har hevda at det norske fredsengasjementet har vore uttrykk for ein misjonærimpuls som var relativt kostnadsfri. Det at Noreg ikkje hadde gjenkjennelege ytre fiendar eller djuptgåande konflikhtar med andre land, gjorde at politikarar kunne misjonere for folkerett og fredelig konfliktløsning utan at det at det gjekk i strid med interessene elles.<sup>248</sup>

Det norske fredsengasjementet har også blitt tolka som tiltak for å avspore eller dempe kritikk av allianse- og opprustingspolitikken og å skape konsensus om norsk utanrikspolitikk innanlands. Slik sett var politikken eit middel for å dekke eit behov "hos utenrikspolitisk interesserte mennesker som politisk og psykologisk ikke holder tritt med Norges utenrikspolitiske orientering og som til dels savner avløp for idealistisk virketrang."<sup>249</sup> Eit døme på dette er frå Arne Ording (Ap) si dagbok på 1950-talet, då Halvard Lange la fram plan om utviklingshjelp i India; "God plan, det er nødvendig å gi folk noe positivt ved siden av de store forsvarsbevilgningene." Statssekretær Jens Boyesen uttrykte det slik: "En kan kanskje si at tiltaket på sett og vis ville ha like stor betydning for oss selv som et godt og positivt supplement til det vi ellers driver med i

---

<sup>246</sup> Noreg var nok likevel for junior å rekne også i UNESCO-samanheng. Ved det nye UNESCO-bygget i Paris (1958), hadde fleire av verdas fremst kunstnara stått for utsmykkinga, og dei fleste europeiske land hadde bidrege til utsmykkinga. Noreg for sin del, hadde "fortært en stand for salg av souvenirer, plasert i vestibulen" St.meld. nr. 63 1961 s. 4

<sup>247</sup> St. prp. nr. 1, 1950: Statsbudsjettet for budsjetterterminen 1950-1951, Utenriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål. Kap. 117, Norsk institutt for kulturelt samkvem med utlande, s. 13.

<sup>248</sup> Riste i Pharo (2005)s. 246, Angell (2013a) s. 99

<sup>249</sup> Journalist Anders Buraas uttrykte det slik i eit notat til Haakon Lie, og meinte det var viktig "å finne sysselsetting i et idealistisk arbeid for de mange norske 'intellektuelle' som synes at Norges tilsynelatende avhengighet av det kapitalistiske Amerika har påført dem intellektuell åndenød og hvis eneste beskjefligelse hittil har vært periodevis utfall mot norske utenrikspolitiske standpunkter." Pharo (2005) s. 253- 254



vår utenrikspolitikk, som det vil for dem som mottar hjelpen.”<sup>250</sup> Dette vart ikkje sagt i samband med Kontoret si verksemd, men vi kan sjå Kontoret som del av fredspolitikken. Det er ikkje dermed sagt at personalet på Kontoret hadde denne oppfatninga. Politikarane hadde fleire andre omsyn å ta. Christophersen sa tydeleg at ”vi som steller med kulturutveksling er gudskjelov ikke politikere [...] La politikerene ha sin tro, la oss andre få tale sammen.”<sup>251</sup>

I stortingsmeldinga frå 1966-67 vart det referert til at UNESCO hadde vakse seg stor og inngått avtalar om teknisk rådgjeving og undervisning med både UNICEF, Verdsbanken og Verdas matvareprogram. I denne nye situasjonen måtte Kontoret arbeide nært saman med både Utanriksdepartementet si politiske avdeling, så vel som Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Norsk Utviklingshjelp.<sup>252</sup> Mykje av verksemda vart overlappande mellom dei ulike institusjonane. Då Noreg sitt engasjement i fattigare land var veksande, kravde det etter kvart endringar. I 1965 vart Norsk Utviklingshjelp spurdt om å ta over stipendverksemda med Egypt og India. Grunnen var at ein meinte desse stipenda vart brukte på om lag same måte som utviklingsstipenda, det vil seie ikkje på studentar, men på overkvalifiserte forskarar i fag som vart rekna som nyttige for landet si vitskaplege utvikling. Dessutan var stipenda for små for begge partar. Dei norske stipenda for egyptarar og indarar i Noreg vart sagt å vere utilstrekkelege, då studentane grunna valutasituasjonen i heimlandet var avskorne frå privat og offentleg støtte heimanfrå. Dei låge stipenda i utviklingslanda gjorde norske studentar avhengig av anna støtte, både privat og frå Kontoret. Utanriksdepartementet enda slik opp med å dekke brorparten av utgiftene for den samla utvekslinga. Desse stipenda var følgjeleg nokså upopulære i Noreg.<sup>253</sup>

Verksemda for å skape demokrati gjaldt som nemnd også dei kommunistisk-orienterte og autoritære landa. Studentutvekslingane inngjekk i denne kategorien også. Studentar frå ulike land møttes og blei kjende med kvarandre sin kultur og kunne snakke fritt om idear og politikk. Norske studentar kunne vere ambassadørar for vestleg

---

<sup>250</sup> Pharo (2005) s. 253- 254

<sup>251</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, ”Han vil hindre krig med ”kultursamkvem””, intervju i Nationen 6.februar 1960

<sup>252</sup> St. Meld. Nr. 77 1967, s. 5

<sup>253</sup> RA S-2701/2/D/Dd/Ddb/L0077/0002 Utenriksstasjonene, Indiafondet, Kerala prosjektet, brev til Norsk utviklingshjelp, 5.november 1965

demokrati i desse landa.<sup>254</sup> Med det er vi inne på verksemd som skulle vise fram den norske, nordiske eller vestlege samfunnsmodellen.

### 3.4 Å vise fram den norske samfunnsmodellen

Til no har vi sett mest på verksemda innretta mot Sovjet og "Østen". Men hovudtyngda i verksemda til Kontoret totalt retta seg mot Europaråds- og NATO-landa, i hovudsak Storbritannia, Frankrike, Tyskland og USA.<sup>255</sup> Det vart utveksla flest menneske med desse landa, og heldt flest kulturarrangement og sende flest publikasjonar. Eg vil likevel argumentere for at verksemda med desse landa i mindre grad handla om å skape forståing for bygge tillit, og meir om handel og å få innpass i viktige politiske fora.<sup>256</sup> Vi kan knyte dette til medlemskapen i dei overnasjonale organisasjonane, og den auka konkurransen mellom statane etter krigen. Dette skal vi sjå meir på i dei to neste kapitla.

Det var fleire måtar å gjere dette på, men den mest konkrete innsatsen ved dette føremålet var ulike typar opplysningsverksemd. Ein ville også vise den norske samfunnsmodellen til land som ikkje høyrde til Vesten. Denne opplysningsverksemda tok mål av seg å vere upolitisk:

Vi vil drive og driver ren informasjonsvirksomhet uten politiske sidehensyn. Derfor er det ikke noe ønske om å knytte kontoret for sterkt til noe departement. Jeg tror også vi har kommet så langt at de land og folk vi har samband med ser på Kulturkontoret uten mistanke. Vi kan arbeide uavhengig av politiske motsetninger stater og blokker imellom.<sup>257</sup>

---

<sup>254</sup> Ei anna verksemd vi kan tolke inn i denne kategorien var utstillingar av barneteikningar. Slike utstillingar fekk eit stort omfang frå 1950-talet og utover. Dei var ledd i å vise barn verda over korleis andre barn levde. "Man får i barnetegninger en demonstrasjon av at likhetene mellom menneskene fundamentalt sett er betydelig større enn ulikhetene", heitte det i stortingsmeldinga frå 1956. Kontoret formidla teikningar til land både aust og vest i Europa, så vel som Sovjet-samveldet og land frå det dei kalla "Østen"; Mexico, Argentina, Chile, Sør-Afrika, India og Korea. St.meld nr.63 1960-61 s. 21, St.meld nr. 78 1956 s. 31

<sup>255</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Driftig kulturdistributør med mange jern i ilden", VG 16.april 1958

<sup>256</sup> Jf. "Brorskapet" mellom dei allierte etter andre verdskrigen, som også t.d. UNESCO var basert på. Thue (2006) s. 169

<sup>257</sup> Det verka også som om det var viktig å få fram at verksemda ikkje var eit instrument for næringslivet. I VG stod det ei sak i 1952 med overskrifta "Kulturkontoret ikke kamuflert eksportforretning". (UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, VG, 12.mars 1952)

UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Ingen mistenker Kulturkontoret for skumle hensikter", intervju med Christophersen i Dagbladet 16/12 1961

Å syne fram den norske samfunnsmodellen for omverda kan likevel tolkast både politisk og økonomisk, som vi skal sjå i det følgjande.

### *Promotering av Noreg*

I tillegg til opplysningsverksemda var kulturutveksling ein måte å promotere den norske samfunnsmodellen på, både ute og heime. Ved at folk frå andre land fekk bli kjend med Noreg med dei føringane Kontoret og dei norske universiteta la, var tanken at ein ville få mange gode ambassadørar når desse reiste tilbake til sine heimland. Sitatet i byrjinga av kapitlet illustrerer dette. I 1956 skulle ein UNSECO-stipendiat frå Pakistan få sjå kva som blir laga til for "ungdomen på landsbygda". Han fekk mellom anna sjå eit symjeanlegg på ein skule i Vinje og eit kulturhus i Rauland.<sup>258</sup> Denne synfaringa var eit samarbeid mellom Kontoret og STUI, som vi såg på i kapittel 2. Desse tiltaka for ungdommen kan lesast som gode døme på korleis Noreg ville bli oppfatta av omverda. Slike besøk kan tenkast å skulle formidle at Noreg var eit land kor geografisk og sosial omfordeling var ein viktig verdi.<sup>259</sup> Dessutan kan det tenkast å skulle gi inntrykk av at folkehelse var ein viktig del av det norske samfunnet. I oktober same år hadde Noreg ei utstilling om fysisk fortring i Santiago, kor det vart presentert eit rikhaldig materiale om mellom anna friidrett, leik ute og inne og norsk idrett.<sup>260</sup>

Dette er eit døme på at ein gjerne valde ut kva for sider av samfunnslivet ein ville syne fram. Tendensen til strategisk sjølvpresentasjon gjorde seg også gjeldande i Sovjet – i enda større grad. Norske besøkande i Sovjet sine brev til familien heime kunne bli strengt sensurerte, for å unngå ugunstige skildringar av kommunistregimet. Gjester skulle helst besøke såkalla "framvisingsstader" og "mønstergyldige stader". Dette skulle utelate at menneske frå Vesten kom i kontakt med uheldige sider ved det sovjetiske samfunnet.<sup>261</sup> Sejersted skriv det same i dagboka si. Fotografi av slumområde og stader som kunne verke lite flatterande for det sovjetiske regimet vart konfiskert og destruert, og dei utalandske studentane vart oppmoda til å ta bilete av nybygde hus og kulturbygg.<sup>262</sup>

---

<sup>258</sup> RA/S-1032/0/D/Da/L0004/0001 B2.4, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1949-1958, brev til Herr Ånund Vinje 16.mai 1956. Dette var for øvrig eit samarbeid mellom dei to frittstående institusjonane Kontoret og STUI.

<sup>259</sup> Angell (2013a) s. 101

<sup>260</sup> RA/S-1032/0/D/Da/L0004/0001 B2.4, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1949-1958, brev til Kontoret "Utstilling vedrørende fysisk fostring i Santiago, oktober 1956"

<sup>261</sup> Kasiyan (2013) s 164

<sup>262</sup> Sejersted (1961) s. 22

Dei fleste publikasjonane er informasjonsverk om det norske samfunnet, og norsk kultur spesielt. Det går fram at det er eit ynskje om å få forståing for Noreg sin måte å drive kulturpolitikk på. Dette omfattar til dømes presentasjonar av Riksteateret, norsk subsidiering av kunst, vaksenopplæring, norske samtidsmusikarar, norsk litteratur og moderne norsk arkitektur, så vel som verk om den norske økonomiske modellen. Eit døme på korleis ein prøvde å gjere Noreg relevant for utlendingar, var ei brosjyre om korleis ein kunne spore sine forfedre i Noreg.<sup>263</sup>

Hambro tok i 1954 til orde for å stoppe at det var folk frå departementskontora som utgav publikasjonane. I framtida såg han helst at publikasjonane vart gjennomgått og bearbeida av andre enn berre Kontoret.<sup>264</sup> Dette kan vi knyte til kampen hans mot mindre politisering, og oppfatninga av at Arbeidarpartiet hadde skapt eit "eittpartibyråkrati" kor han hevda at embetsverket var fylt av arbeidarparti-lojale folk. " [...] i praktisk talt alle nøkkelstillinger sitter det folk som er anbragt der fordi de tilhører Arbeiderpartiet".<sup>265</sup>

Det var ikkje berre Kontoret som dreiv verksemda i utlandet. Dei fekk ofte førespurnader frå privatpersonar som skulle på reise i utlandet og ville ha med seg lysbilete av Noreg for å syne fram. Den norske naturen var populært, særskild i samband med lysbildete og filmstrips. Ein filolog som skulle til USA spurde om å få med seg bilete frå Kontoret – "Det kunne jo bli en verdifull Norges-reklame."<sup>266</sup> Førespurnadane kunne til dømes be om bilete av norske skjergardslandskap, fjordar, fossar, folkedrakter, vegar og jernbaner.<sup>267</sup> Ofte var det snakk om samarbeid med dei andre skandinaviske landa. Frå ein svenske som skulle presentere dei nordiske landa i Aust-Europa, vart det presentert som viktig at serien frå dei nordsike landa vart samordna, "så att de i möjligaste mån kompletterar varandra."<sup>268</sup> Det kom også førespurnader frå utlendingar

---

<sup>263</sup> Olstad, Jan, Bøe, Gunvald H. *How to trace your ancestors in Norway*. 1971

<sup>264</sup> Det dreidde seg om eit verk om tysk-norsk litteraturhistorie, som Kontoret hadde kjøpt inn og distribuert 1100 eksemplar av. St. tid. 1954 s. 1119, C.J. Hambro

<sup>265</sup> Grønlie (2009) s. 292, *Akkurat*, 11.årgang nr.8 september 1963. Dette var Høgre sitt månadsskrift, og Hambro var redaktør frå 1958.

<sup>266</sup> UD-arkiv 56 C 10 Billedtjeneste og filmstrips, lysbilder, diverse, brev frå Ragnar Aagård 23. august 1959

<sup>267</sup> UD-arkiv 55.B.80, brev frå Peder Anker, 12.mai 1959

<sup>268</sup> Samarbeid og oppfatninga av ein einskap i dei skandinaviske landa blir nærmare drøfta i neste kapittel. UD-arkiv 56 C 10 Billedtjeneste og filmstrips, lysbilder, diverse. Brev frå Karl Elfred Kumm, 21. september 1959

som dreiv føredragsverksemd. Til dømes frå Rotaryklubben i Santiago, som ville ha tilsendt dei svært populære "color slides".<sup>269</sup>

Tanken var at å framskaffe dette vil vere god reklame og vinne venner for Noreg, i tillegg til å gi høg kvalitet på dei ulike foredraga. Dessutan meinte ein å kunne sjå at det fleire stader, mellom anna i Sudan, var "en levende interesse for å lære andre folk og land å kjenne".<sup>270</sup> Dersom det var muleg, vart utanlandske førespurnader gjerne tilvist til ambassadar eller informasjonskontor, som i New York. Problemet var at det der var eit avgrensa utval lysbilete, og dei var stort sett kontinuerleg utlånte.<sup>271</sup>

Ein del av motivasjonen bak å syne fram den norske samfunnsmodellen var økonomisk. Nokre av publikasjonane dreidde seg om eksport og handel. Til dømes informasjon om Norges eksportråd, om norsk industri i ulike brosjyrar og bøker, som ikkje berre skulle informere om Noreg, men "feste kvalitetstegn ved norske produkter", som vi såg førespegla i kapittel 2.

I neste kapittel skal vi sjå på kva framstillingar av Noreg desse publikasjonane inneheldt.

### 3. 5 Konklusjon

Dette kapitlet har kartlagt verksemda til Kontoret frå det starta og fram til det vart avdeling i 1967. Vi såg at Kontoret vart organisert frittstående, men at det mot slutten av perioden vart knytt tettare til Utanriksdepartementet. Arbeidsoppgåvene var mange – så mange at Kontoret meinte å ikkje ha mulegheita til å ta initiativ, berre dekke etterspurnad.

Verksemda til kontoret kunne i hovudsak delast inn i verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt, verksemd som skulle skape demokrati, velstand og utvikling, og verksemd som skulle presentere den norske samfunnsmodellen. Desse kategoriane var delvis overlappende, både innhaldsmessig og med omsyn til geografisk målgruppe. Kulturutvekslingar hadde ei rolle å spele på alle områda, og austblokka var ei målgruppe både for tillitsbygging, demokratibyging og å vise fram den norske samfunnsmodellen. Det var spesielt utfordringar i utvekslinga med Sovjet.

---

<sup>269</sup> UD-arkiv 55.B.80, avskrift, brev, Alf Anker, 10. Desember 1957

<sup>270</sup> UD-arkiv 56.C.10, Billedtjeneste og filmstrips, lysbilder, diverse brev til kjemiingeniør Tjønneland frå H. Bergh i Sudan. 16.12.1955

<sup>271</sup> UD-arkiv 56.C.10, Billedtjeneste og filmstrips, lysbilder, diverse brev frå Jon Embretsen, New York, 8.januar 1958

## 4. Noregsbileta – framstillingar av Noreg i utlandet 1950-73

### 4.1 Innleiing

I førre kapittel såg vi verksemda til Kontoret tre område med kvar sine føremål. Det eine var verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt, deretter det som skulle fremje demokrati og utvikling og til sist det som skulle syne fram den norske samfunnsmodellen. Måla for *publikasjonsverksemda* hadde ein klar samanheng med desse. "Kjernen i vårt arbeid er opplysningsvirksomheten som kan bidra til større forståelse mellom folkene." sa Erling Christophersen. Han knytte denne forståinga til fred og tillit: "Det er på dette planet [kulturplanet] at verdensproblemene må løses på lang sikt. Man må arbeide for å få vanlige folk i alle land til å forstå og godta hverandre."<sup>272</sup> Samstundes meinte han opplysing om Noreg var knytt til handel og politikk. "Det er ikke mer enn rimelig at folk som vil handle med oss og ellers samarbeide, gjerne vil vite hva slags folk vi er."<sup>273</sup> Å formidle "hva slags folk vi er" handla om å formidle bilete av Noreg. Dette reiser spørsmål om kva for representasjonar desse bileta var sett saman av, og korleis dei vart skapt.

I kva grad kan vi kalle bileta som vart formidla for sjølvbilete? Representerte bileta ein sendte ut den forståinga aktørane sjølve hadde av Noreg? Gjev det meir meining å snakke om ei strategisk kommunisering av bestemte bilete av Noreg – som ikkje nødvendigvis samsvara med aktørane si oppfatning av det nasjonale sjølvbiletet?

Spørsmålet om kven vi kan tilskrive autoritet til å definere ein nasjon sitt sjølvbilete, dukkar opp her. Dersom nasjonale sjølvbilete stadig blir produserte og reproduserte i samspel med impulsar frå utlandet, er det også vanskeleg å seie noko konkret om kva sjølvbileta til ei kvar tid faktisk bestod av. Det er likevel muleg å peike på generelle trekk i måten Noreg såg – og framstilte – seg sjølv på. Karakteristikkar som fredsbyggande, konfliktførebyggande, velgjerande og demokratisk kan i denne samanheng lesast som etablerte sjølvbilete. Som vi såg i kapittel 2, formulerte Utanriksdepartementet under opprettinga av Kontoret i 1950, nokre oppfatningar ein meinte utlandet hadde av Noreg. Påstanden "Norges omdømme som kulturland er høyt"

---

<sup>272</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Erling Christophersen i "Blomsterdoktoreren på kulturbeitet" Arbeiderbladet 17/4 1958

<sup>273</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Ingen mistenker Kulturkontoret for skumle hensikter", intervju i Dagbladet 16/12 1961

vart underbygd med at landet hadde ry for å stå fremst i arbeidet for fredeleg framsteg, og at meiningar vart lytta til i internasjonal samanheng.<sup>274</sup>

Oppfatninga var her at utlandet i stor grad hadde det same biletet av Noreg som ein sjølv. Å gi ut nøye utvalde og redigerte publikasjonar om Noreg, kunne vere med på å grunnfeste inntrykket ein meinte utlandet hadde – i somme tilfelle også å endre det. Difor kan vi snakke om *strategiske bilete* av Noreg. Ein tilla kulturen upolitiske eigenskapar, men brukte han instrumentelt både politisk – med til dømes å markere avstand til Sovjet, og økonomisk – med å fremje vilkåra for norske produkt i utlandet.

Kapittel 1 førespegla at representasjonsanalyse ville bli sentralt i dette kapitlet. Med denne tilnærminga vil eg spørje korleis Noreg vart framstilt eller representert, først og fremst i publikasjonane frå Kontoret. Framstillingane vart sendt ut som bilete – både i fotografi-form i bøkene, som film og som tekst som skildra det norske samfunnet og slik danna bestemte bilete av Noreg. Nokre gonger tok desse bileta form som forteljingar om Noreg og kvifor Noreg var som det var. Eg har valt å først og fremst bruke omgrepa bilete og framstilling, og dei vil fungere som synonym.

I dette kapitlet skal vi sjå på kva for bilete av Noreg som vart formidla overfor omverda. Kva for framstillingar var typiske i publikasjonane? Kva forhold stod bileta i til oppfatningar av utlandet sine førestillingar om Noreg?<sup>275</sup> Kva strategiske vurderingar låg til grunn for bileta ein valde å formidle? Kven bestemte kva bileta skulle vere? Kva for motførestellingar og konfliktliner knytt til bileta om Noreg kjem til uttrykk? Kva for utvikling kan vi spore i framstillingane?

Som for andre statar var det viktig for Noreg med ei balansert framstilling. Ein måtte på den eine sida bli sett på som *unik*, for å skilje seg ut på den internasjonale scena og verke attraktive. På den andre sida måtte framstillingane bli oppfatta som *universelle*, og gi meining for omverda – ein måtte vere spesiell på ein gjenkjenneleg måte.<sup>276</sup> For å gjere landet forståeleg og relevant for eit utanlandsk publikum, kunne framstillingar som knytte seg opp til forteljingar om "det nordiske", "det vestlege" og "det moderne" brukast. Desse kan vi karakterisere som universelle, i den forstand at kunne gi meining for eit utanlandsk publikum. Det var "kodar" som vart rekna som velkjende i omverda.

---

<sup>274</sup> St. prp. nr. 1, 1950: Statsbudsjettet for budsjetterminen 1950-1951, Utenriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål. Kap. 117, Norsk institutt for kulturelt samkvem med utlandet, 1950, s. 13, Angell (2014a) s. 98

<sup>275</sup> Jf. note 53 i kapittel 1. Musiał og korleis førestillingane *ein trur* "dei andre" har om "oss" er med og påverkar eige sjølvbilete og vidare korleis ein prøver å framstå. ('autostereotype' og 'xenostereotype').

<sup>276</sup> Glover (2011) s. 42-43

Det som vart framstilt som særnorsk kan vi karakterisere som framstillingar av det unike, som var knytt til å skilje seg ut.

### *Utvalet av publikasjonar*

Vi skal sjå på representasjonane av Noreg gjennom publikasjonar Kontoret gav ut eller var med på å gi ut gjennom støtte. Tidsperioden er frå 1950 fram til 1973. Representasjonane kjem slik både frå tidsperioden handsama i førre kapittel og frå perioden då verksemda vart omorganisert som skal bli studert i neste kapittel.

Somme av publikasjonane er å finne på Universitetsbiblioteket, og andre i arkiva. Analysen i dette kapitlet bygger på desse publikasjonane: *The organisation and administration of the educational system of Norway*, *Norwegian painting – an introduction*, *Norwegian arts and crafts – industrial design*, *The Norwegian rural cinema*, *Riksteateret/The Norwegian state travelling theatre*, *Music and musicians in Norway today*, *Physical Education in Norway*, *Norwegische Literaturgeschichte von der Edda bis zur Gegenwart : ein Überblick* og ulike utgåver av dei generelle Noregs-publikasjonane *Facts about Norway* og *Norway – An introduction to the main branches of the Norwegian economy*. Filmane eg har funne er *Papirdragen* frå 1963, *Fortidskunst i Norge: fra veidetid til kristen middelalder* frå 1968 og *New Norway: on the thresholds to the seventies*.

Nokre av desse publikasjonane er også analyserte av Angell i artiklane hans om norsk sjølvpresentasjon.<sup>277</sup> Eg vil utvide og prøve hans analyser, og sjå om det er grunnlag for å supplere og justere dei. Utvalet over dekkjer framstillingar av eit breitt spekter av det vi kan avleie blei karakterisert som norsk kultur. Det vi kan kalle dei generelle publikasjonane dekkjer også andre sider ved det norske samfunnet, som politikk, forsvar og økonomi.

Ein del av publikasjonane syner utvikling i bileta av Noreg over tid. *Norway – An introduction to the main branches of the Norwegian economy* og brosjyren *Norway* frå 1958 var skrivne av same forfattar, Ole Knudsen. Han hadde redaktørstilling hjå Norges

---

<sup>277</sup> I artikkelen "Norges omdømme som kulturland er høyt" – *Innhogg i norsk sjølvpresentasjon*, (2014a) og "Representing Norway in the post war period – *The Office for Cultural Relations* (2014b) har Angell skissert to vidfemnande budskap. Det første handlar om demokrati determinert av naturen. Dette handlar om at eit i publikasjonane gjennomgåande brukar naturen som utgangspunkt for å skildre korleis nordmenn har blitt og kvifor dei organiserte samfunnet som dei gjorde. Dette knyt han til tettare økonomisk intergrering med Europa og USA, og behovet for å vise at Noreg var noko anna enn kommunismen. Den andre budskapen vert særskild tydeleg utover 1960-talet; ubehaget ved det umoderne. Her hevdar han Noreg hadde ei førestilling om at utlandet oppfatta ein som umoderne og nasjonalromantisk, og slik distanserte seg frå dette i publikasjonane. Det tradisjonelle vart søkt foreina i med det moderne som noko særnorsk.



Eksportråd i London. Brosjyren *Norway* vart gitt ut i samband med verdsutstillinga i Brüssel same året og vart seinare breitt distribuert gjennom Kontoret. Denne brosjyren vart omtalt som "Brysselheftet" av aktørane. *Norway – An introduction to the main branches of the Norwegian economy* vart gitt ut i fleire utgåver utover 1960- og byrjinga av 1970-talet.

Boka om det norske utdanningssystemet er skriven av ein amerikanar, og distribuert gjennom Kontoret. Valet av ein utanlandsk professor var grunnlagt i at ein som hadde kjennskap til skulevesen i andre land kunne samanlikne.<sup>278</sup> Dette gjer at boka gir eit visst inntrykk av korleis ein trudde utlandet såg på Noreg. Den tyske boka om norsk litteraturhistorie, *Norwegische Literaturgeschichte*, går også inn i denne kategorien, men med ein litt anna innfallsvinkel, som vi skal sjå.

Eg vil ikkje gå gjennom desse publikasjon for publikasjon, men hente ut budskap og sjå kva likskapar og ulikskapar som fins i representasjonane av Noreg. Somme av publikasjonane er overlappende tematisk, og eignar seg slik for samanlikning.

## 4.2 Demokratilandet: fridom, omfordeling og fred

### 4.2.1 Naturen som premissleverandør

Svært mange av publikasjonane frå 1950- og 60-talet brukte naturen og klimaet som eit utgangspunkt for å skildre fleire sider ved det norske samfunnet. Det første ein merkar seg er naturen som formgivar av menneska.

Natural environment undoubtedly has its influence on the development of physical and moral character. The ruggedness of Norwegian land and climate seems to have made a very positive impact on the sturdiness of the people, as a result of which there is an integrity of morale fibre and devotion to the fundamental principles of freedom and justice seldom surpassed. In this small country far north, ruggedness of land and strength of character seems to go hand in hand. Together with the love for freedom and a

---

<sup>278</sup> Då ei ajourført framstilling av det norske utdanningssystemet vart etterspurd frå ambassaden i London i 1950, var det ønskjeleg at ein "utvekslingslektor" utarbeidde boka. RA/S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005, Kirke- og undervisningsdepartementet, 1. skolekontor D – brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet datert 20.april 1950

keen sense of the worth of the individual, there is a corresponding realization of the significance of cooperation in vital matters of general welfare.<sup>279</sup>

Utdraget er frå boka *The organization and administration of the educational system of Norway* frå 1954. Den er skriven av George M. Wiley, tidlegare "associate commissioner of education" i delstaten New York. Før denne boka skal det ikkje ha eksistert nokon komplett studie om det norske utdanningssystemet på engelsk.<sup>280</sup> Boka er på 270 sider og er slik sett ei relativt omfattande bok samanlikna med andre publikasjonar. Kontoret var med på. Andre publikasjonar hadde gjerne form som hefter, brosjyrar eller småbøker på under 100 sider.

Boka er eit uttrykk for Wiley sitt bilete av Noreg. Den bygger også på ein tidlegare publikasjon av norsk-amerikanaren O. B. Grimley; *The New Norway: A People with the Spirit of Cooperation* frå 1937. Her vart Noreg si eldre historie og tilhøvet til dei skandinaviske landa drøfta. På bakgrunn av drøftinga vart det konkludert med at "in Norwegian history there is nevertheless a line through it all, dim at times, but always there. There is a line of democracy and the love of freedom."<sup>281</sup>

Samstundes bygde Wiley boka på ein tidlegare publikasjon av nordmannen Einar Boyesen kalla *Norway's Educational System* frå 1950.<sup>282</sup> Ved å ta med utdrag frå denne, baserer han seg både på ei norsk framstillinga av Noreg, og på egne erfaringar og oppfatningar om det norske samfunnet. Det første utdraget frå boka til Boyesen er eit klart uttrykk for førestillinga om det naturgjevne demokratiet:

Life in this wild, hard, mountainous land of ours has made us into stubborn, selfwilled persons. We must have freedom, and have difficulty in giving way to others. But a people which for unnumbered generations has lived on the margin of the possible, and has had to work hard in order to create living conditions – such a people understands the value of the protection which law and justice can give to the product of each man's toil and

---

<sup>279</sup> Wiley, George M. (1954) *The organisation and administration of the educational system of Norway*, Oslo : Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs (Office of Cultural Relations) and the Royal Norwegian Ministry of Church and Education s.14

<sup>280</sup> Wiley (1954) s.7-9

<sup>281</sup> Wiley (1954) s.22

<sup>282</sup> Denne brosjyren var på 16 sider og vart utgidd av Norway's Information Service. Boyesen skriv også forordet. Her rosar han Dr. Wiley for å ha forstått problema knytt til ei foruftig og demokratisk utdanningssystem i eit så tynt folkesett land. Wiley vart også tillagt ei djup forståing av det ein i Noreg prøvde å oppnå ved å lære opp dei yngre til eit demokratisk leveset. Wiley (1954) s.8

strivings. That is why it is said in our ancient law-books of the saga period: "By law shall the land be built up, not by lawlessness destroyed."<sup>283</sup>

Wiley hevda at i eit slikt land var det opplagt at folkesetnaden, med unntak at nokre få urbane sentrum, var spreidd. Dette vart illustrert med ein tabell som samanlikna den låge innbyggjartettleiken i Noreg med resten av Skandinavia, samt USA, Storbritannia, Nederland og Belgia. Naturen vart så knytt til temaet for boka; utforminga av det norske utdanningssystemet:

The diversity in topography is accompanied by a diversity in economic and industrial conditions, which is also reflected in the varying conditions which must be recognized in the organization and administration of the educational system.<sup>284</sup>

Det kan her nemnast at både Olaf Devik og Otto Lous Mohr frå utgreiingskomiteen til Kontoret vart trekt fram som sentrale støttespelarar for forfattern under bokprosjektet.<sup>285</sup> Devik var knytt til Kyrkjedepartementet og UNESCO, og Mohr var rektor på Universitetet i Oslo. Det kan vi ta som uttrykk for at denne framstillinga samsvara med ei generell oppfatning.

*Norway – An introduction to the main branches of the Norwegian economy* vart publisert i fleire utgåver og på mange språk i 1950- og 60-åra. Dette var blant publikasjonane som vart spreidd i størst opplag. Boka var ei framstilling av hovudområda i det norske produksjonslivet. Han går det fram at det har vore viktig å klargjere forholdet mellom landet sine naturgjevne føresetnader og ulike sider ved det norske samfunnslivet. Også her vert den relativt tynne folkesetnaden trekt fram. Denne lagde særskilde utfordringar for fordeling av velferdstenester. Gjennom samarbeid klarte Noreg å overkomme desse utfordringane, heitte det. "Even such individualists as farmers and fishermen have learnt to stand toghether in cooperative purchasing and marketing agreements."<sup>286</sup>

Bodskapen her kan tolkast som at Noreg hadde møtt dei krevjande naturgjevne tilhøva med organisering og samarbeid. Difor var Noreg eit land kor fordelinga av

---

<sup>283</sup> Boyesen i Wiley (1954) s.15

<sup>284</sup> Wiley (1954) s.15

<sup>285</sup> Wiley (1954) s.12

<sup>286</sup> Knudsen (1961) s. 8

samfunnet sine ressursar låg på eit høgt nivå.<sup>287</sup> Den forklarar også kvifor Noreg på grunn av naturen *måtte* ha denne økonomiske modellen – det var ikkje knytt til kommunisme. Det same såg vi i det første utdraget frå Wiley si bok, der velferd vart forklart som noko vesensforskjellig frå kommunisme med at det innebar fridom og sans for individets verdi. Framstillingane kan såleis lesast som ein freistnad på å gjera den norske blandingsøkonomien – og den samfunnsmodellen som hadde vorte etablert i tilknytning til den – forstått i omverda. Dette har blitt knytt til at Noreg i 1960-åra var i ferd med å bli meir handelspolitisk og økonomisk integrert med EFTA-landa, og slik måtte forholde seg til større økonomiar. Med det sosialistiske arbeidarpartiet i regjering, var det viktig å syne at Noreg representerte noko anna enn kommunistane, altså ein "tredje veg".<sup>288</sup>

Vi finn den same framstillinga om omfordeling i brosjyren *Norsk bygdekino* frå 1957. Her vart biletet av landsbygda skildra med "long narrow valleys, along inaccessible fjords, on lonley islands out in the sea, or far in the desolate mountain plateaux" der det ikkje var tilsynelatande enkelt å gjere samtidskultur tilgjengeleg for heile folket, særskild ikkje om vinteren. Men, heitte det, norske styresmakter såg på det som ei hovudoppgåve å gi alle like kulturelle mulegheiter. Dette var den omreisande bygdekinoen som starta i 1950, ein del av.<sup>289</sup> Det vart i brosjyren lagt vekt på at dette ikkje var ei profittsøkande bedrift, då det nokre stader ville komme svært få tilskodarar.

Bygdekinoen sitt motstykke i scenekunsten var Riksteateret. Dei same framstillingane er å finne i ei brosjyre frå 1957 om Riksteateret. Her vart det hevda at den spreidde folkesetnaden i distrikta gjorde at ein fekk ei kløft mellom by og land. Dette gav alvorlege problem for eit moderne demokrati med sine prinsipp om like mulegheiter for alle. Det vart trekt fram at Riksteateret leverte kultur til alle og skulle gjere livet meir attraktivt i bygdene.<sup>290</sup>

Dersom ein meinte Noreg vart oppfatta som ein høgtstående kulturnasjon, kvifor ikkje trekke fram til dømes Nationaltheatret? Her kan det hevdast at publikasjonane om Riksteateret og Bygdekinoen ikkje først og fremst handla om teater og kino i seg sjølv,

---

<sup>287</sup> Angell (2013a) s. 101

<sup>288</sup> Angell (2013a) s. 101-102

<sup>289</sup> Semmingsen, Øyvind (1957) *The Norwegian rural cinema*, Oslo : The Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs, Office of Cultural Relations s. 5

<sup>290</sup> Angell (2014) s. 14, The Norwegian office for Cultural Relations, *Riksteateret*. Riksteaterbrosjyren utgidd i samband med den internasjonale teaterkongress i Oslo i 1951, St.meld nr.48 1956 s. 26

men var del av forteljinga om omfordelingslandet Noreg. I denne forteljinga var staten med på å minske kløfta mellom by og land og jamna ut forskjellar.

I "Bryssel-heftet" kan vi også spore framstillingar av denne utjamninga. Der heitte det at alle barn, uavhengig av foreldra sine inntekter og yrke, gjekk på same kommunale skule i sitt distrikt og konkurrerte med likt utgangspunkt.<sup>291</sup> Også elektrisitet vart her trekt fram som eit viktig omfordelingsgode. "Almost every household in Norway is now supplied with electicity in spite of the sparse and scattered population and the difficult topographical and climatic conditions".<sup>292</sup>

Framstillinga av det norske levestettet sitt særskilde forhold til naturen, kan bli tolka som eit forsøk på å portrettere Noreg som unikt.<sup>293</sup> Men tanken om naturen som formgivar til folket var ikkje ny. Opplysningsfilosofen Montesquieu si klimalære framstilte nordlege folk som særskild sterke, robuste og sjølvstendige grunna naturforholda dei levde i.<sup>294</sup> Også i romantikken var slike tankar vanlege. I framveksten av samfunnsvitskapen, vart liknande teoriar også tekne i bruk. Det kan såleis ha vore noko gjenkjenneleg i slike framstillingar for folk i andre land. Som Angell skriv, kan også vanskelege levekår grunna vêrforhold vere noko utendingar kunne forstå, sjølv om dei ikkje visste noko om Noreg.<sup>295</sup> Slik kunne ein både framstille Noreg som unikt og samstundes gjere det unike tilgjengeleg og forståeleg for utlendingar – spesielt på ein gjenkjenneleg måte.

Det var også motførestellingar mot å bruke slike naturframstillingar. I eit intervju ytra kulturattaché Leif Wilhelmsen at "Vi må komme oss bort fra propagandaen for Norge som *reiseland*. Det har lett for å virke anmasende og frastøtende når vi velter oss i naturbeskrivelser."<sup>296</sup> Dette vart ytra medan Kontoret var under planlegging, og Wilhelmsen etterlyste brei tolkinga av kultur som kunne innebere "sosiale institusjoner, sykehus, trygdeverk og fabrikkhygiene, for å nevne noen områder." Han hadde ei klar oppfatning av naturen som ein velbrukt måte å framstille Noreg på og eit ønske om å balansere dette med at norsk samfunnsliv skulle bli trekt fram i tillegg. Dette er eit

---

<sup>291</sup> Knudsen (1958) s. 15

<sup>292</sup>Knudsen, Ole (1972) *Norway at work: a survey of the principal branches of the economy*, Oslo: Tanum s. 38

<sup>293</sup> Angell (2014b) s. 15

<sup>294</sup> Christensen, Olav (1998) "En nasjonal identitet tar form", *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*, Oslo: Gyldendal, s. 56

<sup>295</sup> Angell (2014b) s. 15

<sup>296</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, Kulturattaché i London, Leif Wilhelmsen i "Utenriksinstituttet" Arbeiderbladet 8.oktober 1948

uttrykk for korleis ein resonnerer. For mykje natur kunne slå feil veg, medan eit breiare tilnærming kunne gi eit meir nøkternt bilete.

Det var med andre ord ulike oppfatningar om kva bilete som skulle bli formidla heilt sidan før Kontoret vart oppretta. Under utgreinga av eit institutt for kulturelt samkvem med utlandet, tok komiteen kontakt med Carl Hambro, som var Paris-korrespondent for NRK frå 1946-1951. Han hadde klare oppfatningar i sine tilbakemeldingar om instituttplanane. For det første trengde ein fleire filmar – ”forutsatt at man ikke stanser opp ved turistbilder med rosemaling og Per-Gynt-romantikk”. Dette handla om den same balanseringa av framstillingane som over. For det andre måtte ein nytte høvet til å promotere seg i kjølvatnet av filmsuksessar. ”Tungtvannsfilmene” hadde vore ein braksuksess i Frankrike, men stemninga overfor Noreg i etterkant hadde ikkje blitt utnytta: ”Den good-will vi hadde like etter frigjøringen, er utdøende.”<sup>297</sup> Her ser vi oppfatninga av kulturen si tilbakeverkande rolle formulert.

#### 4.2.2 Kulturناسjonen

I samarbeid med Aftenposten, gav Kontoret ut publikasjonen *Facts about Norway* i fleire opplag. Dette var ei bok som skulle informere kort om alle felt ved det norske samfunnet. Det vart brukt både statistikk og bilete, og ein del av informasjonen la særskilt til rette for besøk frå utlandet og turisme i Noreg. Boka vart utgitt på engelsk, tysk, fransk, spansk og esperanto.<sup>298</sup> Den første utgåva kom alt i 1948, i samarbeid med Utanriksdepartementet. I Kontoret sine merknader til ny utgåve i 1953 går det særskilt fram at ein ønskte å framheve biletet av Noreg som ein demokratisk kulturناسjon, der verdier som omfordeling av kultur og brei deltaking var særskild sentrale. Som drøfta over valde ein å trekke fram dei institusjonane som representerte demokrati og utjamning. Merknadane ”Mer om Vigelandsanlegget, Kunst på skoler og arbeidsplass og Riksgalleriet” kan vi lese som ønske om å framstille den norske staten som oppteken av å omfordele av norsk kunst til heile folket.<sup>299</sup> Vigelandsanlegget var til for heile folket, og Riksgalleriet reiste rundt for å gjere kunst tilgjengeleg for heile landet.

---

<sup>297</sup> UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret, brev frå Carl Hambro, 3. november 1948

<sup>298</sup> Wold, Ragnar, *Facts about Norway* (1958) s. 2

<sup>299</sup> UD-arkiv 55B 14 Publikasjonsvirksomhet, litt. Facts about Norway, ”Facts about Norway, 17/11 1953” Vigelandsparken var eit offentleg område fylt med kunst som både innbyggjarar i Oslo og tilreisande kunne nytte gratis. Å framheve at Noreg la vekt på kunst på skular, arbeidsplassar og i distrikta var også ei omfordeling.

Kommentaren "Suppleres med bygdekino o.l. tiltak" under filmdelen kan også tolkast dit, då det vart hevda at bygdekinoen skulle syte for at folk i heile landet fekk sjå filmar av det styresmaktene vurderte som høg kvalitet.<sup>300</sup>

I dei tidlege utgåvene av stod det om norsk film at "Norwegian film has never progressed beyond a rather amateurish and unsuccessful stage. None of the films brought out have claimed any interest outside of Norway."<sup>301</sup> Denne framstillinga samsvara dårleg med biletet av ein høgtstående kulturnasjon. Til dette var merknaden "ikke fullt så negativt om norsk film". I utgåva frå 1958 har setninga om norsk film blitt til "Norwegian film production has created a few films that have claimed wide interest outside of Norway."<sup>302</sup> Vinklinga vart slik justert frå å handle om at *ingen* av filmene Noreg hadde produsert hadde slått an i utlandet, til at *nokre* av dei hadde skapt brei interesse. Dette kan vi også knyte til endringar i kulturpolitikken. I 1950 hadde staten innført ei støtteordning for norsk film, som gjorde at 50-talet vart norsk filmhistorie sitt mest produktive tiår til då. I løpet av 1950-talet hadde det kome filmar som *Kon-Tiki* (1950) og *Ni liv* (1957), kor førstnemnde vann Oscar for beste utanlandske film, og sistnemnde vart nominert.<sup>303</sup>

I det breie kulturomgrepet ser vi at idrett også var medrekna. I framstillingane av idretten er brei deltaking eit stikkord. I *Facts about Norway*-merknadane der ein vurderte framstillinga om idrett og sport at det må "poengteres at kronprinsen er rormann i seilbåten". Dette kan vi sjå som del av ei framstilling av at Noreg var eit land kor heile det norske folk var engasjert i fysisk fostring. Jamvel om idretten var basert på mykje frivilligheit, verkar det som om framstillingane vil vise at fysisk aktivitet særskilt var initiert av staten.

I boka *Physical education in Norway* frå 1958 vart det lagt vekt på kor høgt verdsett fysisk aktivitet var, ikkje berre for helsa, men for "the art of living".<sup>304</sup> Fotografia i boka gir nokså eksplisitte framstillingar. Biletet av ein skigåar med baby på ryggen inngår i den velkjende stereotypien "født med ski på beina". Vi finn det same i det

---

<sup>300</sup> I heftet står det at staten også prøvde å utdanne med filmene dei valde ut, å dyrke fram kritisk sans med filmar som krevde noko av publikum - ikkje berre reinspikka underholdingsfilm. Folkeopplysinga var ein del av opplegget, ofte sende dei med små hefter med diskusjonsspørsmål eller studieskjema om filmene dei synte. Semmingsen, Øyvind (1957) s.8

<sup>301</sup> Facts about Norway (1948) s.51

<sup>302</sup> Facts about Norway (1958) s. 54

<sup>303</sup> Braathen, Lars Thomas m. fl (1995) *Norsk filmhistorie* Oslo: Ad Notam Gyldendal s. 38-39

<sup>304</sup> RA/S-1024/D/Dc/L0001/0005 Utenriksdepartementet: Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, komiteen til utredning av norsk opplysningvirksomhet i utlandet m.m. Heftet *Physical education in Norway* frå 1958, s. 4

som vart kalla "Bryssel-brosjyren" frå 1958. Her ser vi eit bilete av to barn på ski med biletteksten "Not far from the truth is the legend that Norwegian children are born with skis on their feet".<sup>305</sup>

Ein del av breidde-framstillinga av kultur i Noreg gjaldt kvinnene og idretten. I eit avsnitt om orienteringsløp i skulen i *Physical education in Norway*, er ei jente avbilda med biletteksten "Orienteering is a sport for girls as well".<sup>306</sup> På fleire av dei andre bileta i heftet er det både jenter og gutar i fysisk aktivitet. Denne framstillinga kan vi tolke i lys av den manglande kjønnsbalansen i idretten i perioden. I slutten av 1950-åra var det berre éi av ti kvinner som dreiv med idrett, og dei var utestengde frå fleire greiner og arrangement. Etter at Norges Idrettsforbund vart danna i 1946, vart det oppretta kvinneutval som skulle auke kvinner sitt engasjement i forbundet.<sup>307</sup> Framstillinga av kvinner som inkluderte i idretten kan tolkast som ein ønskje om å gjere denne demokratiske satsinga kjent for utlandet.<sup>308</sup>

Både forteljningane om omfordeling og landet med "kultur for alle" kan vi knyte til framstillinga av ein særskild demokratitradisjon. Angell hevdar ein ville framstille det norske demokratiet som eit nærmast uunngåeleg resultat av dei geografiske og topografiske tilhøva.<sup>309</sup> Vi kan tolke budskapet om det naturgjeve demokratiet inn i førestillinga om at Noreg hadde særskilde føresetnader for å styrke samarbeid og tillit mellom folk. Samstundes impliserte det særskilde fokuset på sosialt samarbeid at Noreg vart framstilt som del av ei breiare, skandinavisk tilnærming til demokrati. Framstillinga av det skandinaviske demokratiet som middelveg mellom det kommunistiske aust og det kapitalistiske vest, vart særleg vektlegg i etterkrigstida. Innhaldet i framstillinga var at ein kombinerte den politiske fridomen i vest med ideal om økonomisk og sosial

---

<sup>305</sup> Knudsen (1958) Norway s.16

<sup>306</sup> RA/S-1024/D/Dc/L0001/0005 Utenriksdepartementet: Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, komiteen til utredning av norsk opplysningsvirksomhet i utlandet m.m. Heftet *Physical education in Norway* frå 1958,

<sup>307</sup> Kvinner fekk mellom anna ikkje delta på Holmenkollstafetten og Birkebeinerrennet. Dei fleste av desse kvinneutvala vart nedlagde i løpet av 1950-talet. Kvinneandelen tok seg ikkje opp før på 1970-talet, då kvinnesaka vart kjempa på fleire områder. Fasting, Kari og Sveta, Trond (2009) Kjønn i endring – en tilstandsrapport om norsk idrett, Akilles, Oslo s. 9 og <http://norskidrettshistorie.wikispaces.com/Gruppe+4.+Stagnasjon+og+idretten+i+vekst>. (lasta ned 7.april 2014)

<sup>308</sup> Det vart også gitt ut publikasjonar kalla *Facts about women in Norway* i 1953, 1955, 1960, 1966 og 1970 gjennom Konoret og Sosialdepartementet. Her vart vart kvinnene si stilling i samfunnet presentert gjennom statsikk som valdeltaking, skulegang, arbeid utanfor heimen. Framstillingane var nokså nyanserte, men hadde nokre formuleringar som tydeleg forsøkte å plassere Noreg i terrenget: "The modern girl is as free as her brother to follow her own interest and to chose her own friends, and her attitudes to the opposite sex has a quality of comradeship." (1960, s.1)

<sup>309</sup> Angell (2014b) s. 16-17



utjamning frå austblokka. Allereie i 1949 formulerte nokre leiande skandinaviske historikarar og samfunnsvitarar dette i boka *Scandinavian democracy : development of democratic thought & institutions in Denmark, Norway and Sweden*. I 1958 kom denne ut på engelsk med støtte frå Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, Svenska Institutet og Det Danske Selskab.<sup>310</sup>

Dette biletet av Skandinavia som ein middelveg vart formulert i mellomkrigstida av eit utanlandsk publikum – i hovudsak USA. Etter kvart vart det også ein del av det vi kan kalle eit skandinavisk sjølvbilete.<sup>311</sup> Dei skandinaviske landa fronta dette fellesskapet ved fleire høve. Verdsutstillingane i Montreal (1967) og Osaka (1970) er døme på dette. Då samarbeidde Norden om paviljongar som portretterte høvesvis nordisk solidaritet og einskap, og nordisk industrialisering og miljømedvit.<sup>312</sup>

Fredstanken vart tidleg ein del av dette skandinaviske biletet. Samstundes som ein kan seie at dette fredsbiletet eksisterte som eit sjølvbilete, oppfatta ein at utlandet karakteriserte det på same måte. Eisenhower-administrasjonen karakteriserte på bakgrunn av bistandspolitikken dei nordiske landa som "prime examples of Western democracy".<sup>313</sup> Vi skal no sjå korleis Noreg formidla biletet av fredsnasjonen.

### 4.2.3 Fredsnasjonen

Fredstradisjonen er tett knytt til biletet av demokratilandet Noreg. I byrjinga av "Bryssel-heftet" er det ei helsing frå Kong Olav. Der kom han med ønske om at den følgjande presentasjonen kunne bidra til ei betre forståing og kjennskap til det demokratiske landet Noreg, til dømes ideala, dei frie institusjonane og "our determination to undertake our share of the responsibilities for making this a better world to live in".<sup>314</sup>

Seinare i heftet, vert det forsøkt forklart kvifor Noreg vart med i NATO: Okkupasjonen under krigen hadde nemleg vakt ei sterk fellesskapskjensle, og ei erkjenning av at fridom måtte bli vakta på andre måtar enn med "hopeful neutrality". Då

---

<sup>310</sup> Angell (2014b) s. 17, Lauwerys, *Scandinavian democracy : development of democratic thought & institutions in Denmark, Norway and Sweden*

<sup>311</sup> Angell (2014b) s. 17, Musial (1998), *Roots of the Scandinavian model*, s. 236.

<sup>312</sup> Glover (2013) *Unity exposed: the Scandinavian pavilions at the world exhibitions in 1967 and 1970*, i *Communicating the North - Media Structures and Images in the Making of the Nordic Region*, Ashgate s. 219

<sup>313</sup> Angell (2014b) s. 17, Eriksen og Pharo (1997) 186.

<sup>314</sup> Knudsen (1958), s. 3

FN synt seg å ikkje vere nok til å hindre internasjonale konflikter, meldte Noreg seg inn i NATO, "...in order to find security together with like-minded nations of the west."<sup>315</sup> Her ser vi at ein ønskjer å differensiere seg frå austblokklanda; Noreg sine likesinna låg i Vesten. Igjen ville ein vise at Noreg representerte noko anna enn kommunistane. Dette kan vi tolke i lys av at "Bryssel-heftet" vart gitt ut i samband med verdsutstillinga i 1958. I denne konteksten var eksport og turisme gjerne ein del av motivasjonen for å delta.<sup>316</sup> Dei vestlege landa var godt representerte på desse utstillingane og var aktuelle handelspartnarar. Vi kan difor lese det som eit strategisk val å plassere Noreg saman med desse landa i under denne sjølvpromoteringa.

Noreg si deltaking i FN var likevel det som vart trekt fram i heftet. "Although Norway sees NATO as its first line of defence, it is firm in the faith that the universal forum of the United Nations is the ultimate hope for world peace".<sup>317</sup> I forlenginga av FN vart Nobels fredspris trekt fram. Her vart det hevda at "the idea of peace as a good to work for is deeply instilled in the Norwegian people, and the concept of international responsibility is strongly developed."<sup>318</sup> Her vart det trekt fram at Noreg hadde vore aktiv i flyktningshjelp og utviklingshjelp. Sida er illustrert med ein ung FN-soldat ved eit norsk flagg i Midtausten og ein norsk tekniskar som hjelper to indiarar med å bygge fiskebåt.

Vi kan lese desse bileta som eit ønske om å framstille Noreg som eit fredsbyggande land trass i medlemskap i ein forsvarsallianse. Biletet av fredsnasjonen var, som vi har sett, dynamisk – også med omsyn til det militære. Framstillinga forsøkte å forklare endringa frå ein "hopeful neutrality" til ein pragmatisk eller realistisk fredsnasjon. Vi kan tolke dette i lys av forskning på norsk utanrikspolitisk historie, kor det har blitt hevda at norsk sikkerheitspolitikk i tiåret frå 1955 til 1965 var prega av ein balansegang mellom behovet for å sikre det tillitsfulle forholdet til dei allierte og forsøka på å mjuke opp forholdet mellom antagonistane i den kalde krigen.<sup>319</sup> Fredsframstillingane kunne potensielt spele ei rolle her. Publikasjonsverksemda kunne på den måten vere eit instrument i utanriks- og sikkerheitspolitikken.

Eit anna døme på det er Odd Hølaas sine planar om ei Finnmarksbok i 1950. I eit intervju fortalde han at den skulle handle om gjenreisninga av landsdelen etter krigen.

---

<sup>315</sup> Knudsen (1958) s. 11

<sup>316</sup> Glover (2013) s. 232

<sup>317</sup> Knudsen (1958) s. 11

<sup>318</sup> Knudsen (1958) s. 11

<sup>319</sup> Eriksen og Pharo (1997) s. 191

Her meinte han det viktigaste var "at man ga verden et inntrykk av den samhörighet og offervilje som tross alt ligger bakom."<sup>320</sup> Dette kan vi tolke inn i frykta for at NATO ikkje kunne garantere forsvar dersom Finnmark vart angripen. Regjeringa førte ein vedvarande kamp for å få oppjustert nordområda si rolle i forsvarsplanlegginga i alliansen.<sup>321</sup>

Fredsiletet er spesielt tydeleg i publikasjonane som tar for seg generelle sider ved det norske samfunnet. I Kontoret sine merknader til *Facts about Norway* i 1953 går det særskild fram eit ønskje om å framheve Noreg som fredeleg. Dette kjem klart til uttrykk i merknaden "Uniformer erstattes med fargebilde fra 17-mai (barnetog)". Tanken her ser ut til å vere at Noreg ikkje skulle bli assosiert med noko militært. Vidare står det: "Avsnittet om War Effort kuttet ut", og at delen om Forsvaret skulle illustrerast med Heimevernet på ski.<sup>322</sup>

Kvifor var ønsket om å skape eit fredeleg bilete av Noreg så tydeleg her? Koreakrigen hadde ført til forsvarsutbygging i NATO-landa, i frykt for auka sovjetisk militær ekspansjon.<sup>323</sup> Det har blitt hevda at krigen endra rammene for norsk sikkerheitspolitikk fundementalt.<sup>324</sup> Då krigen var over sommaren 1953, kan det tenkast at ein ville tone ned det militære biletet av Noreg si medlemskap i NATO. Stalin sin død våren 1953 innleia ein periode med relativ generell avspenning mellom aust og vest. Det nye regimet hevda å legge vekt på fredeleg sameksistens.<sup>325</sup> Fredelege framstillingar kunne tenkast å bidra til denne avspenninga.

Noreg som "spesiell på ein gjenkjenneleg måte" er tydeleg i framstillingane av fredsnasjonen. Samstundes som ein viste seg som ein del av den fredelege fellesskapen gjennom (freds)organisasjonar, gav ein uttrykk for at Noreg hadde særskilde føresetnader for å drive med slikt arbeid. Dette såg vi også formulert i førre kapittel, spesielt knytt til aktivitet i dei tidlegare koloniane. Vi kan lese denne framstillingsmåten som strategiske forsøk på å grunnfeste biletet av ein unik norsk fredstradisjon, som gjorde landet særskilt eigna til å bære ansvar på slike område.

---

<sup>320</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, Odd Hølaas i intervju med VG "I år skal vi gå opp løypa" 13.november 1950

<sup>321</sup> Eriksen og Pharo (1997) s. 191

<sup>322</sup> UD-arkiv 55.B.14 Publikasjonsvirksomhet, litt. *Facts about Norway*, "Facts about Norway, 17/11 1953"

<sup>323</sup> Då ein såg at kommunistane i Nord-Korea var villege til å bruke makt, frykta ein at dette varsla ein muleg sovjetisk militær aksjon i Europa. Eriksen og Pharo (1997) s. 36, Bergh, Trond m.fl (1987) *Vekst og velstand: norsk politisk historie 1945-1965*, Oslo, Universitetsforlaget s.234

<sup>324</sup> Eriksen og Pharo (1997) s. 55

<sup>325</sup> Eriksen og Pharo (1997) s. 193

Kontoret si sponning av filmen *Papirdragen* kan lesast på denne måten. På oppdrag frå UNICEF vart det i 1963 produsert ein animasjonsfilm om u-hjelp og UNICEF sitt arbeid rundt om i verda. Manus vart skriva av Odd Børretzen, og Ivo Caprino stod for animasjonen. Filmen si framstilling av UNICEF sitt arbeid har fleire likskapstrekk med Kontoret sine framstillingar av fredsnasjonen Noreg. Ein gut flyg verda rundt med ein papirdrage og hjelper familiar i Sør-Amerika, Afrika og India med moderne landbruksutstyr, medisin, skule og moderne maskiner til fabrikk. Bodskapen er først og fremst retta mot born og lærer dei at for prisen av ein sjokolade eller brus kan ein gi mat eller medisin til eit born i fattige land. Filmen vart vist i svært mange land og vart rekna som ein stor suksess, jamvel om den ikkje var vidare kjend i Noreg.<sup>326</sup>

Likskapen i biletet av den norske teknikaren som hjelper indarane å bygge fiskebåt i "Bryssel-heftet" og guten i filmen som tryllar fram moderne maskiner og landbruksutstyr er tydeleg. Då filmen retta seg mot barn, var det naturleg at framstillinga var noko enklare. Ein skilnad er at filmen, grunna oppdragsgjevaren, ikkje berre framstiller det norske arbeidet. Guten er lys og blåøygd og kjem frå eit norsk landskap, men representerte nødvendigvis samstundes UNICEF-landa. Dette er døme på at Noreg også promoterte seg som del av ein større fredsbyggande fellesskap. Framstillingane må såleis lesast i lys av kven som skapar dei og kven som er den intenderte mottakaren. Vi skal no sjå nokre dømer kor dette er spesielt tydeleg.

### **Strategiske bilete**

Som vi har vore inne på tidlegare, var fredstradisjonen eit dynamisk omgrep med omsyn til innhald. Etter at Noreg vart med i NATO, vart det viktig å balansere denne stillinga overfor den mektige naboen, Sovjetunionen. Til det kunne framstillingar av fredsnasjonen hjelpe. Noreg sine reservasjonar i NATO-medlemskapen kunne også verke dempende. Det skulle ikkje bli oppretta basar på norsk jord i fredstid, med mindre landet var utsett for truslar om angrep, og i 1957 sa Noreg nei til oppbevaring av atomvåpen i fredstid. Tanken om tilpassing handlar her om kor vidt tiltak som i utgangspunktet var mynta på å roe ned Sovjetunionen og opinionen på heimebane, også

---

<sup>326</sup> Det at filmen ikkje slo an i Noreg var kanskje knytt til lengda. Den var for lang til å vere forfilm på kinoar og for kort til å ha eiga syning.

vart teken til inntekt for biletet av Noreg som fredsnasjon – særskilt i ettertid.<sup>327</sup> I det perspektivet kan vi seie at biletet i dette tilfellet vart tilpassa den faktiske politikken.

Ein annan type tilpassing handla om oppfatninga av utlandet sine førestillingar om Noreg. Kontoret kjøpte inn 1100 eksemplar av boka *Norwegische Literaturgeschichte von der Edda bis zur Gegenwart: ein Überblick* frå 1953, av den slesvigske professoren Hjalmar Christiansen. Desse vart distribuert i heile Tyskland.<sup>328</sup> Her vart eit ganske anna bilete av nordmenn formidla:

Bare i stadig kamp mot havet, som er en del av det norske livsrom, kan livet opprettholdes. Men kampen med den karrige jord, og den stadige kamp mot havet har skapt hos det norske menneske en hårdhet mot seg og andre, en hårdhet som leilighetsvis – også i dag – kan virke nesten hedensk, og som for forfektere av kristen mildhet bare har til overs den foraktelige betegnelsen "representanter for silkefronten".<sup>329</sup>

Innhaldet i boka vart debattert på Stortinget Utdraget er omsett frå tysk av Arthur Sundt (Venstre) som var ordførar i saka. Boka må tolkast i lys av krigserfaringane. Framstillinga av nordmenn sin "hårdhet" og forakt for "silkefronten" kan lesast som at forsøk på å "snakke same språk" som tyskarane gjorde under okkupasjonen – det var ikkje rom for noko mildt krigsoppgjer hjå dette folket.<sup>330</sup> Sundt forklarte utgjevinga av boka med at det tyske folk hadde vore totalt avskjerma frå utanlandsk litteratur frå 1933 til 1945. Dei einaste nordmennene som hadde gjort ein innsats i å endre dette etter krigen, hevda han, var tidlegare landssvikarar, i første rekke medlemmer av Hamsun sin familie. Dette, meinte han, hadde etterlete det tyske folket i ein svært einsidig informert tilstand, og i den trua at Hamsun var den største diktaren i Noreg. Forsvarsskriftet hans, *På gjengrodde stier* frå 1949 blei straks omsett til tysk, og gav inntrykket av at

---

<sup>327</sup> Byre, Audun (2005) Fredspolitik og folkelige bevegelser i nyere norsk historie, *Historisk tidsskrift* 2/2005 og Byre, *Den realitistiske idealist: Norge nedrusting og det internasjonale samfunn 1949-1963*, masteroppgåve i historie ved Universitetet i Oslo 2006

<sup>328</sup>St. tid. 1954 7a s. 1119-1122

<sup>329</sup> St. tid 1954 7a s. 1120 "Silkefronten" var ei tilnærming til krigsoppgjeret. Ei gruppe ønskte å gå for ei mildare linje, i motsetnad til representantar for "isfronten". Eg har ikkje fått tak i denne boka, så utdraget er ei omsetjing av Arthur Sundt. Omsetjinga er noko tung, men det kan tolkast som at nordmenn hadde forakt overfor silkefronten og ville no seie at dei ikkje let seg trakke på.

<sup>330</sup> Det har blitt hevda at det nordkoreanske angrepet på Sør-Korea i 1950 vekte til live minner frå det tyske overfallet 9. april, og at den norske trusseloppfatninga vart forsterka. Eriksen og Pharo (1997) s. 55

nordmenn var "et folk uten sans for høyere åndelige verdier, som har forfulgt sin store og i grunnen skyldfrie dikter med smålig hevngjerrighet."<sup>331</sup>

Denne litteraturhistoriske publikasjonen er interessant av fleire grunnar. Det syner korleis framstillingane var situasjonsavhengige. Biletet av nordmenn som fredelege, er her bytt ut med biletet av eit hardt folkeslag. Den heidenske nedvurderinga av den milde tilnærminga til krigsoppgjeret, "silkefronten", gir eit heilt anna bilete av nordmenn enn vi har sett tidlegare. Også i andre publikasjonar vart naturen skildra som vill og brutal, og som formgivar til det norske folket og levesettet. Men i motsetning til denne framstillinga, gjorde naturen då nordmenn til robuste, samarbeidande og demokratiske. Boka skil seg ut ved at den hadde ein så klar og politisk eksplisitt agenda. Målet med ho vart eksplisitt ytra på Stortinget, det kan ein ikkje seie om dei andre publikasjonane. Den skulle endre det ein meinte var det dominerande biletet av nordmenn og norsk litteratur hjå det tyske folket. Andre publikasjonar hadde gjerne som mål å grunnfeste eit inntrykk ein meinte det allereie var grunnlag for. Framstillinga handla om å tilpasse seg eit bestemt publikum, nemleg Noreg sine tidlegare okkupantar, tyskarane.

Den strategiske tilpassinga av bileta gjorde seg også gjeldande på andre felt, meir indirekte knytt til fredsnasjonen. Etter kvart som naturvern vart viktig på den internasjonale arenaen og statar måtte syne ansvar på dette området, blir det naturleg å sjå representasjonar av dette som ei forlenging av fredstanken i framstillingane. På same måte som ein synte ansvar for medmenneske med u-hjelp, synte ein ansvar for naturen som alle hadde til felles. På naturvernfeltet kan vi spore ei strategisk tilpassing til endringar i både utanlandske og norske haldningar. Den norske kvalfangsten kan tene som døme. *Norway – An introduction to the main branches of the Norwegian economy* kom i ny utgåve i 1972, då meir omfattande og med tittelen *Norway at work*. I denne utgåva var kapitlet "Fishing and whaling" bytt ut med berre "Fishing". I 1961-utgåva var det eit heilsidebilete av ein kval som låg på dekk i Antarktis. I teksten vart Noreg framstilt som ein kvalfangarnasjon som tok ansvar for kvalbestandane og jobba for å senke kvotene frivillig.<sup>332</sup> Vi kan lese denne utviklinga i framstillinga som ei strategisk tilpassing til den stigande motstanden mot kvalfangst i 1960- og 70-åra, som følgje av auka naturvernengasjement. I 1972 knesette FN eit 10-års kvalfangstmoratorium, og

---

<sup>331</sup> St. tid 1954 s. 1120

<sup>332</sup> Knudsen (1961) s. 26-27

dette vart slutten på norsk kvalfangst i Antarktis.<sup>333</sup> Vi kan slik også lese dette som ei tilpassing til ei faktisk endring i norsk fiskeripolitikk, der grunnlaget for næringa var sterkt redusert.

Eit anna område som fekk kritikk av den gryande miljøvernørsla var vasskrafta. Medan ein i tidlegare utgåver trekte fram denne som "mennesket som temja naturen", og det i ein spektakulær fart, var tonen i 1972 at "increasing care is taken not to destroy the landscape."<sup>334</sup> Her er den strategiske tilpassinga enda tydelegare. Ein hadde i løpet av etterkrigstida fått ein sterkare artikulering av tanken om naturvern. 1960-åra har blitt karakterisert som det store vasskiljet i norsk kraftpolitikk. Kraftutbyggarane gjekk då frå å bli oppfatta som moderniseringsheltar til naturvandal.<sup>335</sup>

Det aukande fokuset på naturvern vart også innlemma i det skandinaviske verdsutstillingssamarbeidet i Osaka i 1970. Her vart ein til slutt einige om framstillinga av desse landa som vernarar av miljøet grunna den aukande industrialiseringa. Eit kriterium for at Danmark og Noreg skulle gå med på det temaet var likevel at interessene til eksport-, luftfart- og skipsfartsindustrien skulle bli ivaretatt. Slik var også statane si naturvernframstilling med på fremje kommersielle bedrifter.<sup>336</sup>

### 4.3 Motstridande framstillingar: Ei konflikt mellom det moderne og det tradisjonelle

I møte med utlandet si interesse for det tradisjonelle Noreg med Edvard Grieg, natur og bonderomantik, ser vi ei konflikt mellom framstillingar av Noreg som eit *moderne* og eit *tradisjonelt* land. Angell kalla dette "ubehaget ved det umoderne". Denne konflikten handlar om kva for forteljingar ein ville framheve, og kva for nokre ein ville underkommunisere. I nokre tilfelle var denne underkommuniseringa av det tradisjonelle veldig klar, som vi skal sjå døme på no.

---

<sup>333</sup> Andersen, Flavio D. (2007) *Norsk hvalfangstpolitikk 1972-1982 - Opinionen for og opposisjonen mot hvalfangst i perioden 1972-1982*, masteroppgåve i historie frå UiO s. 8. Grunna hard konkurranse, kvotepolitikk og strekt reduserte kvalbestandar, hadde den norske kvalfangsten stoppa opp på slutten av 1960-talet, så miljøargumenta var berre ein del av biletet. s. 22-24

<sup>334</sup> Knudsen, (1972) *Norway at work*, s. 38. "Just as forests are being planted at a rate never before surpassed, so too the waterpower storde in the giant mountain catchments is being harnessed at a record-breaking pace. This investment on the grand, spectacular scale, a matter of canalising the forces of nature for man's purpose." Norway (1958) s. 37

<sup>335</sup> Angell, S. I. og O. A. Brekke (2011): Frå kraft versus natur til miljøvenleg energi? Norsk vasskraftpolitikk i eit hundreårsperspektiv. Rokkan-rapport 3 /2011. Bergen (UNI Rokkansenteret). s. 23 og 27

<sup>336</sup> Sjø Glover (2013). s.243-235

I 1969 ønsket Kontoret å gi ut eit "Study-kit" om norsk kunst. Dette skulle bli materiale til bruk i vaksenopplæring i utlandet. Erik Dæhlin frå "Kunst på arbeidsplassen" var forfattern. <sup>337</sup> Kontoret hyra inn Nic. Stang, kunsthistorikar, publisist og Sovjet-venn for å gjennomgå det faglege. <sup>338</sup> Her ser vi tydeleg ei spenning mellom å framstille Noreg tradisjonelt og moderne. I merknadane hans går det fram at Dæhlin kanskje hadde ei "modernistisk" slagside, då han stadig vekk prioriterte kunstarar som representerte moderne uttrykk framfor tradisjonelle. Både Hamsun, "dei fire store" og fleire andre velkjende skjønnlitterære forfattarar vart hevda å vere underrepresentert eller mangla heilt, medan "glemte lyrikere" var inkluderte. <sup>339</sup> I biletkunstdelen meinte Stang at den moderne abstraktkunstnaren Inger Sitter vart gjort atskilleg større enn ho var i forhold til andre. Det same gjaldt for bilethoggarane sin del, kor kunstnarane som lagde moderne og abstrakte skulpturar vart framheva og avbilda i staden for dei meir tradisjonelle. Vidare hevda han at komponisten Harald Sæverud vart omtala som "von oben herabt", medan Grieg ikkje ein gong var med, anna enn som bakgrunn for 1880-åra. <sup>340</sup>

Grieg kan nemleg seiast å representere nettopp det biletet av Noreg mange i løpet av 1960-talet meinte var utdatert. Kontoret hadde i 1957 utgitt ei større brosjyre om Grieg. På 1950-talet var han nok blant nordmennene som var mest kjend i utlandet på kulturfeltet, og var såleis eit naturleg val for å promotere norsk kultur. Problemet synest å vere at det Grieg representerte som kunstnar ikkje samsvarte med biletet av Noreg ein etter kvart ville formidle. <sup>341</sup> Dette går tydeleg fram i heftet *Music and musicians in Norway today* som Kontoret gav ut tre år seinare, i 1961. Her skildra ein eit musikkmiljø som etter krigen tok sterk avstand frå naziokkupasjonen, og gjorde musikken som kom ut av dette fri frå dei nasjonalromantiske trekka som hadde dominert verka til tidlegare komponistar. <sup>342</sup> Sæverud var også her representant for det nye og moderne. I denne

---

<sup>337</sup> Dette var ein norsk organisasjon oppretta i 1950 som leigde ut kunst til bedrifter på ambulerande basis. Dei tok spesielt utgangspunkt i moderne kunst og grafikk. [www.kpa.no](http://snl.no/Kunst_p%C3%A5_Arbeidsplassen) og [http://snl.no/Kunst\\_p%C3%A5\\_Arbeidsplassen](http://snl.no/Kunst_p%C3%A5_Arbeidsplassen) (lasta ned 7.april 2014)

<sup>338</sup> Dahl, Hans Fredrik [http://nbl.snl.no/Nic\\_Stang](http://nbl.snl.no/Nic_Stang) (lasta ned 4.april 2014)

<sup>339</sup> Her kan eg skyte inn at konservative C. J. Hambro på same grunnlag – i 1954 – tok opp kampen mot den tyske litteraturhistorieboka drøfta tidlegare. Han meinte utvalet av forfattarar var svært kritikkverdig, då dei moderne, og heller ukjende forfattarane var overdimensjonerte i forhold til ein del store klassikarar. Han meinte også den var misvisande og gav feilaktige framstillingar av norsk kulturliv og religiøst liv. St. tid 1954 7a s. 1121

<sup>340</sup> 'frå oven' UD-arkiv 55.B.80 Publikasjonsvirksomhet, Study-kit om norsk kunst, Konsulentuttalelse 1969.

<sup>341</sup> Angell (2014a) s. 102

<sup>342</sup> Østvedt (1961) s. 3



framstillinga vart Grieg portrettert som ein "hemske for modernismens gjennombrøt i Noreg."<sup>343</sup> Angell karakteriserer sjølvrefleksjonen i denne publikasjonen nærmast som ei sjølvpisking, og peikar på korleis Grieg i dei to publikasjonane vart utlagt på ein diametralt motsett måte. Han knyter dette til at denne siste musikkpublikasjonen reflekterte eit ønske om å tolke og omdefinere biletet av seg sjølv. " Dette var ei forteljing som vart til i møtet med den same omverda som ho adresserte, eller i møtet med ei førestelling om at utlandet såg Noreg som umoderne og nasjonalromantisk."<sup>344</sup>

Også i kommentarane til *Facts about Norway* i 1953 vi såg over, er ønsket om å modernisere biletet av Noreg tydeleg. Ein ville til dømes ha med fotografi av den nye stortingsbygningen. Vidare skulle musikkdelen "suppleres med Valen, Halvorsen og Sæverud så langt plassen tillater"<sup>345</sup> Desse representerte alle ein meir moderne stil, som også vart framheva i musikkpublikasjonen frå 1961. På denne måten kunne også valet av representantar for norsk kultur bli brukt strategisk. Ved å framheve dei moderne utøvarane, kunne ein selje eit bilete av Noreg som moderne.

Komponisten Klaus Egge som var med i komiteen til oppretting av Kontoret, har også blitt knytt til den moderne komponiststilen. I artikkelen om han i Norsk biografisk leksikon, står det at musikken hans på denne tida var oppfatta som

relativt moderne og radikal i forhold til samtidens sterke tilknytning til Grieg-tradisjonen. Egges musikk viste at norsk egenart ikke behøvde å være arkaiserende eller nostalgisk; den kunne tilpasses og få en viktig rolle i den moderniseringen og internasjonaliseringen som foregikk i Norge.<sup>346</sup>

Dette treng ikkje ha vore ein refleksjon aktørane gjorde seg på den tida, men det kan tyde på at ein ville ha med ein moderne kunstrepresentant frå byrjinga. Denne skildringa av Egge passar i alle høve godt inn i biletet Kontoret etter kvart såg ut til å ville formidle.

---

<sup>343</sup> Angell (2013) s. 103-104

<sup>344</sup> Angell (2013) s. 104

<sup>345</sup> UD-arkiv 55B 14 Publikasjonsvirksomhet, litt. Facts about Norway, "Facts about Norway, 17/11 1953"

<sup>346</sup> Pedersen, Morten Eide [http://nbl.snl.no/Klaus\\_Egge](http://nbl.snl.no/Klaus_Egge). Pedersen er universitetslektor ved Griegakademiet i Bergen.

### 4.3.1 Nedarva tradisjon?

Konflikten eller spenninga mellom det tradisjonelle og moderne vart søkt foreina gjennom biletet av at det moderne utspelte seg innanfor rammene av ein nedarva tradisjon. På den måten var det tradisjonelle også det moderne. I 1968 kom filmen *Fortidskunst i Norge: fra veidetid til kristen middelalder*. Den tolkar detaljert dei ulike figurane på stavkyrkjer, utsmykkingar og trearbeid, med kunstfaglege omgrep.<sup>347</sup> Bodskapen i filmen går inn i framstillinga der ein meinte å kunne spore ei linje i norsk design langt tilbake i historia. Denne linja hadde også blitt framstilt tidlegare. I eit verk om brukskunst i Noreg, *Norwegian arts and crafts - industrial design* (1957), vert også linja trekt enda lenger. Her kan ein lese at

...through the centuries a distinctively Norwegian conception of design has gradually emerged [...] Our designers [are] inspired by the living impulses of the present, [...] yet their sense of form and their feeling for material and colour have been inherited from earlier periods.<sup>348</sup>

Denne boka presenterte moderne norsk design med tekst og fotografi. I framstillinga blei den tradisjonelle, nedarva formgjevinga framheva som det som hadde gjeve norsk design sitt særeigne uttrykk – kombinasjonen av praktisk, teknisk tilpassa, og vakker. Samlenemninga brukskunst, "which has no precise parallel in English", vart her trekt fram som det særeigne og unike ved norsk kunst. Dette var ein kombinasjon av "new and independent" og design determinert av tradisjon. Slik vart norsk design karakterisert med foreininga mellom det nedarva, tradisjonelle og det moderne.<sup>349</sup> Dette kan vi lese som ei framstillinga av norsk design som spesiell på ein gjenkjenneleg måte.<sup>350</sup>

Det var likevel ikkje berre dette biletet som vart formidla. At dette var ei særskild framstilling eller forståing av norsk kunst, synest å vere kjend i samtida – og også omstridt. I boka *Norwegian painting – an introduction* frå 1954, står det at "it would hardly be correct to speak of a continuous art tradition stretching from the Stone Age and

---

<sup>347</sup> Bergstrøm, Kåre (regi) og Moe, Ole Henrik (manus) (1968) *Fortidskunst i Norge: fra veidetid til kristen middelalder*

<sup>348</sup> Aars (1957) s.2-3

<sup>349</sup> Aars (1957) s.3-4

<sup>350</sup> Også frå handelsflåten vart det trekt linjer tilbake i tid. I *Norway* frå 1958 heitte det at den same eventyrlysta som dreiv vikingane på oppdagingar no gjorde at nordmenn då dreiv ei av verdas største handelsflåtar. Knudsen (1958) s.35

up to the present.”<sup>351</sup> I ”Bryssel-heftet” frå 1958 kan vi lese at ”it would be wrong to harp too much on tradition, for the link between Norwegian contemporary and traditional design is often tenuous indeed.”<sup>352</sup> Dette er dømer på at ein søkte å balansere framstillinga.

Konteksten desse framstillingane inngjekk i var karakterisert av ei aukande internasjonal anerkjenning av skandinavisk design. Perioden 1945 til 1965 har blitt kalla ein nordisk gullalder i design. Fellesomgrepet *Scandinavian design* vart lansert som følgje av denne kulturelle nyorienteringa. Marknadsføringa vart meir koordinert, og framheva stereotypiar om dei skandinaviske sosialdemokratia. Dei felles assosiasjonane kom mellom anna til uttrykk i bruken av rimelege materialar, enkle former og sparsam dekor. Orda design og industridesign kom i alminneleg bruk, industridesignarorganisasjonen, *ID-gruppen* vart oppretta i 1955, og i 1962 vart den første norske designprisen utdelt. Dei skandinaviske landa samarbeidde om fleire designutstillingar i utlandet, mellom anna ”Scandinavia at Table” og ”Design for Living” i London i 1951. Frå 1954 til 1957 turnerte utstillinga ”Design in Scandinavia” i USA og Canada, og under Milano-triennalane på 1950- og 60-talet fekk *Scandinavian design* stor merksemd.<sup>353</sup>

Noreg si rolle i dette skandinaviske biletet, vart likevel av nokre oppfatta som for svak i samtida. Sverige og Danmark hadde inverstert meir, og slik fått den største delen av kaka. Dette vart hevda i 1967 av høgremann Paul Thyness – verdikonservativ ideolog og internasjonalt orientert politikar. Han meinte det var prioritert for lite pengar til å delta på triennialane. Noreg kom dessutan seint med og hadde gått glipp av nokre av desse utstillingane. Han argumenterte for å auke midlane til slik deltaking, slik at Noreg ikkje mista fleire sjansar til å presentere seg.<sup>354</sup>

Kommentaren vart ytra i eit stortingsordskifte i samband med meldinga om Kontoret i 1967. Han hevda også at ”norsk design [...] ende ikke har oppnådd noen...posisjon av internasjonal anerkjennelse.”<sup>355</sup> Vi kan ta innlegget hans til inntekt for ei endring i oppfatninga av korleis utlandet såg Noreg, utan at vi kan snakke om tydelege

---

<sup>351</sup> I denne boka vart nasjonalromantikken likevel framstilt som ei konstant inspirasjonskjelde heilt frå J.C. Dahl si tid. Askeland (1954) Norwegian painting – an introduction, The Royal Ministry og Foreign Affairs, Office of Cultural Relations, Oslo s. 5

<sup>352</sup> Knudsen (1958) Norway s. 25

<sup>353</sup> Triennialane var ei internasjonal kunsthåndverk- og arkitekturutstilling som frå 1933 vart heldt i Milano kvart tredje år, derav namnet. Nasjonalmuseet, [http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger\\_og\\_forskning/design\\_og\\_kunsthandverk/design\\_og\\_kunsthandverk\\_19052005/nordisk\\_gullalder/](http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger_og_forskning/design_og_kunsthandverk/design_og_kunsthandverk_19052005/nordisk_gullalder/) (lasta ned 23.april 2014)

<sup>354</sup> St. tid 1967-68 s. 705-706.

<sup>355</sup> St. tid 1967-68 s. 705, Angell (2014a), s. 104

politiske skiljelinjer på dette feltet. Utfordringa mot slutten av 1960-talet synest nemleg å vere at norsk design ikkje var nok kjend i utlandet.<sup>356</sup> Dette hadde også ei økonomiske side. Deltakinga på triennialane vart argumentert for ut i frå refleksverknaden det ville ha for norsk eksport og industri.<sup>357</sup>

#### 4.3.2 Noreg som moderne

Filmen om *New Norway* kan tene som døme på tankegangen ved overgangen til 1970-talet. Denne filmen var eit samarbeid mellom Kontoret (Presse- og kulturavdelinga), Rådet for Noregsinformasjon og Eksportrådet. I tillegg hadde ein fått støtte frå Aker Group og Tønsberg kommune.

Filmen byrjar med å syne den lange monarkiske tradisjonen i Noreg med den eldste byen Tønsberg som utgangspunkt. Denne prologen viser eit historisk spel med kroning av kongar, geistlege med røykjelse og hoff-musikk og er frå feiringa av byen sitt 1100års-jubileum i 1971. Vi får sjå at Kronprinsesse Sonja var til stades under førestillinga. Så kjem det eit brått skifte i musikken til lett, moderne 70-tallsjazz, og filmen går over til å vise det nye Noreg – ”on the threshold to the seventies”. Klipp frå skipsverft, moderne arkitektur, oljeplattformer, riggar, segling og rekreasjon rullar over skjermen saman med tekstane “Norway joins the ranks of Oil-producing” og “New lines in sculptures and architecture”. Vi får sjå kryssklipping mellom det meir menneskelege og det industrielle. Først ruinar frå ei gamal borg i Tønsberg, små gatetun med ungar, og regatta. Deretter store tankskip, ny teknologi for skipsingeniørar, nye sveisemaskiner og annan industri. Vidare følgjer naturbilete frå kysten og havet, og så over til oljeplattform-arbeid og moderne teknologi, før vi til slutt får sjå moderne arkitektur, og abstrakte skulpturar i samspel i det offentlege rom.

Filmen var tydeleg innretta mot eksport og ei særskild Noregspromotering. Den viser at det hadde vorte viktigare å framstå som ein moderne industrinasjon. Vi kan tolke kryssklippinga som forsøk på å skape samanheng mellom det moderne og det tradisjonelle, slik vi såg med kunsten over. Ein framstilte det tradisjonelle gjennom det moderne. Denne kombinasjonen av det moderne nedarva frå det tradisjonelle kan

---

<sup>356</sup> I kapittel 2 såg vi også dette ytra som motivasjon for etableringa. Etter Kontoret var etablert slutta likevel denne oppfatninga å kome til uttrykk. Slik kan vi sjå oppfatninga i 1948 som eit argument eller incentiv for å kome i gang med arbeidet.

<sup>357</sup> St. tid. 1967-68 s. 706

tolkast som forsøk på å portrettere Noreg som både gjenkjenneleg for omverda og samstundes unik.

Kva utviklingstrekka kan vi spore i publikasjonane og framstillingane? Først og fremst kom endringa i *type* publikasjonar. Kontoret vart på slutten av 1960-talet interesserte i å publisere ein kombinasjon av publikasjonar som alt var publiserte, slik at ein fekk éin generell publikasjon som dekkja alle emne og kunne bli spreidd breitt.<sup>358</sup> Kontoret vart også interesserte i å distribuere fleire publikasjonar frå Norges eksportråd. Frå 1966 auka Eksportrådet omfanget av "specialized export publications from Norway", både på engelsk og andre språk. Desse spesialiserte eksportpublikasjonane skulle overta for generelle magasin som *Norway Exports*. Andre land kunne velje å få tilsendt publikasjonar i kategoriane møblar, sport- og fritidsprodukt, skipsutstyr, fiskeutstyr, gards- og skogbruksutstyr, metall- og ingeniørprodukt, metall og kjemikaliar, mat, bygningsmateriale og skip og båtar. Publikasjonane vart tilbydd på engelsk, svensk, fransk og tysk, og innanfor shipping også på japansk.<sup>359</sup> *Facts about Norway* gjekk frå å vere eit lite hefte på om lag 60 sider, til å bli ei større dimensjonert brosjyre på 75 sider med "glossy" fargebilete og ei svært turistvenleg utforming i 1969. Utviklinga vitnar om ein meir målretta innsats for å fremje Noreg sine økonomiske interesser, særskilt gjennom eksport og turisme. Det vart også meir profesjonell handtering av informasjonsarbeidet.

Vidare er det påfallande at stortingsmeldinga om Kontoret frå 1972 ikkje heitte "Om virksamheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet", slik dei tidlegare hadde gjort, men "Opplysningsarbeid om Norge i utlandet". Dette går inn i ein kontekst der ein ville samordne all opplysningsverksemd om Noreg mot utlandet.

#### 4.5 Konklusjon

Vi har sett at typiske framstillingar av Noreg var bilete av det naturgjeve demokratiet, kor omfordeling og fredstanken stod sterkt. Her syntest det viktig å forklare at den økonomiske modellen Noreg hadde valt representerte noko anna enn kommunismen, og at dei sikkerheitspolitiske vala var fredelege.

---

<sup>358</sup> UD-arkiv 55B21 Publikasjonsvirksomhet, Norsk næringsliv, Brev til Ole Knutsen 20. desember 1965. Ole Knutsen forfatta fleire av dei generelle publikasjonane og hadde redaktørstilling hjå Norges Eksportråd i London.

<sup>359</sup> UD-arkiv 55B21 Publikasjonsvirksomhet, Norsk næringsliv, Vedlegg til brev frå Ole Knutsen 7. desember 1965: Specialized export publications from Norway

Desse analysane har supplert Angell si framstilling og bekrefta bodskapane han meinte kom til uttrykk. Med eit større kjeldetilfang å basere analysen på, synta kapitlet at det var høg grad av kontinuitet i bileta. Vi har likevel sett at biletet vart tilpassa situasjonen og mottakaren. Dette var knytt til oppfatningar av utlandet sine førestillingar om Noreg og kunna ta sikte på å endre desse. Bileta var slik sett strategiske vurderingar som skulle presentere Noreg på ein særskilt måte. Nokre framstillingar tok også sikte på å balansere det dominerande biletet.

Bileta vart forma av ulike aktørar. Forfattarane av publikasjonane var éin aktør. Deretter kom det gjerne inn ein ekspert frå det aktuelle feltet eller nokon frå Kontoret som skulle godkjenne framstillinga. Merknadane frå desse aktørane var også med på å forme framstillinga. Vidare var bileta ofte vart skapte i møte med førestillingar om at utlandet såg Noreg på bestemte måtar.

I framstillingane såg vi særskilt ei konflikt i korleis ein skulle handtere forholdet mellom det tradisjonelle og det moderne. Dei to bileta vart søkt foreina med framstillinga av at det moderne utspelte seg innanfor rammene av ein nedarva tradisjon.

Utviklinga i publikasjonane understøtta hypotesen om ei gradvis forskyving frå kultur til informasjon. Dette vart først og fremst reflektert i kva type publikasjonar som kom ut.

## 5. Frå kulturelle relasjonar til Noregsinformasjon 1967-1973

### 5.1 Innleiing

Utenriksdepartementet har konstatert at det finnes mange land som utnytter kulturavtalene mer bevisst enn Norge gjør. Disse landene ser ikke bare på utvekslingene som nyttige i seg selv, men prøver å fremme rent nasjonale, "matnyttige" prosjekter. [...] Kulturavdelingen var også i tvil om dens kontaktflate er stor nok. Man har utmerket kontakt med en del grupper, spesielt innenfor universitetsliv, skolevesen og kulturliv. Det var imidlertid ønskelig å få med andre interesseområder innenfor samfunnslivet, som f.eks. de store næringsorganisasjonene.<sup>360</sup>

Utdraget er frå eit møte i 1971 om Noreg sine kulturavtalar. På dette møtet var det to representantar frå Kontoret – som i 1967 hadde blitt til Utanriksdepartementet si kulturavdeling. Til stades var også representantar frå Utanriksdepartementet sine politiske og handelspolitiske kontor, Direktorat for utviklingshjelp, Industridepartementet, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd, Norges Landbruksvitenskapelige Forskningsråd, Universitetet i Oslo, Norges Bondelag, Norges Industriforbund og Norges Rederforbund. Møtet vart leia av ekspedisjonssjef i Kulturavdelinga, Eric Colban. Breidda og mangfaldet i dei frammøtte reflekterte endringane vi skal sjå i dette kapitlet. Ein gjekk på slutten av 1960-talet over frå å snakke om kultur som utgangspunkt for framgang på andre samfunnsfelt, til å snakke om "matnyttige" prosjekt som målretta informasjonsarbeid om næringsliv og det norske samfunnet meir generelt.

Denne endringa fell saman med at Kontoret i 1967 vart det tettare knytt til departementsstrukturen og vart til Kulturavdelinga. Utanriksdepartementet si presseteneste hadde blitt omgjort til Presseavdelinga i 1956, og slik integrert i departementet noko tidlegare. I 1972 vart dei to avdelingane slått saman til Presse- og kulturavdelinga.<sup>361</sup> Dette var ei realisering av forslaget til presse mannen og høgrepolitikaren Thorolv Kandahl under stortingdebatten om etableringa alt i 1950.<sup>362</sup>

---

<sup>360</sup> RA/S-2916/D/L0583/0001, NAVF, Fellessekretariatet – "Referat fra konferanse, Utenriksdepartementet 12. oktober 1971 om Noregs kulturavtaler".

<sup>361</sup> St.meld. nr. 74, 1972/73 Opplysningsarbeid om Noreg i utlandet s. 6

<sup>362</sup> sjå kapittel 2.

Samanslåinga reflekterte bestemte endringar i forståinga av verksemda og kva vekt ein tilla den.

Dette kapitlet skal drøfte kvifor og korleis Kontoret vart omorganisert på slutten av 1960-talet. Kva var implikasjonane av denne endringa? Kva politiske vurderingar låg til grunn?

Dei strukturelle endringane i 1967 og 1973 heng tett saman, så det er vanskeleg å definere ein skarpt skilje. Kapitlet går kronologisk gjennom dei to omorganiseringane og spørsmåla som reiser seg kring dei. Vi byrjar med overgangen til *avdeling* i 1967, då Erling Christophersen også gjekk av som leiar. I denne perioden fekk vi ein ny aktør, *Rådet for Noregsinformasjon*, som vart oppretta i 1969. Same året fekk eit internt utval i Utanriksdepartementet – Dons-utvalet – i oppdrag å revurdere organiseringa av utanrikstenesta. Etter å ha konsultert Rasjonaliseringsdirektoratet tilrådde Dons-utvalet at Presse- og Kulturavdelinga blei slått saman. I denne delen skal vi også studere korleis ein vurderte rolla til denne nye avdelinga i utanrikspolitikken.

Då Kontoret vart avdeling i 1967, slutta ein med femårs-meldingane. I 1973 kom det i staden ut ei melding som kartlagde all norsk opplysningsverksemd i utlandet, med sikte på å samordne og effektivisere denne ytterlegare. Den baserte seg delvis på Dons-utvalet si innstilling og tok utgangspunkt i den nye organiseringa og Rådet for Norgesinformasjon. Denne meldinga, saman med deler av Dons-utvalet si innstilling om utanrikstenesta frå 1971, har vore sentrale dokument i analysen. I dette kapitlet er eg ute etter å seie noko om omorganiseringane og kva dei representerte. Dette er godt skildra i stortingskjeldene. Innhaldet i verksemda er ikkje sentralt, men kapittel 4 tok for seg ein del av det.

### **5.1.2 Bakteppe: informasjonsdiskurs og nye handelspolitiske vurderingar**

Frå midten av 1960-talet og utover kan vi trekke fram to parallelle utviklingar som sentrale. Desse to løpa påverka kvarandre gjensidig. Det eine var eit nytt syn på informasjon, knytt til den informasjonsteknologiske utviklinga i 1960-åra. Som nemnt i innleiingskapitlet tok informasjon på mange måtar over for omgrepet propaganda. Informasjon vart oppfatta som eit relativt uproblematisk omgrep, med konnotasjonar som sann, nøytral og demokratisk. Propaganda vart, særleg grunna bruken under krigar,



oppfatta som falsk eller suspekt.<sup>363</sup> Denne overgangen har gjerne blitt karakterisert med at ein ny informasjonsdiskurs etablerte seg.<sup>364</sup> Dette innebar at ein fekk nye språklege forståingar som ramma inn det som var muleg å seie. Propaganda kunne ikkje lenger brukast. Informasjon vart dermed det sentrale omgrepet. Ein kan seie at innhaldet kunne vere mykje det same, men at oppfatninga av det som vart formidla endra seg. Norske politikarar hadde frå til slutten av 1960-talet brukt omgrepet *opplysing*. Dette kunne også ha andre konnotasjonar, til dømes knytt til høgare føremål, som tillit og mellomfolkeleg forståing. *Informasjon* vart i større grad oppfatta som reine, objektive fakta.<sup>365</sup> I den informasjonsteknologiske utviklinga er særskild fjernsynet sentralt. Dette nye mediet markerte ein overgang frå tekst (bøker og aviser) og lyd (radio) til bilete.<sup>366</sup> Då fjernsynet inntok heimane til folk, endra dette folk sin tilgang på informasjon. Dette vart særleg tydeleg under Vietnamkrigen, då folk opplevde at informasjonen frå dei amerikanske styresmaktene ikkje stemde med bileta dei sjølve såg. Amerikanarane brukte fjernsynet strategisk med å få inn program som sette USA i eit godt lys. Dei var difor villege til å assistere andre land i å utvikle TV-kapasiteten sin.<sup>367</sup> I Noreg kom den første rapporten om informasjonshandtering i det norske embetsverket i 1962. I 1965 var *Statens informasjonsteneste* oppretta.<sup>368</sup>

Den andre sentrale utviklinga var endringar i handelspolitiske vurderingar. Karakteristisk for 1960-åra og utover var at økonomiske samarbeid kom meir i fokus i utanrikspolitikken. Viktig her var EF-debatten og nedbygging av tollmurane. Noreg søkte om medlemskap i Dei europeiske fellesskap (EF) i 1962 og 1967.<sup>369</sup> Begge gonger var prosessen stoppa av at presidenten i Frankrike, Charles de Gaulle, la ned veto mot å opne for nye medlemsland.<sup>370</sup> Noreg prøvde deretter andre marknadsløysingar. Forhandlingar om eit nordisk samarbeid, NORDØK, starta i 1968, men førte berre til ein avtale som utsette vanskelege spørsmål knytt til fiskeri- og landbrukspolitik. På norsk

---

<sup>363</sup> sjå Glover (2011) s. 184

<sup>364</sup> Glover (2011) s. 189, Angell (2014b) s. 20-21

<sup>365</sup> Glover (2011) s. 190

<sup>366</sup> Glover (2011) s. 187

<sup>367</sup> Cull (2008) s. 111

<sup>368</sup> Angell (2014b) s. 20-21, Finans- og tolldepartementet 1962: Statens informasjonsteneste. Innstilling fra informasjonsutvalget, Oslo

<sup>369</sup> Dei europeiske fellesskap bestod av Det europeiske økonomiske fellesskap (EEC), Det europeiske kol- og stålfellesskapet (EKSF) og Det europeiske atomenergifellesskapet (EURATOM). På 1950- og deler av 60-talet hadde desse organisasjonane blitt kalla EEC, men etter kvart som samarbeidet utvikla seg kom nemninga EF i bruk. I kampen før den norske folkeavstemminga i 1972 brukte nei-sida EEC og ja-sida EF. Knudsen, Olav Fagerlund <http://snl.no/EF> (lasta ned 2. mai 2014)

<sup>370</sup> Då Noreg søkte første gong i 1962 var EF-motstanden atskilleg sterkare enn i 1967. Eriksen og Pharo (1997) s. 332-337, Tamnes (1997) s. 165

side var det framleis krefter som ville setje "Europa først".<sup>371</sup> Då de Gaulle gjekk av i 1969, opna dette døra til EF på gløtt, og ein ny søknadsprosess kom i gang. I 1972 vart det halde folkeavstemming om medlemskap, der folket stemde nei.<sup>372</sup>

Den nye merksemda kring utanrikspolitikken i denne perioden er knytt til tettare økonomiske integrering. Nedbygginga av tollmurane var ein sentral del av denne integreringa. Framveksten av eit regelbasert, multilateralt handelssystem, opna for "kapitalismens gylne epoke" for den vestlege verda. Forutan EF, var Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD – inngått 1961), Det europeiske frihandelsforbund (EFTA – inngått 1961) og liberaliseringa i GATT-avtalen (General agreement on Tariffs and Trade – inngått 1947) del av dette. Då gullstandarden vart gjeninnført og valutakursane vart stabile, flaut handelstransaksjonane også lettare.<sup>373</sup> USA spelte ei aktiv rolle i å fremje liberalisering og internasjonal handel.<sup>374</sup>

## 5.2 Kontoret blir avdeling 1967

Tendensen til at Kontoret fekk ei sterkare tilknytning til Utanriksdepartementet starta allereie i 1965. Frå dette året vart Kontoret ein del av Utanriksdepartementet sin budsjettpost med løn og andre kontor- og driftsutgifter.<sup>375</sup>

I innstillinga i etterkant av stortingsmeldinga om Kontoret i 1967, uttalte utanriks- og konstitusjonskomiteen:

Komiteen har merket seg at Kulturkontorets tilknytning til den øvrige del av Utenriksdepartementet etter hvert er blitt sterkere både administrativt og personalmessig og antar at denne integrering bør føres vidare i likhet med hva som har skjedd for pressetjenestens vedkommende.<sup>376</sup>

---

<sup>371</sup> Tamnes (1997) s. 169-170. I hovudsak var dette Høgre og deler av Ap og Venstre.

<sup>372</sup> Dette førde til at den sittande regjeringa måtte gå av. Spliden om EF sleit på den borgarlege koalisjonsregjeringa, særskilt mellom Senterpartiet og Høgre. Koalisjonen var til slutt så splitta at regjeringa gjekk av. EF-forhandlingane heldt fram under Trygve Bratteli si Arbeidarparti-regjering, men EF var negative til særordningane om fiskeri som Noreg ville ha med. Tamnes (1997) s. 179

<sup>373</sup> Tamnes (1997) s. 149

<sup>374</sup> Men lykka varte ikkje lenge. Like etter Noreg hadde stemt nei til EF-medlemskap i 1972, sprakk biletet av EF som Europa sitt økonomiske lokomotiv. Oljekrisa førte til stagnasjon i den europeiske integreringa. Her reiser det seg spørsmål om kva politiske vurderingar Noreg gjorde på bakgrunn av dette. Stortingsmeldinga frå 1973 kom før dette skjedde. Det kan tenkast at ein ville gjort seg andre vurderingar i den økonomiske situasjonen som følgde av oljekrisa. Tamnes (1997) s. 183

<sup>375</sup> St. Meld. Nr.77 1966-67 s. 24

<sup>376</sup> Instilling S. Nr.17 1967-68, Instilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet

Denne endringa fell også saman med slutten på tretti år med nesten samanhengande Arbeidarparti-styre. I den borgarelge koalisjonsregjeringa som overtok, vart John Lyng, som hadde vore kortvarig statsminister i 1963 etter King's Bay-saka, utanriksminister. Han vidareførte linja til Halvard Lange med ein trygg basis i NATO men gjekk sterkare inn for aust-vest-kontakt. Han gjekk til dømes – som første vestlege utanriksminister – inn for ein alleuropeisk sikkerheitskonferanse i 1966, utan å få særleg støtte. Han gjekk inn for full bombestopp i Vietnamkrigen og var pådrivar for diplomatiske forhandlingar mellom USA og Vietnam.<sup>377</sup> Begge desse hendingane kan vi lese som vidareføringar av ein fredstradisjon i utanrikspolitikken som Noreg ønskte å bli assosiert med. I det heile kan ein seie at dette regjeringsskiftet bar lite preg av eit regimeskifte på utanriksområdet.<sup>378</sup> Det vart i denne perioden inngått ad hoc-avtalar om kulturelt samarbeid med Bulgaria (1970-72), Romania (1970-1972, fornya for 1973-74), Austerrike (1969-71) og Ungarn (1972 og 1973).<sup>379</sup> Dette reflekterte ein politikk med framhald av at fredstradisjonen. Noreg hadde i løpet av det tidsrommet desse avtalene vart inngått tre ulike utanriksministrar frå ulike parti. Dette er eit talande døme på at kontinuiteten i utanrikspolitikken også var gjeldande på dette området.

I EF-spørsmålet var det ikkje like stor einigheit i perioden. Lyng prøvde med regjeringa i ryggen å få Noreg med i EF i 1966 og fekk fleirtal i Stortinget for dette. Ønsket om å bli med i og nærare knytt økonomisk til EF kan seiast å ha gjort behovet for å nå ut med informasjon om Noreg og norske forhold enda større. Det vart i overgangen til 1970-talet einigheit om at "Informasjonspolitikken må tjene norsk økonomi og den gjensidige kulturutvikling, samtidig med at det skapes større forståelse for Norges holdning i mellomfolkelig samarbeid."<sup>380</sup>

Det var med andre ord fleire interesser ein måtte ivareta samstundes. Å tene dei økonomiske interessene handla om den tettare økonomiske integreringa til dømes gjennom handelsavtalane. Å få forståing for Noreg si haldning til mellomfolkeleg samarbeid kan knytast til kritikken mot Vietnamkrigen og det globale engasjementet Noreg elles hadde. Det har blitt hevda at Noreg under radikalisinga som skjedde frå slutten av 1960-åra i enda større grad enn tidlegare prøvde å oppnå ei rolle

---

<sup>377</sup> Tamnes (1997) s. 27, Langslet, Lars Roar [http://nbl.snl.no/John\\_Lyng](http://nbl.snl.no/John_Lyng) (lasta ned 28.april 2014)

<sup>378</sup> Tamnes (1997) s.17

<sup>379</sup> I tillegg til austblokkland, også Den Forente Arabiske Republik (1967) og Austerrike (1969-71) St.meld. nr.74 1972-73 s. 9

<sup>380</sup> St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 16

som "pådrivar" i arbeidet med å utvikle samarbeidsordningar som kunne bidra til å løyse strukturelle problem i verdssamfunnet.<sup>381</sup>

### 5.2.1 Informasjon det nye tyngdepunktet

I samband med 60-årsdagen sin i 1958 undra Christophersen om det var alle ekspedisjonane han hadde leia som biolog som hadde gjort at han hamna på Kontoret – å leie det var litt som ein ekspedisjon. "Jeg har i alle fall funnet min livsoppgave her."<sup>382</sup> I 1967 var han blitt 69 år. Då var det slutt på ekspedisjonen for "Kontorets energiske sjef".<sup>383</sup> Christophersen sin avskjed fell saman med den nye orienteringa i utanriksinnsatsen. Den nye orienteringa innebar eit nytt syn på informasjonsarbeid som særleg fekk innverknad på Kontoret – no avdelinga. Christophersen hadde vore noko av drivkrafta bak at kulturellrelasjonar utgjorde mykje av verksemda til Kontoret. Hans avgang og den nye informasjonsdiskursen var to tilhøve som fall saman i tid, og såleis opna opp for at informasjon kunne bli det nye tyngdepunktet, i staden for kultursamkvem.

I stortingsmeldinga frå 1973 såg dei på historia til all norsk opplysningsverksemd i utlandet. Linja blei trekt tilbake til før unionsoppløysinga i 1905. Regjeringa og Stortinget hadde då ein spesialkomité som jobba med aktivt opplysningsarbeid i utlandet "for Norges sak". På same måte som dei tidlegare meldingane til ein viss grad skulle legitimere kultursamkvem, vart det no informasjonsarbeidet som skulle legitimerast: "Med rette kan man derfor si at norsk informasjonsvirksomhet i utlandet ble organisert før utenrikstjenesten."<sup>384</sup> Fokuset var i denne framstillinga på det nærings-økonomiske, mellom anna med at "Opplysningskontoret for næringsveiene" frå 1914 vart trekt fram.<sup>385</sup>

Det vart også hevda at fram til 1950-talet var verken informasjonsarbeid eller kulturarbeid eintydige omgrep. Etableringa av Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet var del av "de første forsøk på å komme frem til en klarere definisjon." Vidare kan vi lese at

---

<sup>381</sup> Tamnes (1997) Oljealder s. 411

<sup>382</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Blomsterdoktorer på kulturbeitet" Arbeiderbladet 17/4 1958

<sup>383</sup> St. tid. 1954 7A s. 1119, C.J. Hambro

<sup>384</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 4

<sup>385</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 5

det umiddelbare resultat av opprettelsen av dette kontor var, at man forsøkte å foreta grenseoppgang mellom generelt og kulturelt informasjonsarbeid. Disse, som det skulle vise seg, kunstige grenser bidro imidlertid ikke særlig til noen klargjøring av begrepene.<sup>386</sup>

I tidlegare kjelder har ikkje dette definisjonsspørsmålet kome fram på denne måten. Som nemnt i tidlegare kapittel, var kultur i førstninga brukt i det dei kalla "sosiologisk betydning", som vart sagt å vere "det samkvem mellom landene, den utveksling over landegrensene som ikke hoversakelig er av politisk, økonomisk eller militær art."<sup>387</sup> At meldinga frå 1973 kallar grensene mellom kulturelt og generelt informasjonsarbeid for kunstige, kan lesast som ei etterrasjonalisering for å legitimere samanslåinga. Det kan også tenkast at ei klargjøring av verksemda til Kontoret hadde blitt nødvendig, eller at det hadde utmeisla seg ei slik klargjøring gjennom arbeidet. Vidare hevda meldinga:

Det er en allminnelig oppfatning at generell informasjon dekker områder som politikk, økonomi, handel, sosiale forhold, undervisning, kunst og kultur. [...] De eksportfremmende og turiststimulerende aktiviteter i utlandet har likeledes ofte et sterkt islett av kulturell eller generell informasjon.<sup>388</sup>

Kunst og kultur vart her presentert som del av den generelle informasjonen, men samstundes skild ut. Med andre ord var det framleis problematisk å definere grensa mellom generell og kulturell informasjon. Det kan hevdast at den nye orienteringa innebar at informasjon kunne bli ei slags paraplynemning, på same måte som kultursamkvem hadde vore.

### **Rådet for Norgesinformasjon**

*Rådet for Norgesinformasjon* vart førespegla å få ei nøkkelrolle i den nye organiseringa av verksemda. Rådet vart nedsett av den borgarelege Per Borten-regjeringa i 1969 og skulle bidra til å fremje og samordne informasjonsarbeidet om Noreg og norske forhold i utlandet. Det var 22 departement og institusjonar representerte i Rådet, og dei møttest

---

<sup>386</sup> St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 14

<sup>387</sup> UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I, "Blomsterdoktoreren på kulturbeittet" Arbeiderbladet 17/4 1958 og St.meld nr 78 1956 s. 3

<sup>388</sup> mine uthevingar. St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 14

to gonger årleg. Arbeidsutvalet møttest kvar 14. dag og var samansett av representantar frå Utanriksdepartementet, Handelsdepartementet, Norges Eksportråd, Landslaget for Reiselivet i Norge, Norges Varemesse og Norges Rederforbund.<sup>389</sup>

Etableringa av Rådet for Norgesinformasjon vart forklart ut i frå "de skjerpede konkurransevilkår for norsk eksport og skipsfart" som gjorde det viktig "at utenrikstjenesten, både hjemme og ute, engasjerte seg mer aktivt i arbeidet med å fremme norske næringsinteresser." Dette krevde eit særskild målbevisst samarbeid mellom Utanriksdepartementet, Norges Eksportråd, Landslaget for Reiselivet i Norge, fagstyresmaker og organisasjonar i nærings- og arbeidslivet. Oppgåvene til Rådet for Norgesinformasjon vart slik å drøfte *måla* for informasjonsverksemda, å halde oppsyn med aktiviteten på området og vurdere og gi råd om kva for verkemiddel ein burde bruke og korleis dette burde gjerast. Det skulle også fungere som eit forum for utveksling av opplysningar om informasjonstiltak og koordinere og legge til rette for nye informasjonstiltak som søkte offentleg støtte.<sup>390</sup>

På oppmoding frå Rådet for Norgesinformasjon, vart også utanrikstenesta koordinert i tråd med det nye synet på informasjonsarbeid. Ved ambassadane vart det etablert samarbeidsutval der også organisasjonar og institusjonar som var representerte på staden deltok, mellom anna Norges Eksportråd og Landslaget for Reiselivet i Norge. "Utenriksdepartementet har en bestemt oppfatning av at utvalgene bidrar til bedre koordinering og mer rasjonall utnyttelse av de ressurser som samlet står til disposisjon."<sup>391</sup>

Rådet for Norgesinformasjon hadde trekk som representerte tankane om offentleg og privat samarbeid som vart artikulerte i samband med opprettinga.<sup>392</sup> Vi kan likevel ikkje gå for langt i å trekke parallellar her. Ein stor skilnad var at næringslivet i dette rådet var nokså overrepresentert i forhold til kulturlivet. Av kunstorganisasjonar var det berre Norsk Designcentrum som var representert. Kulturen gjekk frå ei hovudrolle i å styrke det norske næringslivet i utlandet på 1950-talet, til no å bli berre ein liten del av ei større satsting på Noregsinformasjon for å fremje økonomiske og

---

<sup>389</sup> Andre departement og organisasjonar representert var mellom andre Kulturdepartementet, Fiskeridepartementet, Industridepartementet, Landbruksdepartementet, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, LO, NHO, NRK og Norges Bank . St.meld nr 74, 1972-73 s. 15, Rådet for Norgesinformasjon blei formelt nedlagt i Statsråd 17. juli 1998. Omdømmeutvalgets sluttrapport, 2006, s. 15

<sup>390</sup> St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 15

<sup>391</sup> St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 16

<sup>392</sup> sjå kapittel 2

politiske mål. Jamvel om vi også kan trekke parallellar til organisering av Svenska Institutet, representerte dette rådet noko ganske anna. Det var stort sett paraplyorganisasjonar i næringslivet som var medlemer, og dei bidrog ikkje med private midlar. Rådet for Norgesinformasjon hadde ikkje eigen portefølje, det var berre eit rådgjevande organ.<sup>393</sup> Rådet var såleis eit uttrykk for det nye fokuset på rolla til informasjonsarbeid i den skjerpa konkurransen mellom statane, og i liten grad eit produkt av tidlegare idear eller modellar.

Det kan likevel argumenterast for at impulsar frå andre land verka inn. Sverige etablerte i 1962 ein "Opplysningskommitté" som tre år seinare vart erstatta med eit "Informasjonskollegium."<sup>394</sup> Kjeldene nemner ikkje dette, men også på denne tida samanlikna politikarane i Noreg seg med nabolanda – særskild i debattar kring løyvingsspørsmål. Dette kom til dømes til uttrykk ved at Rådet for Norgesinformasjon blei bedt om å undersøke kor på skalaen Noreg låg når det gjaldt statlege løyvingar til utlandsinformasjonen, samanlikna med nabolanda. "Av de tall som ble lagt frem, fremgår det at de norske bevilgninger både reelt og relativt ligger til dels betydelig under de andre nordiske lands." Konklusjonen var difor at "en mer effektiv og bedre koordinert norsk informasjonsvirksomhet i utlandet ikke kan oppnås uten økte bevilgninger." Rådet bad også om å sjølv få disponere midlar for å kunne utføre oppgåvene sine betre.<sup>395</sup> Men politisk var det ikkje auka ressursar som vart svaret, men heller meir samordning og effektivitet. Dette førte til forlaget om å slå saman presseavdelinga og kulturavdelinga.

### 5.3 Frå Kulturavdeling til Presse- og kulturavdeling 1972/73

*"Norsk opplysningsarbeid i utlandet er en vesentlig del av vårt internasjonale engasjement og kan derfor ikke forsømmes, uten skadevirkninger for nasjonale interesser."*<sup>396</sup>

Trygve Brattelie si Arbeidarparti-regjering frå 1971-1972 var eit intermesso mellom to borgarlege.<sup>397</sup> Kontinuiteten i utanrikspolitikken heldt i stor grad fram. Tidlegare finansminister Andreas Cappelen vart utanriksminister i denne regjeringa. Han fekk i

---

<sup>393</sup> Bortsett frå eit mindre beløp til dekking av møteutgifter. St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 15

<sup>394</sup> Glover (2011) s. 189

<sup>395</sup> St.meld. nr. 74, 1972-73 s. 16

<sup>396</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 17

<sup>397</sup> Per Borten 1965-1971 og Lars Korvald 1972-1973

oppdrag å bere fram regjeringa sin kritikk av USA si krigføring i Vietnam og vidareførte slik både Lange og Lyng sin politikk. Ei av hovudoppgåvene hans vart også å førebu eit norsk medlemskap i EF.<sup>398</sup> I september 1972 la Cappelen og Utanriksdepartementet fram forslaget om å slå saman Presse- og Kulturavdelingane for å rasjonalisere og effektivisere innsatsen.

Bakgrunnen for forslaget var at Utanriksdepartementet i 1969 sette ned eit internt utval som skulle gå gjennom organiseringa av og hovudoppgåvene til utanrikstenesta. Leiaren for dette utvalet var diplomat Erik Dons. Han hadde mellom anna vore ambassadør i Kina og Portugal og fleire gonger vore med i norske FN-delegasjonar.<sup>399</sup> I likskap med Lyng og Cappelen var han oppteken av EF-spørsmålet og hadde vore medlem i delegasjonen som forhandla om norsk EF-medlemskap. Dons-utvalet bad i 1969 Rasjonaliseringsdirektoratet om å gjennomgå organisasjonen i Kulturavdelinga og Presseavdelinga. Dette direktoratet vart oppretta i 1949 og fekk i oppgåve å leie undersøkingar, planlegging og hjelp til å gjennomføre tiltak for å gjere statsadministrasjonen mest muleg "enkel, effektiv og økonomisk."<sup>400</sup> Denne instruksjonen gav rom for eit breitt spekter av oppgåver. Direktoratet vart seinare gjenoppnemnd for avgrensa tidsperiodar ved kongeleg resolusjon når regjeringa hadde nye oppgåver.<sup>401</sup>

Det vart etter Rasjonaliseringsdirektoratet sin gjennomgang framheva at det var behov for å samordne informasjonsverksemda. I brev til Utanriksdepartementet i 1969 skreiv Rasjonaliseringsdirektoratet at:

Det synes nå å være en stadig større forståelse for betydningen av informasjon om Norge og norske forhold i utlandet. R-direktoratet har forstått det slik at flere institusjoner sammen med Utanriksdepartementet vil satse mer på dette felt. [...] Ressursene som kan benyttes til informasjonsvirksomhet er begrenset. Det er således nødvendig å koordinere og konsentrere innsatsen av informasjonsvirksomheten. Etter fornyet vurdering av

---

<sup>398</sup> Tamnes (1997) Oljealder 1956-1995, Oslo, Universitetsforlaget s.174, Rieber-Mohn, Georg F. [http://nbl.sn.no/Andreas\\_Cappelen](http://nbl.sn.no/Andreas_Cappelen) (lasta ned 2. april 2014)

<sup>399</sup> NTBtekst 10.03.1995, "Erik Dons 80 år 2. april", <http://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=055013199503101417&serviceId=2>, (lasta ned 2. april 2014)

<sup>400</sup> St. meld. nr. 46 1951, s. 3

<sup>401</sup> St. meld. nr. 37 1959 Statens rasjonaliseringsdirektorats virksomhet i kalenderåret 1958 s. 1 Rasjonaliseringskontoret vart oppretta i Finansdepartementet i 1947. Frå 1948 blei det eit eige direktorat, Statens rasjonaliseringsdirektorat, til dagleg R-direktoratet.



saken vil R-dikretoratet prinisipielt tilrå at det arbeides for en organisatorisk sammenslåing av Presseavdelingen og Kulturavdelingen i en *informasjonsavdeling*.<sup>402</sup>

Her ser vi eit utslag av det nye fokus på informasjon. I brevet føreslo Rasjonaliseringsdirektoratet ei arbeidsdeling som også reflekterte dette. Pressedelen skulle ta seg av kontakt med norsk og utanlandsk presse, arrangere pressekonferansar og intervju og planlegge besøk av pressefolk. Kulturdelen skulle ta seg av bilaterale og multilaterale kulturavtalar, internasjonale konferansar og personutveksling, ungdomsutveksling og arbeidsutveksling. Informasjonsdelen skulle ta seg av resepsjonsteneste, generelle førespurnader, besøk og publikasjonsverksemd. Meir spesielt vart det at oppgåver som tidlegare var rekna som kulturoppgåver; film, musikk, teater og utstillingar, no skulle bli informasjonsdelen sitt ansvar.<sup>403</sup>

#### *To parallelle og gjensidig påverkande løp*

Presse- og kulturavdelinga fekk elles lite omtale i den 80 sider lange stortingsmeldinga om utanrikstenesta. Det vart erkjent at kulturelle spørsmål var viktige i innleiingsfasen til samkvetmet med enkelte land. Samstundes, vart det hevda, hadde det vakse fram ei erkjenning av at dersom informasjonstenesta og kultursamkvetmet skulle verke på ein tilfredsstillande måte, måtte innsatsen bli ein integrert del av den utoverretta verksemda.<sup>404</sup> Det nye fokus på handelspolitiske spørsmål i utanrikspolitikken, ville innebere ei meir politisk og økonomisk orientering også i verksemda til den nye Presse- og kulturavdelinga. Dette gav seg tydeleg utslag i retorikken og omgrepsbruken, som illustrert over. Verksemda kunne handle om det same – publikasjonar, utvekslingar og noko kultur "i snever forstand" – men ein kalla det informasjonsarbeid. Det kan her hevdast at det skjedde ei flytting av tyngdepunktet innanfor kultur – i alle fall i retorikken. Ingen av dei tradisjonelle kulturformene som musikk, teater eller dans vart nemnt i stortingsmeldinga frå 1972. Det vart derimot film, bilet-teneste og utstillingar – alle knytt til det å spreie informasjon om Noreg. Informasjonen skulle i større grad no handle om norsk økonomisk og politisk liv. Dei politiske og økonomiske felta vart til gjengjeld oppfatta som stadig tettare knytt saman i perioden:

---

<sup>402</sup> mi utheving, St. meld. nr. 12, 1970-71, s. 71, Innstilling fra utvalget til gjennomgåelse av utenrikstjenesten, vedlegg 8: Brev frå Rasjonaliseringsdirektoratet 25.juni 1969

<sup>403</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s.25

<sup>404</sup> St.meld nr.74 1972-73 s.6, St.meld nr 12, 1970-71

Det synest å være mer enn en påstand at en overveiende del av det internasjonale konfliktstoff som vi må ta stilling til, i stigende grad er blandet politisk-økonomisk. Det økonomiske er ikke alltid lett synlig i en tilsynelatende "ren" politisk situasjon – og omvendt [...] Et annet vesentlig forhold gjør seg særlig gjeldende for et land som Norge med små ressurser og med en utsatt sikkerhetspolitisk og økonomisk stilling. Beslutninger på det politiske felt kan få vidtrekkende konsekvenser for vår utenriksøkonomi [og] omvendt[...]. Disse to sakskomplekser bør behandles i nær tilknytning til hverandre.<sup>405</sup>

Dette illustrerer ei auka politisk merksemd kring Noreg sine handelspolitiske relasjonar. Både EF og dei handelspolitiske avtalane gjorde det vanskeleg å skilje politikk og økonomi. Det vart hevda at ein var i ferd med å få ei "multilateralisering" av stadig fleire samarbeidsfelt. Ein meinte at problem som tidlegare hadde fått si løysing nasjonalt eller bilateralt, etter kvart ville bli handsama multilateralt.<sup>406</sup>

EF-medlemskap var eit konkret døme på ei politisk avgjersle som kunne få store konsekvensar for utanriksøkonomien. Eit medlemskap kunne få konsekvensar for fiskeri- og jordbruksnæringa, og om ein vart ståande utanfor, kunne ein få dårlegare avtalar for handel.<sup>407</sup> Det vart nemleg sett på som ei sentral oppgåve for utanrikstenesta å bidra til å sikre grunnlaget for fortsatt økonomisk vekst i Noreg. I første rekke skulle dette bli gjort ved å arbeide for å oppnå tilfredsstillande vilkår for utanrikshandelen og skipsfarten.<sup>408</sup> Noreg hadde tidlegare vore eit råvareproduserande land, men no, vart det hevda, var ferdigvareandelen av eksportsektoren i ferd med å auke.<sup>409</sup> Dette kan forklare kvifor grunngevinga for den utoverretta verksemda i byrjinga av 1970-talet hadde ein litt anna tone enn tidlegare:

Den demokratiseringprosess som har funnet sted i de fleste land sammen med en økende erkjennelsen av at verden er en enhet, har gjort det nødvendig å søke å skape "goodwill" for vårt land i bredest mulige kretser i utlandet.<sup>410</sup>

---

<sup>405</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s.19-20

<sup>406</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s. 8

<sup>407</sup> Tamnes ( 1997) s. 172-176

<sup>408</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 5

<sup>409</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s.8

<sup>410</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 5

”Å skape goodwill” verka å vere knytt til å skaffe gode handelsvilkår.<sup>411</sup> Karakteriseringa av ei samtid med demokratiseringsprosessar framfor manglande tillit, impliserer ei endring i kvifor ein meinte informasjonsarbeid var viktig. Noreg vart her framstilt som eit land som var svært avhengig av import og dermed like avhengig av eksport for å skaffe likviditet.<sup>412</sup> At ”verden er en enhet” kan også knytast til økonomiske vurderingar.

Spreiinga av eksportpublikasjonar vart på denne tida ein ny prioritet, som vi såg i førre kapittel. Dette må vi sjå i samanheng med det nye fokuset på informasjonshandtering på 1960-talet. Denne nye informasjonsdiskursen verka inn på styresmaktene si konseptualisering og tolking av den norske innsatsen for å promotere seg sjølv i utlandet.<sup>413</sup> I stortingsmeldinga frå 1973 uttrykte Utariksdepartementet at måten Noreg vart presentert på mot utlandet spelte ei stadig større i diplomatiet.

Presentasjonen av Norge overfor omverdenen er i følge Utenriksinstruksen et ledd i utenriktjenestens virke for å ivareta våre nasjonale interesser. Med det økte internasjonale samkvem og samarbeid har det vært et klart behov for å markere Norges plass og innstilling.<sup>414</sup>

Norges plass og stilling kunne forutan å vere knytt til det handelspolitiske, også gjelde det sikkerheitspolitiske.

### *Endring i målsetnader*

Presse- og kulturavdelinga vart tettare knytt til Utanriksdepartementet, og måla vart dermed også knytt tettare dit. Måla for utanrikstenesta vart også mål for dei underliggande avdelingane. Medan det tidlegare var mykje snakk om å bruke arbeidet for å skape tillit mellom landa, var dette tona ned no. I staden for *tillit* brukte ein også omgrepet *sikkerhet*. Utanrikstenesta si målsetjing vart no formulert slik: ”Den viktigste enkeltoppgave er å bidra til å trygge landets fred, sikkerhet og nasjonale

---

<sup>411</sup> ”Goodwill” hadde også blitt brukt i samband med Kontoret tidlegare, men det var gjerne i pressesamanheng og knytt til eksport, ikkje kultur. T.d. UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret. VG 29. oktober 1949 ”Nå må vi lære å bruke vår goodwill i utlandet”

<sup>412</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 5

<sup>413</sup> Den første rapporten om informasjonsteneste i det offentlege kom i 1962: Finans- og tolldepartementet 1962: Statens informasjonsteneste. Innstilling fra informasjonsutvalget, Oslo. Angell (2014b) s. 20-21

<sup>414</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 7

uavhengighet[...]"<sup>415</sup> Dette vart sett i samanheng med "en økende erkjennelse av at verden er en helhet. Denne erkjennelsen knytter seg særlig til det forhold at lokale konflikter i vår tid lett kan lede til internasjonale kriser. Konflikter i fjerne land kan derved få alvorlige konsekvenser også for Norge."<sup>416</sup>

Difor var det stadig viktig å jobbe for internasjonal fred; å "være med på å skape en internasjonal rett som vil arbeide for mellomfolkelig sikkerhet, fred og internasjonal avspenning"<sup>417</sup> Dette var framleis knytt til den kalde krigen, og naboen i nord, Sovjet:

Det er av særlig betydning at norske myndigheter fortsetter å føre en politikk som tar sikte på å skape troverdighet i Sovjetunionen og de øvrige øst-europeiske land når det gjelder stabiliteten i norsk sikkerhetspolitikk og dens defensive karakter.<sup>418</sup>

Endringa mot eit meir generelt informasjonsarbeid vitnar om at målsetjinga og motivasjonen for arbeidet endra seg. Dette var knytt til at Noreg var i ferd med å styrke og utvide sine internasjonale kontaktar og samarbeid, til dømes gjennom søknad om medlemskap i EF. Samanslåinga signaliserte at det no hadde vorte viktigare å selja bestemte bilete av Noreg ut frå kommersielle motiv, enn å inngå i kulturelle relasjonar. Denne prioriteringa har blitt knytt til ei forståing om at omverda hadde eit skeivt bilete av Noreg, slik vi såg i førre kapittel.<sup>419</sup> I eit stortingsordskifte om opplysningsarbeidet i utlandet i 1974 hevda til dømes tidlegare statsminister Lars Korvald (KrF) at ein kunne få inntrykk av at det i mange land rådde ei ein-sidedig oppfatning av Noreg: "Norge er landet med skiløpere, samer, høye fjell, folkeviseleik og reinsdyr." Han meinte målet for informasjonsverksemda i utlandet måtte vera å nå ut med ei meir "nyansert og allsidig opplysning i utlandet om hva Norge er."<sup>420</sup>

## 5.4 Konklusjon

Vi har sett at den første omorganiseringa knytte Kontoret (då Kulturavdelinga) nærmare Utanriksdepartementet. Den frie rolla Kontoret hadde hatt, vart erstatta med ei meir

---

<sup>415</sup> St.meld nr.74 1972-73 s. 5

<sup>416</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s. 5

<sup>417</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s. 5

<sup>418</sup> St.meld nr 12, 1970-71, s. 8

<sup>419</sup> Angell (2014b) s.104-105

<sup>420</sup> Stortingsforhandlinger 7B 1973-74: 2289, Angell (2014a) s. 104-105

underordna stilling. Det tidlegare fokus på å styrke kulturelle relasjonar med utlandet, vart som vi har sett, redusert til å bli ein del av eit vidare spekter i interesser – i alle fall i retorikken. Vidare har vi sett at denne Kulturavdelinga vart slått saman med Presseavdelinga for å rasjonalisere.

Samstundes fekk vi eit nytt syn på informasjonsarbeid og ei utvikling i teknologien som gjorde denne samanslåinga naturleg. Endringane i omgrep og diskurs, så vel som i bilete av Noreg (sjå kapittel 4), var tett knytt til desse informasjonsteknologiske endingane, men dei vart nok ikkje drivne av dei.

Parallelt med utviklinga i informasjonsarbeidet føregjekk det utviklingar i merksemda kring utanrikspolitikken. Multilaterale handelsavtalar og forhandlingar om EF-medlemskap gjorde at det utoverretta informasjonsarbeidet kunne spele ei rolle i til dømes å skape goodwill for Noreg i utlandet. Sikkerheitspolitiske og økonomiske spørsmål vart også tettare samanvevde.

Karakteristisk for denne perioden var at det økonomiske samarbeidet til Noreg kom meir i fokus i utanrikspolitikken. Dette gav seg konkret til uttrykk her i det nye synet på informasjonsarbeid.

## 6. Avslutning

I innleiinga presenterte eg ei hovudproblemstilling: *korleis gjekk arbeidet med norsk offentleg kulturdiplomati føre seg frå 1945 til 1973?* Denne vart konkretisert ut i frå fire underproblemstillingar som vart fordelt på dei fire analysekapitla. Hypotesen eg jobba ut i frå var at verksemda til Kontoret gjekk frå å vektlegge kulturelasjonar primært for å bygge tillit mellom statar, til å gradvis handle om strategisk Noregsinformasjon med meir økonomiske motiv frå midten av 1960-talet.

I kapittel 2 såg vi at mandatet til komiteen til oppretting av Kontoret, var knytt til å rasjonalisere og effektivisere eksisterande arbeid på feltet. Motivasjonen hadde likevel fleire sider. I etterkrigstida var det internasjonalt og i Noreg ei dominerande oppfatning av at kultursamkvem kunne bygge opp igjen tillit mellom land. På dette bakteppet eksisterte det blant norsk politikarar ei førestilling om at Noreg, som eit lite land utan fortid som kolonimakt, var særskilt eigna til å drive fredsbyggande arbeid – ei oppfatning som hadde eksistert lenge i utanrikspolitikken. Motivasjonen såg også ut til å vere driven av ein slags konkurranse, eller frykt for å "hamne bak" andre land – og spesielt nabolanda – som hadde gjort mykje meir enn Noreg på dette området. Dette vart eit desto større problem fordi ein meinte norsk kultur hadde spesielt gode vilkår for å kunne hevde seg internasjonalt. Ved å opprette ein institusjon for kultursamkvem, meinte fleire politikarar at norsk kultur ville kunne få si rettmessige internasjonale merksemd.

Kulturen vart tillagt ei spesiell rolle då det var argumentert for at den kunne gi positive tilbakeverknader på det økonomiske og politiske felt. Men på same tid som kulturen kunne bli framstilt som eit instrument for eksportnæringa, verka det å vere ei genuin tru på at kultur i seg sjølv kunne verke fredsbyggande og skape tillit og avspenning. Dei økonomiske interessene ved verksemda vart representerte i mindre grad enn det komiteen som førebudde Kontoret hadde sett for seg i byrjinga, fordi det private næringslivet ikkje vart med på å finansiere. Samansetninga av denne komiteen talte heller ikkje for ei innretting mot det private, då det berre var éin representant frå næringslivet med. Den høge andelen folk frå undervisning og høgare utdanning, talte derimot for ei orientering mot akademia. Kontoret vart eit statleg, men nokså frittstående organ under Utanriksdepartementet. Dette var mellom anna knytt til at det alt før opprettinga var bestemt at Kontoret skulle forvalte samarbeidet med UNESCO og

bilaterale kulturavtalar, noko ein halvprivat institusjon ikkje kunne ta seg av. Dette var med på å definere kor stor rolle staten måtte spele. Den resterande rolla det private *kunne* spele, vart avgjort ved næringslivet som viste seg å ikkje gje tilslutning til prosjektet.

I kapittel tre såg vi på verksemda til Kontoret frå det vart oppretta til det vart avdeling i 1967. Vi såg at verksemda til Kontoret i hovudsak kunne delast inn i tre delvis overlappende kategoriar: verksemd som skulle skape tillit og førebygge konflikt, verksemd som skulle fremje demokrati, velstand og utvikling, og verksemd som skulle presentere den norske samfunnsmodellen. Kulturutvekslingane var viktige på alle område. Dei kulturelle relasjonane med Sovjet var spesielt viktige for å førebygge konflikt, men det politiske tilhøvet mellom Noreg og Vesten på ei side og Sovjet på den andre bydde på vanskar i samarbeidet. Arbeidet for utvikling vart særleg gjort gjennom UNESCO, og vart sett i samanheng med førestillingane om Noreg som eit land med ein lang fredstradisjon. Verksemda som skulle presentere den norske samfunnsmodellen var både innretta mot mindre demokratiske land for å syne at det var andre måtar å organisere seg på, og mot vestlege land Noreg gjerne ville handle med. Opplysningsverksemd mot utlandet var eit sentralt verkemiddel generelt, og vart gjort gjennom å gi ut publikasjonar om Noreg og norske forhold.

I kapittel fire vart framstillingane av Noreg i desse publikasjonane analyserte. Bileta såg ut til å vere strategisk tilpassa situasjonen og mottakaren. Ein bodskap som kom til uttrykk synast å skulle forklare at den norske økonomiske modellen, basert på kooperativ og samarbeid, representerte noko anna enn kommuniststatane i aust. Ein prøvde vidare å balansere Noreg sin NATO-medlemskap med eit bilete av ein fredsnasjon. Oppfatningar om korleis omverda såg på Noreg ramma såleis inn kva bilete av landet ein prøvde å formidle. Bileta vart til i med bakgrunn i korleis ein trudde utlandet såg på Noreg. I nokre tilfelle gjekk ein inn for å balansere eller justere desse bileta.

I framstillingane såg vi særskilt ei spenning i korleis ein skulle handtere forholdet mellom oppfatninga av Noreg som tradisjonell, og det moderne biletet ein prøvde å formidle. Dei to bileta vart søkt foreina med framstillinga av at det moderne utspelte seg innanfor rammene av ein nedarva tradisjon. Utviklinga i publikasjonane understøtta hypotesen om ei gradvis forskyving frå kultur til informasjon i verksemda. Dette vart først og fremst reflektert i kva type publikasjonar som kom ut, då dei mot 1970-talet var meir innretta mot eksport og turisme. Utviklinga i framstillinga viser også at det vart

viktigare å sende ut bestemte – strategiske – bilete av Noreg, av handelspolitiske grunnar som eksport og turisme.

Denne utviklinga var også tydeleg i kapittel 5. Her såg vi at Kontoret vart knytt nærmare Utanriksdepartementet sin struktur ved å bli ei eiga avdeling. Tre år seinare vart denne Kulturavdelinga slått saman med Utanriksdepartementet si presseavdeling. Frå at kulturrelasjonane i stor grad definerte verksemda, gjekk ein i denne perioden inn i det vi kan kalle informasjonsarbeidet si tid. Informasjon tok over som eit paraplyomgrep, slik kultursamkvem på mange måtar hadde vore tidlegare. Denne nye informasjonsdiskursen var knytt til utviklinga av informasjonsteknologien og til den internasjonale utviklinga. Det kom frå norsk side eit nytt fokus på utanrikspolitikken mellom anna knytt til multilaterale handelsavtalar og forhandlingar om EF-medlemskap. Utviklinga av informasjonsteknologien gjorde informasjonsarbeid til ein viktig reiskap i samband med handelspolitiske mål.

Korleis har utviklinga framover vore? På 1980-talet vart kulturen si rolle i utanrikspolitikken på ny diskutert i Stortinget. Eit utval la i 1985 fram ein NOU om Noreg sitt offisielle kultursamarbeid med utlandet. Der vart eit privat fond, liknande det vi såg i kapittel 2 foreslege for å styrke det kulturelle arbeidet. I stortingsmeldinga basert på NOU-en i 1988, gjekk ein ikkje inn for denne løysinga då ein meinte staten ikkje kunne overlata eit slikt ansvar til det private, som vi også såg i kapittel 2. I 1981 vart forvaltinga av avtalane med UNESCO og Europarådet ført tilbake til Kultur- og vitskapsdepartementet (før Kyrkje- og undervisningsdepartementet).<sup>421</sup> Det kom også fleire omorganiseringar. I 1995 endra Presse- og kulturavdeling namn til *Presse-, kultur- og informasjonsavdelinga*. Jamvel om Rasjonaliseringsdirektoratet i 1969 foreslo ei informasjonsavdeling, vart ikkje informasjon eksplisitt skild ut som eige felt før no.<sup>422</sup>

I seinare tid har det blitt satsa meir på dette området, også i andre land. Dette har blitt sett i samanheng med fleire utviklingsdrag, som vi kan lese som vidareføringar av utviklingane vi såg skissert i kapittel 5: Utviklinga av informasjonsteknologien og forsert internasjonal økonomisk konkurranse. Dette må sjåast i lys av dei geopolitiske endringane etter at den kalde krigen tok slutt. I den auka globaliseringa danna det seg ei førestilling om at statane måtte bli synlege på nye måtar for å møte dei nye utfordringane. Angell hevdar denne førestillinga fekk næring frå

---

<sup>421</sup> Stortingsmelding nr. 13 (1987-88) *Om Norges offisielle kultursamarbeid med utlandet*.

<sup>422</sup> Forvaltningsdatabasen I, *Avdeling for presse, kultur og informasjon*

<http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/4046> (lasta ned 1. mai 2014)



marknadsføringskonsulentar som tilbød ulike løysingar for korleis statar kunne profilere seg og marknadsføre seg. Omgrepet *Nation branding* som vi var innom i kapittel 1 skriv seg til denne tida. Det same gjer "The Nation Brand Index", som er ein indeks som måler statusen ulike land har som merkevare.<sup>423</sup>

Den norske innsatsen for å presentere Noreg i utlandet vart også påverka av desse trendane. Problema som har vorte definerte som bakgrunn for nye satsingar, har likskapstrekk med dei norske politikarane sine oppfatningar synt i denne oppgåva. Det handla i stor grad om oppfatningar av at Noreg ikkje var synleg nok i omverda, og at det biletet utlandet hadde var skeivt. Denne oppfatninga er stadig definerande for kva bilete av Noreg ein ønskjer å formidle. I 2000 kom det ein rapport om kulturen si rolle i norsk utanrikspolitikk. Den tok til orde for ei "oppdatering av Norgesbildene". I likskap med Lars Korvald i 1974 meinte ein her at utlandet sitt inntrykk av Noreg var dominert av det tradisjonelle: Fjordar, fjell, vikingar og bunad – i den grad eit utanlandsk publikum i det heile hadde noko medvit om Noreg.<sup>424</sup>

Framstillingane av Noreg i utlandet i dag ser framleis ut til å forsøke å foreine det tradisjonelle og det moderne. I rapport frå 2006 om korleis Noreg skulle styrke sitt omdømme – omgrepet ein har brukt om sjølvpromotering i Noreg – var visjonen å gjere seg meir kjend og synleg: "Norge – nyskapende i samspill med naturen."<sup>425</sup> I 2004 vart Innovasjon Norge oppretta som ei samanslåing av mellom anna Norges Eksportråd og Norges Turistråd (tidlegare Landslaget for reiselivet i Norge). For nokre år sidan lanserte dei slagordet "Norway. Powered by nature" gjennom *Visit Norway*. Det er med andre ord ei stor grad av kontinuitet i framstillingane av Noreg – spesielt av nordmenn sitt forhold til naturen. I byrjinga av mai 2014 kunne "New Yorkkarar" sjå bilete av det norske vestlandet på Times Square. Fotomotiva var norske fjordar og fjell med tittelen "Times Square in Fjord Norway".

Jamvel om Noreg si sjølvpromotering i nyare tid etter kvart har byrja å bli undersøkt, veit vi framleis lite om korleis verksemda har utspela seg i tida etter 1973 og fram til slutten på den kalde krigen. Forsking på konstruksjonen av dei norske sjølvbileta er framleis eit fenomen med mange blanke felt.

---

<sup>423</sup> Angell (2014a) s. 104. Fleire land har brukt *nation branding* til skape ei merkevare. Beautiful Bangladesh og Incredible India er tydelege dømer. Konseptet har også blitt brukt til å prøve å omforme biletet dei trur utlandet har av dei. "Colombia – the only risk is wanting to stay" hadde ein slik strategi.

<sup>424</sup> Angell (2010) s. 45, Angell (2014a) s. 105, Olje og industri vart likevel nemnde som mulege moderne innslag i utlandet sine bilete av Noreg.

<sup>425</sup> Omdømmeutvalgets sluttrapport (2005) *Nyskapende i samspill med naturen*, Oslo

## Litteratur

Allern, Sigurd (1997), *Når kildene byr opp til dans – Søkelys på PR-byråene og journalistikken*, (Oslo: Pax)

Andersen, Flavio Duarte (2007) *Norsk hvalfangstpolitikk 1972-1982 - Opinionsen for og opposisjonen mot hvalfangst i perioden 1972-1982*, (masteroppgåve i historie ved Universitetet i Oslo)

Angell, Svein Ivar, (2002) *Den svenske modellen og det norske systemet: Tilhøvet mellom modernisering og identitesdanning i Sverige og Noreg ved overgangen til det 20. hundreåret* (Oslo: Det Norske Samlaget)

Angell, Svein Ivar (2010), Norges nasjonspromotering – mellom nation branding, cultural diplomacy og økonomisk nasjonalisme, *Den jyske historiker* nr. 126, Desember

Angell, Svein Ivar og Brekke, Ole Andreas (2011): Frå kraft versus natur til miljøvenleg energi? Norsk vasskraftpolitikk i eit hundreårsperspektiv. *Rokkan-rapport 3 /2011*. (Bergen: UNI Rokkansenteret).

Angell, Svein Ivar & Mordhorst, Mads (2014) National reputation management and the competition state – the cases of Denmark and Norway, *Journal of Cultural Economy*

Angell, Svein Ivar (2014a) , «'Norges omdømme som kulturland er høyt'» - Innlegg i norsk sjølvpresentasjon. *Arr. Idehistorisk Tidsskrift*.

Angell (2014b) Representing Norway in the post war period – The Office for Cultural Relations, forthcoming in Nikolas Glover et. al. (eds.) *Small states and foreign publics: Histories of public diplomacy in northern Europe* Next, Brill Publisher

Arndt, Richard T. (2005) *The First Resort of Kings: American Cultural Diplomacy in the Twentieth Century*, (Dulles, Va. : Potomac Books)

Berlin, Johan Daniel (2007) *Andreas Andersen : outsider i maktens høyborg : en utenrikspolitisk biografi*, (masteroppgåve ved Universitetet i Oslo)

Bergh, Trond m.fl (1987) *Vekst og velstand: norsk politisk historie 1945-1965*, (Oslo, Universitetsforlaget)

Bonde, Arne: Odd Hølaas, *Norsk biografisk leksikon*  
[http://nbl.snl.no/Odd\\_H%C3%B8laas](http://nbl.snl.no/Odd_H%C3%B8laas) (lasta ned 24. mars 2014)

Berntsen, Bredo, Sten Sparre Nilson. Bibliografi 1938-2001, Universitetsbiblioteket i Oslo, Bibliotek for humaniora og samfunnsvitenskap,  
<http://www.ub.uio.no/fag/samfunn-politikk/statsvit/ressurser/sten-sparre-nilson.pdf>

Braathen, Lars Thomas m.fl (1995) *Norsk filmhistorie* Oslo: Ad Notam Gyldendal

"Bryn, Aage" <http://runeberg.org/hvemerhvem/1948/0082.html> (lasta ned 24.mars 2014)

Byre, Audun (2005) Fredspolitik og folkelige bevegelser i nyere norsk historie, *Historisk tidsskrift* 2/2005

Byre, *Den realitiske idealist: Norge nedrusting og det internasjonale samfunn 1949-1963*, (masteroppgåve i historie ved Universitetet i Oslo 2006)

Christensen, Olav (1998) "En nasjonal identitet tar form" i *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*, (Oslo: Gyldendal)

Christiansen (2009) *Grænseløs kulturudveksling. Det Danske Kulturinstitut i 70 år*, (Aristo)

Cull, Nicholas J. (2008) *The cold war and the United States Information Agency*, (Cambridge University Press)

Dahl, Hans Fredrik: Nic. Stang, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Nic\\_Stang](http://nbl.snl.no/Nic_Stang) (lasta ned 4.april 2014)

Dahl, Willy: Alex Brinchmann, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Alex\\_Brinchmann](http://nbl.snl.no/Alex_Brinchmann) (lasta ned 24. mars 2014)

Det italienske kulturinstitut i Oslo, Historie

[http://www.iicoslo.esteri.it/IIC\\_Oslo/Menu/Istituto/Chi\\_siamo/Storia/](http://www.iicoslo.esteri.it/IIC_Oslo/Menu/Istituto/Chi_siamo/Storia/) (nedlasta 20.mars 2014)

Eriksen, Knut Einar og Pharo, Helge Øystein, *Kald krig og internasjonalisering. 1949-1965, Norsk utenrikspolitikk historie. Vol. 5* (Oslo: Universitetsforlaget, 1997).

Eriksen, Knut Einar: Osvald Harjo, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Osvald\\_Harjo](http://nbl.snl.no/Osvald_Harjo), (lasta ned 4.april 2014)

Fasting, Kari og Svela, Trond (2009) *Kjønn i endring – en tilstandsrapport om norsk idrett*, (Oslo: Akilles)

Forvaltningsdatabasen I, *Avdeling for presse, kultur og informasjon* <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/4046> (lasta ned 1.mai 2014)

Gienow-Hecht, Jessica C. E. og Donfried, Mark C. (2011), *The Model of Cultural Diplomacy: Power, Distance, and the Promise of Civil Society, Searching for a Cultural Diplomacy*, Jessica C. E. Gienow-Hecht and Mark C. Donfried (red.) (London, New York: Berghan Books)

Glover, Nikolas (2011), *National Relations. Public Diplomacy, national identity and the Swedish Institute, 1945-1970* (Lund: Nordic Academic Press).

Glover (2013) *Unity exposed: the Scandinavian pavilions at the world exhibitions in 1967 and 1970*, i *Communicating the North - Media Structures and Images in the Making of the Nordic Region*, Ashgate

Goksøyr m.fl (1996) *Kropp, kultur og tippekamp: Statens idrettskontor, STUI og Idrettsavdelingen 1946-1996*, (Oslo: Universitetsforlaget)

Grønlie, Tore og Flo, Yngve (2009) *Sentraladministrasjonens historie etter 1945*, bind 1, (Bergen: Fagbokforlaget)

Hoel, Tore: Olaf Devik, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Olaf\\_Devik](http://nbl.snl.no/Olaf_Devik) (lasta ned 24. mars 2014)

Historisches Lexikon Bayerns, Deutsche Akademie, 1925-1945 [http://www.historisches-lexikon-bayerns.de/artikel/artikel\\_44466#10](http://www.historisches-lexikon-bayerns.de/artikel/artikel_44466#10) (nedlasta 19.mars, 2014)

Holtsmark, Sven G. (1999) *Norge og Sovjetunionen – bilaterisering og fellesstyre*, <http://www.atlanterhavskomiteen.no/files/atlanterhavskomiteen.no/Tema/50aar/2a.htm> (lasta ned 3.april 2014)

Johnson, Walter (1965) *The Fullbright program: A History*, (Chicago, London: The University of Chicago Press)

Jørgensen, Per Magnus: Erling Christophersen, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Erling\\_Christophersen](http://nbl.snl.no/Erling_Christophersen) (lasta ned 3.mars 2014)

Kasiyan, Anastasia (2013) Kulturdiplomati under den kalde krigen: norske kvinner på besøk i USSR sommeren 1955, *Nordisk Østforum* nr. 2

Knudsen, Olav Fagerlund: EF, *Norsk biografisk leksikon* <http://snl.no/EF> (lasta ned 2. mai 2014)

Kolsrud, Ole (2008) *Rekonstruksjon og Reform, Regjeringskontorene 1945-2005* (Oslo: Universitetsforlaget)

Nye, Joseph (2004) *Soft Power: the means to success in world politics*, (New York: Public Affairs)

Langslet, Lars Roar: A. H. Winsnes, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/A\\_H\\_Winsnes](http://nbl.snl.no/A_H_Winsnes) (lasta ned 24. mars 2014)

Larsen, Eirinn, (2011) Jubileumshistorie nedenfra – UiO og de nye studentgrupper, i *Bok 7. Samtidshistoriske perspektiver, Universitetet i Oslo 1811-2011*, Peder Anker, Magnus Gulbrandsen, Eirinn Larsen, Johannes W. Løvhaug and Bent Sofus Tranøy (Oslo: Unipub).

Lauwerys, J.A. (red.) (1958) *Scandinavian democracy. Development of democratic thought & institutions in Denmark, Norway and Sweden* (København: The Danish Institute).

Leraand, Dag: Norsk utviklingshjelp, *Norsk biografisk leksikon* [http://snl.no/Norsk\\_Utviklingshjelp](http://snl.no/Norsk_Utviklingshjelp) (lasta ned 2.april 2014)

Musial, Kazimierz (2002) *Roots of the Scandinavian model: Images of progress on the area of modernization*, Baden-Baden: 236.

Myklebost, Kari Aga (2010) *Borealisme og kulturnasjonalisme*, (doktoravhandling ved Universitetet i Tromsø)

Myhre, Reidar (1972) *Amerikansk progressivisme og essensialisme* i Store pedagoger i egne skrifter (Oslo: Fabritus forlag)

Nasjonalmuseet,

[http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger\\_og\\_forskning/design\\_og\\_kunsthandverk/design\\_og\\_kunsthandverk\\_19052005/nordisk\\_gullalder/](http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger_og_forskning/design_og_kunsthandverk/design_og_kunsthandverk_19052005/nordisk_gullalder/) (lasta ned 23.april 2014)

Norby, Reginald: Arne Sunde, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Arne\\_Sunde](http://nbl.snl.no/Arne_Sunde) (lasta ned 24. mars 2014)

NTBtekst 10.03.1995, "Erik Dons 80 år 2. april", <http://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=055013199503101417&serviceId=2>, (lasta ned 2. april 2014)

Nye, Joseph (2004) *Soft power: the means to success in world politics*, (New York: Public Affairs),

Pedersen, Morten Eide: Klaus Egge, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Klaus\\_Egge](http://nbl.snl.no/Klaus_Egge) (lasta ned 24. mars 2014)

Pharo, Helge Øystein (2005) Den norske fredstradisjonen – et forskningsprosjekt, *Historisk tidsskrift* 2/2005

Rieber-Mohn, Georg F.: Andreas Cappelen, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Andreas\\_Cappelen](http://nbl.snl.no/Andreas_Cappelen) (lasta ned 2. april 2014)

Rostgaard, Marianne (2011) Dansk kulturdiplomati ovenfor Østblokken ca. 1960-1972, *Dansk Historisk tidsskrift*, Vol. 111, Nr. 2, 2011, s. 479-508.

Rowe, Lars (2005) Et propagandistisk alternativ til diplomati sovjetisk utenrikspolitikk og Fredsfronten i Norge, *Historisk tidsskrift nr2/2005*

Sanna Sarromaa (2011) *Det nye og den unge norske kvinnen*, (doktoravhandling, Karlstad University Studies), <http://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:402921/FULLTEXT01.pdf> (lasta ned 4.april 2014)

Sataøen, Hogne Lerøy (2011) *Frå folkeopplysning til omdømmehandtering? Om institusjonalisering og profesjonalisering av informasjons- og kommunikasjonsarbeid i norske sjukehus*, (Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.) Universitetet i Bergen)

Schive, Jens m.fl (1939) *Med Kronsprinsparet – for Norge!* (Oslo: Aschehoug)

Sejersted, Francis (1961) *Moscow Diary*, (London: Ampersand)

Sintef, Historie <http://www.sintef.no/Om-oss/Historie/> (lasta ned 25.mars 2014)

Store norske leksikon: Erling Steen [http://snl.no/Erling Steen](http://snl.no/Erling_Steen) (lasta ned 24. mars 2014)

Store norske leksikon: Kunst på arbeidsplassen  
[http://snl.no/Kunst\\_p%C3%A5\\_Arbeidsplassen](http://snl.no/Kunst_p%C3%A5_Arbeidsplassen) (lasta ned 7. april 2014)

Svenbalrud, Hallvard Kvale (2012), *Foundation and Ornament. The United Nations as 'Cornerstone of Norwegian Foreign Policy', 1970-2005* (doktoravhandling i historie, Universitetet i Oslo).

Sverdrup, Jakob (1996), *Inn i storpolitikken. 1940-1949, Norsk utenrikspolitikks historie. Vol. 4* (Oslo: Universitetsforlaget).

Tamnes, Rolf (1997), *Oljealder 1965-1995, Norsk utenrikspolitikks historie. Vol. 6* (Oslo: Universitetsforlaget).

Thordarson, Fridrik: Hans Vogt, *Norsk biografisk leksikon* [http://nbl.snl.no/Hans\\_Vogt](http://nbl.snl.no/Hans_Vogt) (lasta ned 24. mars 2014)

Thue, Fredrik W. (2005), *In Quest of a Democratic Social Order. The Americanization of Norwegian Scholarship 1918-1970* (Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.), Universitetet i Oslo).

Tjeldvoll, Arild: Pedagogikk, *Norsk biografisk leksikon* <http://snl.no/pedagogikk> (lasta ned 14.april 2014)

Traclò, Francesca et.al *Gli Istituti Italiani di Cultura per la promozione del Brand Italia. Un nuovo modello di relazioni per promuovere il sistema-Paese*, Rapport, [http://www.fondazioneroselli.it/DocumentFolder/Rapporto\\_IIC\\_Fondazione\\_Rosselli\\_def.pdf](http://www.fondazioneroselli.it/DocumentFolder/Rapporto_IIC_Fondazione_Rosselli_def.pdf) (nedlasta 20.mars 2014)

Treccani.it: 9. *ISTITUTO NAZIONALE DI CULTURA FASCISTA*  
[http://www.treccani.it/enciclopedia/fascismo\\_res-597f3c63-8b74-11dc-8e9d-0016357eee51\\_\(Enciclopedia-Italiana\)/-istitutonazionalediculturafascista-1](http://www.treccani.it/enciclopedia/fascismo_res-597f3c63-8b74-11dc-8e9d-0016357eee51_(Enciclopedia-Italiana)/-istitutonazionalediculturafascista-1) (nedlasta 20.mars 2014)

Walløe, Lars: Otto Lous Mohr, *Norsk biografisk leksikon*  
[http://nbl.snl.no/Otto\\_Lous\\_Mohr](http://nbl.snl.no/Otto_Lous_Mohr) (lasta ned 24. mars 2014)

## Kjelder

### Trykte kjelder

Aars, Ferdinand, *Norwegian arts and Crafts, Industrial Design* (Dreyers Forlag: Oslo, 1957).

Askeland (1954) *Norwegian painting – an introduction*, (The Royal Ministry og Foreign Affairs, Office of Cultural Relations, Oslo)

Foreign Office 1954: *Survey of Anglo-Norwegian Cultural Relations*, London: Her Majesty's Stationary Office,

Knudsen, Ole (1958) *Norway*, Committee for Norwegian participation in the Brussels universal exhibition (*Brysselheftet*)

Knudsen, Ole (1961), *Norway. An introduction to the main branches of the Norwegian economy* (The Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs, Office of Cultural Relations, Oslo).

Knudsen, Ole (1972) *Norway at work: a survey of the principal branches of the economy*, Oslo: Tanum

Omdømmeutvalgets sluttrapport (2005) *Nyskapende i samspill med naturen*, Oslo



Seip, Ellen Bonnevie (1960) *Facts about women in Norway*, Oslo : Norwegian Joint Committee on International Social Policy

Semmingsen, Øyvind (1957) *The Norwegian rural cinema*, Oslo : The Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs, Office of Cultural Relations

The Norwegian office for Cultural Relations, *Riksteateret. The Norwegian state travelling theatre* (Oslo, 1957)

Østvedt, Arne, *Music and musicians in Norway today* (The Office for Cultural Relations: Oslo, 1961).

Wiley, George M. (1954) *The organisation and administration of the educational system of Norway*, (Oslo : Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs (Office of Cultural Relations) and the Royal Norwegian Ministry of Church and Education)

Wold, Ragnar (1948) *Facts about Norway: an Aftenposten publication* (Oslo: Schibsted) og (1958) *Facts about Norway* Oslo

## Utanriksdepartementet sitt arkiv

UD-arkiv I.A.II. Administrasjon, komité til opprettelse av kulturkontoret

UD-arkiv, 1.A.14 Administrasjon, Opplysninger om Kontoret I,

UD 1.A.15 Administrasjon, Foredrag av kontorets personale (ikke kulturuts.)

UD-arkiv 55.B.14 Publikasjonsvirksomhet, litt. Facts about Norway

UD-arkiv 55.B.21 Publikasjonsvirksomhet, Norsk næringsliv

UD-arkiv 55.B.80 Publikasjonsvirksomhet, 1969 Study-kit om norsk kunst

UD-arkiv 56.C.10 Billedtjeneste og filmstrips, lysbilder, diverse.

UD-arkiv 57.C.30 Film Sovjetunionen

## Riksarkivet

RA/S-2916/D/L0583/0001, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, NAVF, Fellessekretariatet

RA/S-4102/D/Df/L0028/0003, Utenriksdepartementet, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, Universitetsbiblioteket

Riksarkivet S-1021/E/Ee/Eee/L0491/0005, Institutt for kulturelt samkvem med utlandet. Kontoret for studier i utlandet, Kirke- og undervisningsdepartementet, 1. skolekontor D

RA/PA-0794/Fd/Fdk/L0099/0002 8110 Korr. med Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, Norsk studentunion, NSU

RA/S-1032/0/D/Da/L0004/0001 B2.4, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1949-1958, Kirke- og undervisningsdepartementet, Statens ungdoms- og idrettskontor I (1949-)

Riksarkivet S-1024/D/Dc/L0001/0005, Utenriksdepartementet: Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, komiteen til utredning av norsk opplysningvirksomhet i utlandet m.m. Kirke- og undervisningsdepartementet, 4. skolekontor

RA/S-2701/2/D/Dd/Ddb/L0077/0002, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet og andre norske etaters stipendiatvirksomhet, Utenriksstasjonene, Indiafondet, Kerala prosjektet

RA/S-2868/E/L0075/0004 Det norske institutt for kulturelt samkvem med utlandet, Universitetet i Oslo, Kollegiet

## Stortingsforhandlinger

Stortingsproposisjon nr.1 1950: *Statsbudsjettet for budsjetterminen 1950-1951*, Utenriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål. Kap. 117, Norsk institutt for kulturelt samkvem med utlandet

Stortingsproposisjon nr.1 1950 *Utenriksdepartementet, utenriksrepresentasjonen og andre utenriksformål*, Vedlegg I,

Budsjettinnstilling S. Nr.18, kap. 117, 1950 *Tilråding frå utanriks- og konstitusjonsnemnda om Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet*

Instilling S. Nr.17 1967-68, Instilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet

Stortingsmelding nr. 97, 1954, *Oversikt over det kulturele samkvem mellom Norge og Det forente kongerike Storbritannia og Nord-Irland*

Stortingsmelding nr. 78, 1956, *Beretning om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1. juli 1950 -30. juli 1956 .*

Stortingsmelding nr. 37 1959 *Statens rasjonaliseringsdirektorats virksomhet i kalenderåret 1958*

Stortingsmelding nr. 63, 1960-61 *Om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1. juli 1956 – 31. desember 1960*

Stortingsmelding nr. 77, 1966-67 *Om virksomheten ved Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1. januar 1961 – 31. desember 1966*

Stortingsmelding 12, 1970-71, *Instilling fra Utvalget til gjennomgåelse av Utenrikstjenesten*

Stortingsmelding nr. 13 (1987-88) *Om Norges offisielle kultursamarbeid med utlandet*

Stortingsmelding nr. 74, 1972-73 *Opplysningsarbeid om Norge i utlandet*

Stortingstidende 10. mai (1950) *Forhandlinger i Stortinget nr. 116 og 117 s. 921-933*

Stortingstidende (1954) s. 1119,

Stortingstidende 7. feb. (1957) *Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet 1950-56, s.392*

Stortingstidende (1967), *Forhandlinger i Stortinget nr. 89 s. 703-710.*

# Abstract

This thesis sets out to explore the establishment of a Norwegian institution for promoting Norwegian culture and society abroad and managing Norway's cultural relations with the outside world. The contextual backdrop was the conclusion of two world wars succeeded by a "cold war" between two antagonistic superpowers. Under these circumstances there existed a perception that more knowledge about each other could lead to increased understanding and trust between countries.

The thesis shows that the motivation for establishing this institution, among other things was based on the notion that Norway had special prerequisites that made the country suitable for creating trust and understanding between peoples. The project also examines how the work for cultural relations with other countries played out and how it was to be organized. From visions of an institute partly funded by the private sector, Norway in 1950 ended up with a government office: *The Office for Cultural Relations Abroad*. This office and its activities are central to the whole project. The thesis thus identifies how this office operated and what its intentions were. An important part of the activity was to manage international and bilateral cultural agreements with countries both east and west of the Iron Curtain. In addition the office conducted information work abroad through various publications about Norway. The paper elaborates on both.

The thesis discusses further which images of Norway the office wanted to convey to the outside world through these publications. Representations of a natural given democracy and a unification of the traditional and modern Norway are central in this analysis. Finally, the thesis shows how the office was reorganized in on the thresholds to the 1970s and the implications of this. The thesis shows that the development in the activities of this office was quite typical. From emphasizing cultural relationships for building trust between states from the 1950s on, a gradual shift took place from the mid 1960s towards more strategic information efforts about Norway on the basis of trade policy design.